



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 18.04.2017
Tid: 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 54/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 55/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 66/17	Opningstider på servicekontoret
PS 56/17	Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene. Planform. avtale med Statens Vegvesen om utarbeiding av områdereguleringsplan.
PS 57/17	Planid 2011009 - Reguleringsplan turveg Rotevatnet - handsaming etter nytt offentleg ettersyn
PS 58/17	Rasteplassar langs riksvegar i Volda
PS 59/17	Hjartåbygda skyttarlag - tilskot til bygging av veg og parkeringsplass
PS 60/17	Breiband/fiber Volda – Grodås
PS 61/17	Utfordringar knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader
PS 62/17	Vurdering av takst i høve matpengar ved Hamna dagsenter
PS 63/17	Månadsrapport februar 2017
PS 64/17	Finansrapport 2016 (passiva)
PS 65/17	Årsmelding og skatterekneskap for 2016
PS 66/17	Campusutvikling - Ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino
PS 67/17	Satsning på strandryddedag i Volda kommune 2017
PS 68/17	Orienteringssaker
OS 67/17	Mørenett - Samlokalisering av Tussatun og Dragsund - Sluttrapport dat. 17.03.17



VOLDA KOMMUNE

- OS 68/17 **Orientering om løyve - ny 40 MVA transformator i Volda transformatorstasjon – Mørenett**
- OS 69/17 **Avgjerd om talet på geografiske driftseiningar i Møre og Romsdal politidistrikt - brev frå justis- og beredskapsdepartementet**
- OS 70/17 **Oppsummering og presentasjonar frå felles arbeidssamling politiske og administrative leiarar 27. mars**

PS 54/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 55/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 66/17 Opningstider på servicekontoret



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/11

Arkivkode: 2016001

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

56/17

Formannskapet

18.04.2017

PLANID 2016001 - REGULERINGSPLAN E39 VOLDA - FURENE. PLANFORM. AVTALE MED STATENS VEGVESEN OM UTARBEIDING AV OMRÅDEREGULERINGSPLAN.

Administrasjonen si tilråding:

Volda Kommune har ikkje merknad til planarbeidet for E39 Volda -Furene med arealbruk for tilgrensande areal i Volda sentrum og i Furene-området, jf. varsla planområde, vert fremja som områdereguleringsplan i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-2, JF. §3-7.

Detaljreguleringsplan for veganlegget E39 Volda -Furene og tilhøyrande infrastrukturiltak for omlegging av lokalveggar og mellombels arealbruk i anleggsfase skal inngå som del av planinnhald og planprosess.

Vedleggsliste:

Kommunedelplan E39-Volda Furene

Varsla planområde detaljreguleringsplan

Saksopplysningar/fakta:

Statens vegvesen har i samråd med kommunen starta opp arbeid med reguleringsplan for E39 Volda-Furene, i samsvar med godkjent kommunedelplan for området.

Varsel om oppstart av reguleringsplan ved brev og kunngjering den 05.04.2016.

Planområdet på E39 strekkjer seg frå krysset til Stadionvegen i sør via Sjukehusvegen til rundkøyring i Furene i nord. I Volda har ein i tillegg teke inn tilstrekkjeleg sideareal til å sikre heilskaplege løysingar for lokalvegnett og gang- og sykkelveggar. I Furene er planavgrensinga som i kommunedelplan.

Mål med planarbeidet er å skaffe formelt plangrunnlag for å etablere ny E39 med tunnel på strekninga.

Planarbeidet vart starta opp og varsla som detaljreguleringsplan etter reglane i PBL §12-3 og § 3-7.

Når ein no er komne langt i prosessen ser ein at det vert svært omfattande og u-hensiktsmessig å skulle utarbeide detaljreguleringsplan for alt areal innanfor varsla plangrenser.

Utanom dei aktuelle infrastrukturtiltak tilhøyrande E39 og tilstøytande lokalvegnett som må leggast om i samband med dette, vil det for dei tilstøytande utbyggingsområda i plan vere langt meir hensiktsmessig å fremje plan som områdeplan enn som detaljregulering. Desse flateregulerte områda vil då få etterfylgjande krav om detaljregulering for utbyggingstiltak i dei einstilte områda.

I plan og bygningslova heiter det m.a.:

"Reguleringsplan kan utarbeides som områderegulering, jf. § 12-2, eller detaljregulering, jf. § 12-3. Reguleringsplan kan utarbeides i sammenheng med kommuneplanens arealdel eller som egen planprosess.

§ 12-2. Områderegulering

Områderegulering brukes av kommunen der det er krav om slik plan i kommuneplanens arealdel, eller kommunen finner at det er behov for å gi mer detaljerte områdevisse avklaringer av arealbruken. Områderegulering utarbeides av kommunen. Kommunen kan likevel overlate til andre myndigheter og private å utarbeide forslag til områderegulering.

§ 12-3. Detaljregulering

Detaljregulering brukes for å følge opp kommuneplanens arealdel og eventuelt etter krav fastsatt i en vedtatt områderegulering. Detaljregulering kan skje som utfylling eller endring av vedtatt reguleringsplan."

I departementet sin rettleiar for planarbeid heiter det m.a. fylgjande om planform ved utarbeiding av reguleringsplan:

"Områderegulering PBL § 12-2,

Områderegulering er ment å være kommunenes planredskap for mer detaljerte, (enn i kommuneplanen) områdevisse avklaringer av arealbruken. Slike planer skal lages av kommunen der overordnet plan - kommuneplanens arealdel/kommunedelplan - fastlegger at dette skal gjøres, eller der kommunen ut fra situasjonen ser behov for det. Det kan eksempelvis gjelde som ledd i en overordnet kommunal strategi for tilrettelegging for boligbygging og næringsutvikling i bestemte områder.

Områderegulering er en kommunal oppgave hvor kommunen selv i utgangspunktet forestår alle deler av planprosessen.

.....

I mange tilfeller der områdereguleringen er et ledd i klargjøring av områder for utbygging, vil større private aktører være aktive pådrivere for å få utarbeidet områderegulering. Det er derfor anledning til å overlate - helt eller delvis - til de private å stå for det planfaglige arbeidet. Kommunen bestemmer rammene for arbeidet, men det kan legges opp til et samarbeid om utforming av rammene, der kommunen ser seg tjent med innspill fra de private.

Situasjonene der privat utarbeiding av områderegulering kan være aktuelt, er bl.a. følgende:

- *Private aktører finner det hensiktsmessig å inngå et samarbeid med kommunen for å gå avklart plansituasjonen for et større område, som grunnlag for å få fremmet konkrete prosjekt gjennom detaljregulering.*

Det er kommunen som bestemmer om det er aktuelt med slikt samarbeid og vilkårene for det.

- *Større utbyggere ønsker å utarbeide en områderegulering for å avklare hovedstrukturen i et område, før det utarbeides detaljregulering for delområder."*

Plan og bygningslova har tilsvarande heimel for statleg overtaking av planarbeid i § 3-7. Her heiter det:

"Overføring av planforberedelse til statlig eller regional myndighet

Etter nærmere avtale mellom partene kan statlig eller regional myndighet helt eller delvis overta de oppgavene planadministrasjonen i kommunen og regional planmyndighet har med å organisere planarbeidet og utarbeide planforslag.

Oppnås ikke enighet mellom vedkommende myndighet og kommunen eller regional planmyndighet om organisering av planarbeidet, treffer departementet avgjørelsen.

Myndigheter med ansvar for større samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur kan etter samråd med planmyndigheten utarbeide og fremme forslag til arealplan for slike tiltak og beslutte å legge slike planer ut til offentlig ettersyn etter bestemmelsene for vedkommende plantype. Tilsvarende kan departementet i forskrift legge slik myndighet til et statlig utbyggingselskap for veg. Gjeldende kommunale eller regionale planstrategier skal vurderes i forbindelse med planarbeidet."

Plan og bygningslova § 2.8 har også regler som sikrer at områderegulering og detaljregulering kan gå parallelt.

"En detaljregulering kan inngå som en detaljert del av en områderegulering og behandles samtidig.

2.8.2 Samtidig områderegulering og detaljregulering i praksis

Det forekommer ofte at det er hensiktsmessig/ ønskelig å utforme detaljregulering for deler av et større område som områdereguleres, parallelt eller i samme prosess.

For alle parter vil det i et slikt tilfelle være hensiktsmessig å organisere arbeidet koordinert og slik at områdereguleringen og detaljreguleringen av de prosjektene som har utløst behovet for områderegulering, samordnes."

Vurdering og konklusjon:

Kommunen finn ei slik løysing der Statens vegvesen fremjar områdereguleringsplan for heile planområdet, med tilhøyrande detaljreguleringsplan for veganlegget E39 Volda -Furene og tilhøyrande infrastruktur, som ei rasjonell og praktisk god løysing.

Detaljplanlegging av E-39 og dei øvrige infrastrukturiltaka og tilhøyrande arealbruksformål som er relatert til dette utbyggingsprosjektet (masedeponi,riggområde m.v)som skal/må gjennomførast som del av E39-utbygginga, vil då gå parallelt med områdereguleringsplan. Detaljreguleringa av dei ulike nye byggeområda i dei ulike nye kvartala vil så skje gjennom egne detaljreguleringsplanar for desse områda.

Det nære samarbeidet så langt i planprosessen, og forankring i overordna kommunedelplan legg eit godt grunnlag for prosessgjennomføring og arealbruksmessig forankring.

Kommunen kan ikkje sjå at slik endring av planstruktur/plantype gir behov for ny/endra varsling, jf . PBL §12-8.

Rune Sjugard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef


Utskrift av endeleg vedtak:

Statens vegvesen.

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal


Morka&s
Tunellen




Varsel om oppstart

Plangrense for reguleringsplanen E39 Volda - Furene 01.04.2016

Furene

Plangrense 




Varsel om oppstart

Plangrense for reguleringsplanen E39 Volda - Furene 01.04.2016

Volda

Plangrense





TEKNOFORKLARING
Kommunedelplan (PBL §11-7)

- §11-7. Nr. 1 - Bygg og anlegg**
- Framtidig Noverende
- Balstat (AB, AB-F)
 - Forneminger (AF)
 - Offentlig eller tenesteyting (ADF, ADF-F)
 - Idrettsanlegg (AIA)
 - Kombinert bygg- og anleggsformål (AKBA)
- §11-7. Nr. 2 - Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**
- Framtidig Noverende
- Kayveveg (SV, SV-F)
 - Hovedveg - tunnel
 - Hovedveg
- §11-7. Nr. 3 - Grønstruktur**
- Framtidig Noverende
- Grønstruktur (G)
 - Friområde (F)
- §11-7. Nr. 5 - LNF-område**
- Framtidig Noverende
- LNF-område

- Linjer og punkt**
- KjØringsgrense
 - KjØlevingsgrense
 - KjØslingergrense
 - KjØnglØstHensØyGrense
 - KjØlØstomlØstGrense
 - KjØlØstleggGrense
 - Byggingrense
 - TurvegurstrØp
 - Vegkryss
 - Bruport

Kommunedelplan E39 Volda - Furene slik det gØr fram av planomtale og plankart datert 27.11.2014 vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §11-15.

For Administrasjonssjefen
Per HeltnØ, Planleggar
e.f.m.

Kartoppbylgingar: Kilde for bunnkart: FKH Volda HØydepunkt: NGD 1054 Ekvivalens: 1m
Koordinatsystem: UTM sone 12 / Euro99 Papirkvalitet: STP-90 KartstØrrelse: 1:2500

	Kommunedelplan for:	AnslØst ID 1519 201013 Kartproducent: Volda kommune
	E39 Volda - Furene	
	Med tilhØyrande fØresØgner	
Teknikkplan	27.11.14 HB	
Revisjon A	Bil 1. gangs behandling 06.02.12	04.05.12 SWP
B	for 2. gangs behandling	13.09.13 SWP
C	for 3. gangs behandling	13.06.14 SWP
D	for 4. gangs behandling	27.11.14 HUP

SAKSHANDSAMING, PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS. NR.	DATE
Saknummer: arkiv		2012/223	
Kommisjonert av utøvt av planarbeid, offentlig ettersyn planprogram		72/10	19.06.2009
Framstilling av planprogram		18/12	17.06.2010
1. gangs behandling i planutvalget		18/12	06.02.2012
1. gangs offentlig ettersyn		132/14	02.06.14 07.07.2012/15.06.2012
2. gangs behandling i planutvalget			04.06.2014
2. gangs offentlig ettersyn			05.07.2014 # 04.09.2014
3. gangs behandling i planutvalget			
EIGENDOKJENNING KOMMUNESTYRE		153/14	18.12.2014
PLANEN UTARBEIDA AV:		PLANID - TEKN.	SAKSH.
Volda kommune		2010013 - 01A	PH



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Torgeir Stensø

Arkivsak nr.: 2012/151

Arkivkode: 2011009

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
57/17	Formannskapet Kommunestyret	18.04.2017

PLANID 2011009 - REGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET - HANDSAMING ETTER NYTT OFFENTLEG ETTERSYN

Administrasjonen si tilråding:

- 1. I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.*
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr oreigningslova §2 og PBL kap. 16.*

Vedleggsliste:

Plankart datert 30.03.2017
Reguleringsføresegner datert 30.03.2017
Planomtale datert 30.03.2017
Formannskap-sak PS 196/15 den 08.12.2015

Brev frå Volda Golfklubb, datert 30.12.2015
Brev frå Volda Jeger og Sportsfiskarlag, datert 06.01.2016
Brev frå Norges vassdrags- og energidirektorat, datert 14.01.2016
Brev frå Statens vegvesen, datert 14.01.2016
Brev frå stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, datert 18.01.2016
Brev frå Bjørn M Rotevatn, datert 01.02.2016
Brev frå Tormod Utne og Audhild G. Rotevatn, datert 26.01.2016
Brev frå Naturvernforbundet i Volda og Ørsta, datert 03.02.2016
Brev frå Greg. Rotevatn, datert 02.02.2016
Brev frå Landbrukskontoret Ørsta Volda, datert 05.01.2016
Brev frå Paul Robert Rotevatn, datert 04.02.2016
Brev frå Geir K Rotevatn, datert 07.02.2016
Brev frå Friluftsforeninga Volda, datert 07.01.2016

Brev frå Sindre Rotevatn, datert 07.02.2016
Brev frå Monika Heltne Poehlmann-Kairies, datert 07.02.2016
Brev frå Volda og Dalsfjord bondelag, datert 02.02.2016
Brev frå Volda og Ørsta Bonde- og Småbrukarlag, datert 07.02.2016
Brev frå Lene og Roy Inge Heltne, datert 05.02.2016
Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.02.2016
Brev frå Dag Bratteberg, datert 06.02.2016
Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 05.02.2016
Brev frå Eldrerådet, datert 16.02.2016

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Volda sentrum 18.06.2009
Naturfaglig vurdering 29.05.2012
Rapport arkeologisk registrering 21.06.2012
Tettstadsanalyse for Volda sentrum 10.04.2007

Samandrag av saka:

I brev til kommunen datert 02.09.2015 har fylkesmannen gitt melding om at kommunestyret sitt vedtak i sak om godkjenning av reguleringsplan for turveg Rotevatnet, vert oppheva. Fylkesmannen si grunngjeving for dette er ei fastsett ugyldig reguleringsføresegn knytt til oppføring av naust. Opphevinga vart gjort som følgje av klagesakshandsaming på kommunestyrevedtaket.

Etter nytt offentleg ettersyn er det no utarbeidd eit revidert planframlegg der m.a. reguleringsføresegnene er endra for det som gjeld vilkår for etablering av naust i friluftsområde.

Saksopplysningar:

Som følgje av klage frå partar knytt til Volda kommune sitt arbeid med reguleringsplan for turveg på nord- og austsida av Rotevatnet oppheva fylkesmannen kommunestyret sitt plangodkjenningsvedtak den 19.06.2014. Kommunestyret sitt vedtak er oppheva med følgjande grunngjeving:

"Som nemnt ovanfor finn fylkesmannen å måtte oppheve kommunen sitt reguleringsvedtak, på bakgrunn av at det er fastsett ei ugyldig reguleringsføresegn knytt til oppføring av naust, og ein finn difor ikkje grunn til å gå inn på ei nærare vurdering av dei momenta som elles er teke opp i klagen."

Det er utarbeidd ny og revidert plan som formannskapet i sak PS 196/15 den 08.12.2015 vedtok å legge ut til offentleg ettersyn - med høyringsfrist 08.02.2016.

Endringane som er gjort i planen etter offentleg ettersyn er følgjande:

- Reguleringsføresegnene er endra ved at vilkåret om at kvart av bruka som har rettar i vatnet kan føre opp 1 naust er teke ut. I staden er det lagt inn ei retningsline som gjeld naustbygging i området der eventuell slike etableringar skal skje på grunnlag av dispensasjonssøknad.

- I retningslinene for eventuelle naustetableringar er teksten endra for det som gjeld krav til utforming slik at dei skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk, med tradisjonell trekledning og torvtekte tak. Eventuelt kan også skifer/bølgjeblikk nyttast.
- Det skal innhentast naturfagleg rådgjeving under anlegg av turveg ved bekk- og elvekryssingar (§3.1.2.1.d)
- Turvegen skal kunne kryssast med landbruksmaskiner av den som eig eller har bruksrett i området mellom vegen og vatnet (§3.1.2.1.g).
- Det kan oppsettast gjerde/led mellom turvegen og eventuelle beiteområde på oppsida av turvegen. (§3.1.2.1.k)
- Turvegtrasèen er flytta nokre meter i retning vekk frå vatnet i området nord for Bukta slik det er tilrådd frå fleire av høyringspartane.
- Moldholer skal omsyntakast i størst mogleg grad (§3.1.2.1.l)
- Nytt punkt i reguleringsføresegnene med generelle vilkår knytt til tilhøvet mellom naturmangfaldslova og kulturminnelova for det som gjeld gjennomføring av plan. (§2.5)
- Eksisterande drengrofter skal sikrast (§3.1.2.1.m)

Det er motteke i alt 22 merknadar til framlegget og desse er vurdert og kommentert i saksutgreiinga.

Innspel etter 3. gongs offentleg ettersyn:

Volda Golfklubb, brev datert 30.12.2015

Volda Golfklubb har stadig aukande aktivitet og nivået på spelarane blir betre og betre. Dette betyr at mange etter kvart slår langt. Ein golfball i full fart, dvs over 200 km/t, er livsfarleg. Vi ser tydeleg nå at det vil vere nødvendig med fysiske hindringar som gjerde e.l. slik at turgåarar, t.d. barn, ikkje kan stikke inn på bana og drivingrangen.

Kommentar:

Merknaden er kommentert i planomtalen (pkt 4.14).

Volda Jeger og Sportsfiskarlag, brev datert 06.01.2016

Øyravassdraget er eit vassdrag med anadrom fisk som Volda Jeger og Sportsfiskarlag har kultivert i lang tid. Ved opparbeiding av tursti rundt vatnet med kryssing av elvar og bekker, må ein ikkje hindre fiske i å gå opp i sideelvane for å gyte. Spesielt må ein ta omsyn ved legging av rør/ kulvert under turvegen, slik at desse ikkje vert fiskesperrar (unngå nivåforskjell i høve vatnet). Spesielt sjøauren kan gyte i forholdsvis små bekkar.

Kommentar:

Merknaden er imøtekome i planforslaget og vilkår som omhandlar dette er nedfelt i reguleringsføresegnene (§ 3.2.1.d).

Årneset friluftsområde er populært. Mange nyttar parkeringsplassen der som utgangspunkt - også for turar langs vatnet. Behovet for parkeringsplassar vil truleg auke ved ei realisering av ein turveg også på nordsida av vatnet. Ofte er

parkeringsplassen i dag for liten. Ein bør difor ta høgde for ei mogleg utviding av parkeringsplassen nordover på Gnr 20 bnr 1.

Kommentar:

Framlegget om utviding av parkeringsplassen ved Årneset er registrert. Sidan det aktuelle området ikkje ligg innanfor planområdet for turvegen er det ikkje naturleg å gjere konkrete grep i samband med denne planprosessen.

Norges vassdrags- og energidirektorat, brev datert 14.01.2016

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Statens vegvesen, brev datert 14.01.2016

Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknad til at reguleringsplanen vert stadfesta.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, brev datert 18.01.2016

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved planlagd tursti ved Rotevatn i Volda kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Bjørn M Rotevatn, brev datert 01.02.2016

Ber Volda kommune innhente stadfesting frå Miljøfaglig utredning på at deira rapport framleis er korrekt med slik skildring av tiltaket - regulert vegområde på 6 meter inkl. grøfter, med muligheter for belysning.

Kommentar:

Ein viser til e-postkorrespondanse mellom Volda kommune og Miljøfaglig Utredning AS v/ Geir Gaarder den 15 og 16 oktober 2015, orientert om i planomtalen (pkt 2.4).

Rapporten frå Miljøfaglig utredning er ikkje dekkande sidan han er laga på uklare premiss og har manglar i høve kunnskapsgrunnlaget (§8 i naturmangfaldslova)

Kommentar:

Ein viser til same e-postkorrespondanse mellom Volda kommune og Miljøfaglig Utredning AS. Utifrå rådmannen si vurdering har premissane for utgreiingsoppdraget vore tydeleg klargjort for konsulenten om at det konkrete omfanget av planlagde tiltak var etablering av turveg med maks breidde 3,0 m. Dette vert bekrefta i e-post frå Miljøfaglig Utredning AS til kommunen.

I saksutgreiinga er det ikkje vurdert konkret i kva grad avgjerda faktisk medfører at naturmangfaldet vert påverka, jfr naturmangfaldslova §7 .

Kommentar:

§ 7 i naturmangfaldslova er fylgt opp ved at prinsipp i §§ 8-12 er lagt til grunn for planarbeidet.

Planframlegget følgjer ikkje råd frå miljørapporten vedrørande plassering av turvegen i høve avstand frå vatnet.

Kommentar:

Det endelege planframlegget imøtekjem rapporten ved at turvegtrasèen er flytta vekk frå vatnet i området Bukta. Dette er nærare kommentert i planomtalen (pkt. 4.7)

Sakshandsamar oppsummerer ikkje korleis han vurderer at naturmangfaldet vert påverka sidan råda ikkje vert følgde, så vi må då gå ut frå middels negativ verknad.

Kommentar:

Det vert vist til natur- og miljørapporten der desse verknadane er gjort greie for. Følgjande tilrådde avbøtande tiltak i hht rapporten er teken inn i planen:

- Turvegtrasèen er flytta slik at han i eit område ved Bukta no vert liggande lenger vekk frå vatnet enn opphaveleg.
- Det er sett krav om eigne metodar for kryssing av elvar og bekkar for å sikre at fisken kan gå uhindra gjennom kryssingspunkta og slik at slamavrenning til vatnet vert minimalisert. (reguleringsføresegnene §3.2.1.d)
- Det er sett krav om at det skal takast særleg omsyn under anleggsarbeid ved froskedammar i området Vassbotnen. (reguleringsføresegnene §3.1)

Ved å gjere desse tiltaka vert omfanget av dei tiltaka som reguleringsplanen legg til rette for vurdert som lite/inkje negativ, jfr natur- og miljørapporten pkt 3.2

Ein finn det naturleg i denne samanheng å kommentere at det er etablert tilkomstveg og parkeringsplass og eit relativt stort hestesportsanlegg 40 -70 m unna strandkanten i Bukta. Undervegs i etableringa av hestesportsanlegget - som er privat - vil det kunne hevdast at natur- og miljøomsyn mangla tilsvarande fokus frå partane slik det frå deira side no er vektlagt i innspel til turvegplanen, sjølv om dei fysiske inngrepa og aktiviteten i nærområdet til Bukta er relativt store også sett i høve den planlagde turvegen.

Oteren er også raudlista, og Miljøfaglig utredning AS har unnlatt å sette denne på artslista. Vi reknar med dette kan ha samanheng med at det berre er bestilt ei vurdering av fuglelivet – såleis ei mangelfull bestilling.

Kommentar:

Tilhøvet til oteren er vurdert i «Naturfaglig vurdering» eg er elles kommentert i planomtalen (pkt 2.4).

Føre-var-prinsippet i Nml §9 er sentralt i denne saka. Forvaltninga har plikt til å reagere og gjere nødvendige grep når det er risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Forvaltninga har også ei handlingsplikt der ein art eller naturtype går sterkt tilbake. I slike tilfeller må forvaltninga vurdere kva som skal gjerast for å unngå irreversibel skade på arten eller naturtypen. Dette er etter vår vurdering ikkje utført i handsaminga av turvegen.

Kommentar:

Kartlegginga som kommunen har fått gjennomført viser at det i dette høvet ikkje er fare for at sårbare artar/naturtypar vil gå tilbake.

Det er elles gjort ei tilføyning av eige punkt i reguleringsføresegnene (§2.5) der tiltakshavar pliktar å stanse arbeidet og å gje melding til overordna mynde dersom det under arbeid med gjennomføring av reguleringsplanen vert gjort funn som krev vurdering etter naturmangfaldslova eller kulturminnelova.

I denne saka er det altså 10 raudlista artar i området, og likevel vurderer ein at intensjonen med turvegen er viktigare enn naturmangfaldet. I denne saka har også kommunen fått motstridande faglege råd, men valt å ikkje ta omsyn til Norsk Ornitologisk Forening i førre handsaming av saka. Dette er også kommentert av Fylkesmannen. I slike situasjonar vil det vere naturleg å tillegge føre-varprinsippet i §9 meir vekt i saka, jfr rettleiaren frå Miljøverndepartementet.

Kommentar:

Kommunen festar lit til rapporten frå Miljøfaglig Utredning AS som er utarbeidd på grunnlag av registreringar gjort av kvalifisert ekspertise. Volda kommune vart tilrådd av fagorgan på fylkesnivå å nytte Miljøfaglig Utredning AS til dette oppdraget fordi dei hadde gode erfaringar med firmaet.

Rapporten konkluderer med at ei utbygging vurderast som **middels negativ** dersom han vert gjennomført slik planen var utforma på tidspunktet for rapportarbeidet. Om avbøtande tiltak vert følgd opp, blir vurdering for omfang og verknad **lite/inkje** negativ. På bakgrunn av dei avbøtande tiltaka som er gjort i planen og i reguleringsføresegnene, vil omfang og verknad vere **lite/inkje** negativ.

Ein støttar seg elles på innspel frå Norges naturvernforbund som finn rapporten grundig og dekkjande.

Vi saknar framleis ei vurdering av alternativ vegtrasé i planframlegget.

Kommentar:

Vurdering av alternative trasèar er kommentert i planomtalen (pkt 4.19).

Vegen vil i stor grad hindre framtidig landbruksdrift på dei 16 bruka langs vatnet. Dette er alvorleg, men tydelegvis ikkje viktig så lenge ein får realisert vegen. Nokre aktuelle problemstillingar som ikkje er drøfta er: Drikkevatt til dyra som nyttar Rotevatnet til vasskjelde, gjerdehald, grunder, vedlikehald av drenggrøfter og bandtvang. Vi forventar gode løysingsforslag til desse utfordringane.

Kommentar:

Vasskjelde for dyra, gjerdehald, grunder er kommentert i planomtalen (pkt 4.17 og 4.18). Vedlikehald av drenggrøfter vil måtte løysast konkret på dei stadane dette er aktuelt. Dersom det er drenggrøfter frå eigedomane som kjem i berøring med turveganlegget, vil sjølvstøtt kostnadar med omlegging/tilpassing av eventuelle kryssingspunkt måtte dekkast av utbyggjar.

Det er også fleire moldholer i området som etter kva vi forstår er automatisk freda kulturminner. Dette er ikkje særskilt belyst i omtalen anna enn «Teke til vitande». På Rotevatn er det dyrkingsspor allereie frå før-romersk tid (tidfesta ved utgraving både ved Botnavegen og ved bygging på Åbakken, ved kjemperøysa). Det er ikkje tatt omsyn til dette i planen.

Kommentar:

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført arkeologisk registrering innanfor planområdet. I brev frå fylkeskonservatoren datert 18.06.2013 vert det orientert om funn av eit førhistorisk dyrkingsslag – ID 169638. Registreringa er lagt inn i plankartet, men er frigjeve utan vilkår om vidare undersøking. Ut over dette avdekkjer registreringa ingen bevis på freda kulturminne innanfor planområdet.

Ein heil del nyare tids kulturminne vart identifisert under registreringa. Dei er ikkje freda men har likevel verdi som kulturarv og vil vere viktig å ivareta i samband med tilretteleggingstiltaka som reguleringsplanen opnar for. Dette gjeld også moldholene i området. Omsyn til desse er sett som vilkår i reguleringsføresegnene (§3.2.1.1).

Basert på tidlegare gjeldande forskrift såg ikkje Fylkesmannen eit direkte krav om konsekvensutgreiing, men han påpeika tydleg forvaltninga sitt sjølvstendige ansvar. No er tidlegare vedtak oppheva, og saka vert handsama på nytt. Vi går då ut frå at det er forskrift om konsekvensutgreiing gjeldande frå 1. januar 2015 som skal nyttast i desse vurderingane ved ny handsaming. Vi ber på nytt om vurdering av konsekvensutgreiing i saka.

Kommentar:

Ein viser til at det ikkje ligg føre plikt til konsekvensutgreiing av planen. Dette er stadfest i brev frå fylkesmannen datert 02.09.2015.

Det vert lagt opp til vedtak utan at ein kjenner kostnadsramma for prosjektet. Vi ber dei folkevalde reflektere over kva framtidige kostnader vedtaket medfører. Slik berekning vert også levert i uttale frå annan part i saka.

Kommentar:

Dei økonomiske konsekvensane av planen er vurdert og kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

Tormod Utne og Audhild G. Rotevatn, brev datert 26.01.2016

Miljørapporten er laga på feil premiss, då tiltaket som skulle miljøvurderast sitt omfang ikkje vart opplyst (Miljøfaglig Utredning AS har utgreidd "sti", ikkje seks meter breitt veganlegg med gateløys).

Kommentar:

Viser til vurdering av merknad frå Bjørn M Rotevatn. Merknaden er elles kommentert i planomtalen (pkt 2.4 og 4.7).

Det er kritiske mangler i sjølve naturutgreiinga, som gjer at tiltaket er i konflikt med kravet til kunnskapsgrunnlag etter NML Kap. II, § 8. Raudlista artar (virveldyr) har fast tilhald i våtmarksområdet på nordsida av vatnet og i vassdraga som vert kryssa av veganlegget, men dei er unndrege artslista i miljørapporten. . . . Om mangelen ikkje blir retta på kan det utløyse klagehandsaming hos Fylkesmannen, Sivilombodsmannen og dei delar av rettssystemet som ivaretek brot på miljølovar. Det er i NML lovfesta førevar-prinsipp som betyr at bevisbyrden for miljøforsvarlegheit ligg på den som vil gjere naturinngrepet. Når det manglar vesentleg kunnskap kan ikkje inngrepet bli tillate.

Kommentar:

Dersom det med "raudlista artar (virveldyr)" meinast oter (*Lutra lutra*), er denne registrert /kommentert i miljørapporten og elles i planomtalen (pkt 2.4 og 4.7).

Då sakshandsamar tinga rapporten, fekk konsulentane beskjed om "å fokusere på fuglelivet" (16.03.12). Også her har sakshandsamar lagt premiss for utgreiinga som gjer at rapporten inneheld alvorlege feil: truga dyreartar (VU) er definert vekk og blir ikkje sikra vern etter Bernkonvensjonen sine krav. A aktivt sjå bort ifrå dokumentasjon om dette, er særst alvorleg.

Kommentar:

Rapporten som kommunen har fått utarbeidd som kunnskapsgrunnlag for reguleringsplanarbeidet omfattar alle typar naturverdiar i området og dekkjer såleis både flora og fauna. I kommunikasjonen med Naturfaglig Utredning AS den 16.03.2012 er det frå kommunen si side sett fram eit ønskje om å ha fokus på fuglelivet i området, men det er samstundes presisert at også andre sider ved det biologiske mangfaldet ønskjast registrert. Slik rapporten og registreringa knytt til denne er gjennomført vil det kunne seiast at ingen truga artar i området er utelatne frå vurdering.

Styr unna automatisk freda kulturminne: På Rotevatn er det stadfesta dyrking av jord tilbake til førromersk tid (410-380 f.Kr), vi ber om at traseen vert styrt utanom dei hittil ikkje undersøkte moldholene aust for Rotevasselva (eldgamal teknikk for å utvide vekstsesong, inn mot "Den vesle istid" i mellomalderen). Desse er med all sannsynlegheit eldre enn frå 1537 og automatisk freda etter Kulturminneloven Kap II, § 4.c.

Kommentar:

Moldholene er i omtalt i arkeologirapporten utarbeidd av fylkeskommunen og er oppgitt å vere i bruk fram til ca 1940, men rapporten identifiserer ikkje desse som automatisk freda i hht kulturminnelova. Objekta er likevel interessante og har stor verdi som kulturarv som det under arbeid med turvegen vil vere naturleg å ta størst mogleg omsyn til. Eiga føresegn som omhandlar dette momentet er teke inn i reguleringsføresegnene (§3.2.1.1)

Naturvernforbundet i Volda og Ørsta, brev datert 03.02.2016

Etter vårt syn vil den store verdien turvegen vil få for friluftsliv og folkehelse, vege tyngre enn belastninga den vil få på natur og kulturlandskap.

Kommentar:

Ein er samd i Naturvernforbundet si vurdering.

I dei naturfaglege vurderingane støttar vi rapporten frå Miljøfagleg Utredning AS frå 2012. Den finn vi grundig og dekkjande.

Kommentar:

Ein tek til vitande at Naturvernforbundet anerkjenner rapporten som er utarbeidd av Miljøfaglig Utredning AS.

Vi vil og støtte opp om dei avbøtande og kompenserande tiltaka i rapporten , og tek ikkje dei opp att her. Men vi vil legge vekt på forslaget om å trekke vegen lengre vekk frå vatnet ved Bukta. Omsynet til fuglelivet i Bukta bør gjere det mogleg å vurdere ei vegline i oppkant av ridebana.

Kommentar:

Planframlegget er justert slik at ein imøtekjem dei avbøtande tiltaka som rapporten gjer framlegg om.

Vi vil sterkt gå imot lyssetjing av turvegen. Kunstig lys vil hemme naturmøtet i vandringa rundt Rotevatnet. Skumring, stjernehimmlen og måneskin kan lett forsvinne der det er kunstig belysning.

Kommentar:

Kommentert i planomtalen (pkt 4.15).

Det må komme fysiske hinder for motorisert ferdsel, og turvegen må i bredde og utforming få omlag same standard som turvegen mellom Årneset og Volda stadion.

Kommentar:

Motorferdsel er kommentert i planomtalen (pkt 3.2.1.g).

Det er i planframlegget lagt opp til ei maksimal vegbreidde på 3,0 m. Det vil vere naturleg å dimensjonere vegen med noko større breidde enn slik det er gjort mellom Årneset og Volda stadion. Altså ein stad mellom 2 og 3 m.

Greg. Rotevatn, brev datert 02.02.2016

Korleis kan ein gangveg på nordsida av Rotevatnet «harmonere» med måla og retningslinene I kommuneplanen?

Kommentar:

I kommunedelplanen for Volda sentrum vedteken i sak 15/10 den 04.02.2010 seiast det følgjande om utvikling av området for det som gjeld om turvegelementet spesielt:

- ”Rotevatnet er både hjartet i det store løypenettsystemet og i seg sjølv attraktivt for m.a gåing, sykling, jogging og bading. Dette vil vere ein sær viktig del av utviklinga når det gjeld grønstrukturen i tettstaden Volda. Derfor ser vi det som svært viktig å få på plass ein offentleg turveg langs nord- og austsida av Rotevatnet slik at ein får ei samanhengande rundløype rundt vatnet.” (pkt 7 s 32)

Gjerdeplikt.

Dersom turvegen vert bygd, vil han skjere over alle bytelinene mellom gardsbruka og opne opp heile landskapet for beitedyr.

Kommentar:

Gjerdehald er kommentert i planomtalen (pkt 4.17) og teke med som rekkjefølgjekrav i reguleringsføresegnene (§5.1).

Drikkevatn for beitedyr.

Turvegen vil, slik planen ligg føre, avskjere beitande husdyr frå drikkevasskjelda, Rotevatnet. Vil Volda kommune syte for at det vert lagt opp drikkevatn som erstatning for den tapte drikkevasskjelda?

Kommentar:

Kommentert i planomtalen (pkt 4.18) og teke med som rekkjefølgjekrav i reguleringsføresegnene (§5.1).

Drensgrøfter.

Drensgrøftene i kulturlandskapet gangvegen vil skjere av har, naturleg nok, avlaup til Rotevatnet. Vil Volda kommune bere ekstrakostnadene turvegen vil føre til med omsyn til å halde ved like drensgroftene som går til Rotevatnet?

Kommentar:

Alle drensgrofter som ein kjem i kontakt med under anlegg av turveg vil måtte først igjennom turvegtrasèen og knytast saman med avløpet nedanfor. Dreneringa vil såleis fungere som i dag. Det er naturleg at utbyggar har tilsyn og vedlikehald med dressystemet knytt til turvegen.

Rydningrøysene.

For å kunne drive jordbruk på steinrik morenejord, som vi har i Vikebygda, må overskotsstein frå drifta deponerast på rydningsrøysene. Desse ligg i stor mon i strandsona av Rotevatnet. Vil Volda kommune gi garantiar for at rydningsrøysene, som kvart bruk har i strandsona, kan brukast i framtida om ein turveg vert bygd?

Kommentar:

Sjølv om det er lang tradisjon for å nytte areal ved strendene ved Rotevatnet til rydningsrøysar, eksisterer det ikkje ein rett for bruka i område til å fortsette slik praksis. Generelt er deponering/fylling av masse - som vert vurdert som vesentlege terrenginngrep - underlagt søknadsplikt i kvart einskild tilfelle. (PBL § 20-1).

Etter reguleringskartet å døme, kjem den planlagde turvegen i konflikt med Moldholene søraust for ridebana på Vollane. Desse er å sjå på som automatisk freda, men er ikkje fanga opp i den arkeologiske rapporten. Dette mishøvet pliktar Volda kommune å rette opp

Kommentar:

Moldholene er i omtalt i arkeologirapporten som er utarbeidd av fylkeskommunen og er oppgitt å vere i bruk fram til ca 1940, men rapporten identifiserer ikkje desse som automatisk freda i hht kulturminnelova. Objekta er likevel interessante og har stor verdi som kulturarv som det under arbeid med turvegen vil vere naturleg å ta størst mogleg omsyn til. Ein viser elles til vilkår i reguleringsføresegnene (§3.2.1.1)

Landbrukskontoret Ørsta Volda, brev datert 05.01.2016

Landbruksfagleg vurdering:

Området turvegen går gjennom har stort potensiale for rasjonell jordbruksdrift. Området er sydvendt med rikt jordsmonn, god bonitet og høveleg helling. Areal som ikkje alt er oppdyrka er dyrkbare. Som sist har ein bade sjølvstendig drift og areal som vert drive som leigejord. Dagens landbruksføretak er avhengige av leigejord, og dei fleste føretaka har meir leigejord enn eigd jord. Det er ingen ideell situasjon men diverre eit vilkår for å få økonomi i jordbruket. Uavhengig av kven som er drivar kan vi stadfeste at jordbruksareala i området er i drift. Pr. i dag er det 7 ulike føretak som har drift her. Det vert feil når ein i planomtalen omtalar at det ikkje er aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding. Ein har her tradisjonelt drift med beiting av sau, storfe og hest, i tillegg til at store delar av areala vert brukt til fôrproduksjon. Areal gjev med andre ord produksjon av kjøtt frå sau/storfe og grovfôr.

Kommentar:

Sett på bakgrunn av denne informasjonen vil ein kunne seie at opphøveleg formulering i planomtalen om at det ikkje er aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding, er misvisande. Dette er no retta opp. Merknaden er imøtekome.

Omsyn til jordbruksdrift:

Jordbruksareala vert brukt som beite eller til fôrproduksjon. Veglina er i hovudsak lagd i kanten av jordbruksareala, men nokre stader kan den skjere av mindre areal. Vegen vil gå langs areal med beitedyr/landbruksaktivitet. Forhold som må takast omsyn til og vurderast nærare er t.d.: drikkevatt for beitedyr, drenggrøfter som kryssar veglina, tilkomst til areala sør for veglina, gjerdehald, gjødsling med husdyrgjødsel, m.m.

Landbrukskontoret meiner at desse punkta må takast omsyn til i planforslaget :

- a) *Ein føreset at planen kjem nærare inn på korleis ein vil sikre drikkevatn til beitedyra som no hentar dette i vatnet (vasspostar).*

Kommentar:

Drikkevatn til beitedyr er kommentert i planomtalen (pkt 4.18).

Ei rekkje stader går drenggrøfter som vil krysse veglina. Desse må sikrast mot skade, i tillegg til at ein må supplere med nye stikkrenner.

Kommentar:

Alle drenggrøfter som ein kjem i kontakt med under anlegg av turveg vil måtte først igjennom turvegtraséen og knytast saman med avløp nedanfor. Dreneringa vil såleis fungere som i dag. Det er naturleg at utbyggar av turvegen har tilsyn og vedlikehald med drengsystemet knytt til turvegen.

Landbrukseigedomane må sikrast tilkomst til areala på nedsida av turvegen.

Kommentar:

Det vil vere naudsynt å sikre tilkomst for dei einskilde eigedomane i området fram til dei delane av eigedomane som vert liggande mellom vatnet og turvegen. Ein ser føre seg at kryssingspunkt med avkøyrslar kan avtalast der det er mest praktisk å etablere slike. Dersom området er nytta til beite vil det vere behov for grunder der avkøyrslene er lokalisert. Ordningane må avtalast nærare ved innspel frå den einskilde grunneigar der ein også ser til at finansiering og drift av tiltaka vert formalisert, t.d ved kompensasjon/erstatning.

I dag utgjer vatnet eit naturleg gjerde. Dette må erstattast med gjerde langs vegen.

Kommentar:

Gjerdehald er kommentert i planomtalen (pkt 4.17).

Jordbruksareala vert/kan verte gjødsla med husdyrgjødsel. Her må brukarane av vegen respektere at vegen går gjennom eit jordbruksareal.

Kommentar:

Noko av intensjonen med å tilrettelegge dette området for ferdsel er at kulturlandskapet kan eksponerast og opplevast på nært hald. Spreiing av husdyrgjødsel på jordbruksareala inngår som ein naturleg del av drifta i dette området og må akseptast av brukarane.

Kommentar:

Omsyn til kulturlandskap:

Vegen vil gå gjennom eit viktig kulturlandskap med dyrka jord og beite. Klima gjer at ein i beita har varmekjære lauvtre som mange stader gjev fine jordbrukslandskap. Det må takast omsyn til verdifulle element i kulturlandskapet som steingardar, rydningsrøyser, naust, mv.

Vegen må og byggjast slik at det vert gode overgangar mot tilstøytande jordbruksareal slik at ein ikkje får ulemper knytt til drift av jordbruksareala.

Kommentar:

Turvegen tenkjast bygd som ein integrert del av kulturlandskapet og det vil vere eit poeng i seg sjølv å ivareta verdifulle element som nemnd i merknaden, nettopp for å gjere opplevinga ved å ferdast gjennom området rikare.

Vegtrasèen er i størst mogleg grad plassert i randsona mellom jordbruksareal og vegetasjonsbeltet langs vatnet og elles slik at han ikkje vert liggande langt inne på desse og resulterer i fragmenterte, urasjonelle driftseiningar.

Paul Robert Rotevatn, brev datert 04.02.2016

Dei økonomiske konsekvensane knytt til gjennomføring av reguleringsplanen er manglar realisme. Det er utarbeidd ei nøktern kalkyle der totalkostnadane ved vegen vert på kr 14,3 mill inkl mva.

Som skattebetalar til Volda kommune saknar eg eit sterkare fokus på økonomien og fokus på realisme i forhold til faktiske kostnadar før prosjekt som dette vert trumfa igjennom/oppstarta. Det høyrer med til historia at ein nesten parallelt med turvegen som ein no vurderer å bygge har ein flott og belyst gangveg når den vedtekne Botnavegen vert bygd om kort tid slik det har kome lovnadar om.

Kommentar:

Økonomiske konsekvensar for kommunen er kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

I saksdokumentet datert 08.12.2015(arkivsak 2012/151) er det på siste side tatt med eit avsnitt om økonomiske konsekvensar. I dette avsnittet går ein i stor grad vekk i frå ei strukturert og heilheitleg utbygging av vegen som er skissert i planomtalen. Det vert vist til at det viktigaste er å sikre seg grunn/areal og deretter kan ein ta resten stegvis. Dette vil være å halde innbyggjarane, inklusive grunneigarane for narr då ein går vekk i frå premissar knytta til ivaretaking av eksisterande næringsvirksomheit (hovedsak jordbruk), miljø og dyreliv, og ivaretaking av universell utforming for å nevne nokre få. All erfaring tilseier at ei stegvis utbygging sjeldan er den rimeligaste løysinga for ein utbyggjar.

Kommentar:

Ein er samd i vurderinga av at ei stegvis utbygging av turvegen mellom Årneset og Botnasanden neppe er den rimelegaste løysinga. Dette er likevel den framgangsmåten som truleg vil fungere best både i høve kommunale løyvingar og i høve statleg medverknad/kostnadsdeltaking. Som tidlegare nemnd vurderast turvegprosjektet som realistisk og gjennomførbart. Den finansielle sida av tiltaket vil måtte vurderast/prioriterast i kommunen sine framtidige økonomiplanar og årsbudsjett.

Geir K Rotevatn, brev datert 07.02.2016

Jeg stiller spørsmål om det er avklart om det er tursti eller turveg som det planlegges- opprinnelig var det vel en fortsettelse av turstien langs elva ned til sentrum som var planlagt.

Kommentar:

Kommentert i planomtalen (pkt 4.16).

Jeg har fått høre at eierne av gårder på nedre Heltne leier bort grunn til denne stien for en lengre periode-hvorfor er ikke dette foreslått for grunneierne lenger fremover?

Kommentar:

I planprosessen er det ikkje signalisert korleis avtale om bruk av grunn konkret tenkjast løyst. Det som er viktig er at det sikrast varige rettar som gjer området disponibelt for dei aktuelle føremåla i reguleringsplanen. Sikring av grunn kan gjerast ved innløyising eller ved ulike

former for bruksrettsavtaler/servituttavtaler. Spørsmål som dette må ein kome tilbake til under grunnforhandlingane.

Skal en vei eller tursti anlegges må det utarbeides alternativer der en tar hensyn til fortsatt husdyrhold langs vannet.

Kommentar:

Alternative trasèar er kommentert i planomtale (pkt 4.19).

Det synes som saksbehandler i liten grad har forsøkt å komme grunneierne i møte ved tidligere saksgang, kan det være at det fra dennes side har gått så mye prestisje i saken at en ikke makter å se på løsninger som både ivaretar turfolkets ønske og grunneiernes ønsker.

Kommentar:

Ein minner om at det er kommunestyret som har vedteke – først i to etterfølgjande kommunedelplanar - der plassering av turvegen har vore signalisert - dernest i særskild vedtak at reguleringsplan for turveg på nord- og austsida av Rotevatnet, skal utarbeidast. Det er såleis ikkje sakshandsamarar si rolle i saka som er avgjerande her.

Rådmannen si oppgåve er å vurdere ulike løysingar og å utgreie fagleg forsvarlege og grunnjevne framlegg til kommunen sine styrande organ med bakgrunn i dei ulike omsyna i merknadane som er mottekne frå partar og fagorgan m.fl.

Friluftsföreninga Volda, brev datert 07.01.2016

FFV ser på turvegen rundt Rotevatnet som ei viktig lavterskel friluftsf- og folkehelseiltak. Området ved Rotevatnet (Volda stadion- Årneset-Rotevatnet) er eit område som etterkvart har tilbod om mange ulike aktivitetar, både for organiserte og uorganiserte og for innbyggjarar i alle aldrar.

Dette bør vere eit område ein utviklar vidare. Det ligg også nær bebyggelse slik at svært mange har lett tilgjenge. Turvegen vil vere eit viktig supplement til området,- ein vil kunne ferdast fritt utan biltrafikk og på ein turveg tilnærma utan stigning. Vi trur turvegen vil føre til at området vert endå meir brukt.

Eit slikt aktivitetsområde og med ein turveg som går langs vatnet er er svært viktige kvalitetar for ein tettstad som Volda, og ikkje minst: eit viktig friluftsf- og folkehelseiltak

Kommentar:

Merknaden samsvarer med dei vurderingane som ligg til grunn for kommuneplanen og for vedtaket om å utarbeide ein eigen reguleringsplan for området. Som tiltak for å fremje folkehelse og trivsel mellom innbyggjarane vil tiltaka nedfelt i planen ha svært stor positiv verknad.

Sindre Rotevatn, brev datert 07.02.2016

Sakshandsamar vil melde tilbake til besluttande mynde at planprosessen er gjort og gjort etter boka. Fordi konklusjonen egentlig er flagga i utgangspunktet, så meiner eg planprosessen ikkje framhevar konfliktene godt nok og ikkje vektar argumenta godt nok. Etter mitt syn er landbruket sine interesser, behov og brukskonflikter bagatellisert i planarbeidet.

Kommentar:

Konfliktane mellom landbruk og turvegbygginga er relativt inngåande drøfta i saka og det erkjennast at det finnast utfordringar som må løysast. Dømer på dette er:

- tilgang til vatn for beitedyra,
- gjerdehald, grinder
- drenering
- tilkomstordningar for grunneigarane til arealet nedom turvegen,

Alle desse elementa er økonomisk/praktiske/tekniske spørsmål som det er mogleg å finne ordningar på som ivaretek både landbruks- og friluftsiinteressene i området. Det er skissert konkrete løysingar (sjå planomtalen) korleis desse utfordringane kan handterast. Ved å gjennomføre tiltak - som skissert i planomtalen - vil eventuelle arealbrukskonfliktar verte relativt avgrensa.

Det vi treng for dette området er ei samla vurdering av korleis landbruksområdet skal disponerast framover. Vi vil ikkje ha klattvise reguleringsplanar som et opp landbruksområdet sakte, men sikkert.

Kommentar:

Ein viser til at regulering av areal til turveg baserer seg på føringane i kommuneplanen. I overordna plan har det fram til no ikkje vore signalisert behov for annan arealbruk enn LNF på mesteparten av areala mellom Rotevatnet og Vikebygdvegen/Botnavegen. Dersom det er aktuelt å disponere områda til bustadføremål, næringsføremål e.l. skal dette først avklarast i overordna plan.

Eg vil også nemne at når planområdet grensar til ei stor golfbane og eit stort hestesportanlegg, som begge må reknast som fritids-/friluftaktivitetar, så finn eg det pussig og kortsiktig at ikkje planområdet inkluderer i det minste desse to anlegga.

Kommentar:

Slik dette vert vurdert i ettertid hadde det nok vore eit føremun å inkludere også desse anlegga i planarbeidet knytt til turvegen.

Etter mitt syn tek ikkje planen og planområdet reelt sett inn over seg at dette er eit landbruksområde. Ein bagatelliserer det aktive landbruket i området og omdisponeringa av landbruksareal som i realiteten skjer i området. Politiske mynde bør sjå dette momentet og returnere planen med beskjed om å utvide planområdet til å gjelde heile området mellom Rotevatnet, Botnavegen/Vikebygdvegen og vest til Heltneelva.

Kommentar:

Det er rett at turvegplanen fører til omdisponering av landbruksareal. For denne eigedomen sin del utgjer dette ca 0,75 da (turvegareal).

Når det samstundes som det argumenterast for å bevare landbruksinteressene i området peikast på behov for å regulere alt areal mellom Rotevatnet, Botnavegen/Vikebygdvegen og vest til Heltneelva kan det oppfattast som eit resonnement i retning av at ein ønskjer å gå vekk ifrå LNF som arealbruk og over til annan utnytting. Eg minner om at sist vedtekne kommuneplan for området er klår på at arealbruken skal vere LNF. Dersom ein ønskjer at denne arealstatusen framleis skal gjelde vil det ikkje vere behov for å regulere, anna enn for å stadfeste kommuneplanen.

Alternativ arealbruk i dette området bør som tidlegare nemnt knytast opp mot overordna plan/ kommuneplanen.

I punkt 2.6 Landbruk i plandokumentet står det at det ikkje er aktiv landbruksdrift («i tradisjonell forstand») på eigedomane. Dette er direkte feil, og eg undrar meg over kva ein meiner med «i tradisjonell forstand». På mitt bruk er det like aktiv drift som tidligare. Rett nok leiger eg vekk jorda til ein som driv aktivt jordbruk, men «aktiv landbruksdrift» kan ikkje vere definert av at det er eg eller den som til ei kvar tid eig, som driv det. «Aktiv landbruksdrift» er definert av aktiviteten, ikkje kven som eig der. Det er ei gåte for meg korleis ein snur dette til at det ikkje vert drive aktivt landbruk i området.

Kommentar:

Formuleringa i planomtalen om at det ikkje er aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding kan seiast å vere misvisande. Planomtalen er retta opp på dette punktet.

I vårt tilfelle er beitedyr sentralt og har alltid vore det i dette området. Planen peikar på dette, men viser i realiteten ikkje korleis brukskonflikta med beitedyr skal løysast. Beitedyra er store og vennlige, men urbane friluftsmenneske går ikkje nødvendigvis så godt sammen med dei. Derfor må avgrensingane mellom brukarar takast skikkelig på alvor. I tillegg er det faktisk slik at når ein avgrensar (gjerder inne), så skaper ein nye problem. Det er berre eit spørsmål om tid før nokon lar ei grind stå open og dyra kjem seg ut. Ein flokk dyr på nokre hundre kilo kvar vil kome til å bevege seg langs turvegen. På grunn av gjerda vil dei ikkje så lett kome seg nokon annan stad.

Kommentar:

Brukskonflikt beitedyr – ferdsel friluftsliv er kommentert i planomtalen (pkt 4.17).

Store beitedyr treng også store mengder vatn, det monnar ikkje med ei bøtte i ny og ne. Tilgangen må vere stor og kontinuerlig, og vatnet må vere godt, så her er tilgangen vi har til vatnet unik. Sjølv på vårt kant av landet, er det på sommarstid heilt vanlig at nede i vatnet er einaste tilgangen på skikkelig drikkevatt for dyra. Ein kan teoretisere om andre løysingar på behovet for drikkevatt for dyra, men dette blir berre tull og ressursløsning når vatnet alltid har vore der og fortsatt vil vere der. Denne tilgangen må oppretthaldast for beitedyra i området.

Kommentar:

Drikkevatt til beitedyr er kommentert i planomtalen (pkt 4.18).

Sakshandsamar vil forklare besluttande mynde at planstruktur og -prosess er på plass og landbruksinteressene har vorte høyrde. Problemet er at sakshandsamar framstiller landbruket som nærast ikkje-eksisterande og brukskonfliktene som minimale. Besluttande mynde bør returnere planen med beskjed om at det må revurderast om landbruksområdet skal disponerast på denne måten og forvitre sakte, men sikkert.

Kommentar:

Ein viser til at spørsmålet om arealbruk der ein legg til rette for etablering av turveg langs nord- og austsida av Rotevatnet er vurdert i overordna plan. Både i kommunedelplanen og i reguleringsplanprosessen for området er konsekvensane og konfliktområda knytt til

landbruksinteressene avdekka. Det er registrert at einiskilde opplever reguleringa som eit hinder for vidare landbruksdrift og har otte for at brukskonfliktar oppstår. Planframlegget tek inn over seg desse momenta og peikar på løysingar som reduserer/hindrar desse.

Politisk mynde i kommunen har – til tross for at det er registrert latent konfliktmateriale knytt til ein slik plan - vedteke at reguleringsplan for turvegen skal utarbeidast.

Å definere området som friluftsområde er storsamfunnet sin litt avanserte måte å annektere eit område utan å gjere opp for seg. Samtidig kan kommunen i ein kvar samanheng hevde at det er nokon andre som eig området. Dette er naturlegvis vanskelig for grunneigar å akseptere.

Dersom ein meiner at interessene for å få gjort tiltaket er så stort at det er nødvendig å ta frå grunneigar råderetten til området og ansvaret for området, så får ein ha mot nok til overta ansvaret for området også. Vi ser mange eksempel på at kommunal eigedom forfell. Etter mitt syn er ein tent med å ordne dette på ein måte slik at private har eigedomsretten. Då må ein også ha fridomen og ansvaret. Ingen vil ha ansvar for noko som ein ikkje har fridom til å ta vare på.

Kommentar:

Ein går ut ifrå at det her meinast området som vert liggande mellom turvegtraséen og vasskanten i Rotevatnet. Dette området er i kommunedelplanen for Volda sentrum avsett til LNF – F (Landbruks-, natur- og friluftsområde der friluftsliv er dominerande). Som nemninga i arealstatusen i kommuneplanen tilseier vil dette framleis ligge som landbruksområde, men pga av at det ved strendene ved Rotevatnet knytast relativt store samfunnsverdiar til karakteren som friluftsområde, har ein valt å vidareføre LNF-F også i reguleringsplanen. I planframlegget vert det ikkje lagt opp til endring av eigarstatus.

Området er på mange måtar ein utvida del av vår hage. Vi er vane med dyra og lever greit saman med dyra når vi brukar området. Plandokumentet neglisjerer så glatt retten til det private rekreasjonsområdet, at det brukar eg ikkje tid på å argumentere for. Vi har denne muligheita og denne retten i dag. Vi deler den gjerne, mykje og med mange, men vi vil ikkje miste den. Som vanlig, nær sagt, registrerer vi at private rettar blir vegde og funne for lette, til og med neglisjerbare, samanlikna med ålmenta sine interesser.

Kommentar:

Ein innser at reguleringsplanen legg til rette for endringar for den einiskilde grunneigar som grip inn i private verdiar etablert i området. Tilrettelagt turveg open for ålmenta vil medføre at private kvalitetar i form av skjerma strender, naustplassar o.l. vert meir tilgjengelege for andre enn eigarane. Kvalitetane i seg sjølve vert ikkje endra som følgje av planen, men konsekvensen vil vere at fleire vil kunne opphalde seg der og den «skjerma» bruken i dag vert noko redusert.

Dersom ein vil tillate at landbruksområdet vert delt opp og at landbruksområdet forvitrar sakte, men sikkert, så må ein i det minste gjere følgjande endringar i plandokumentet:

- 1. Beitedyr på gnr 27, bnr 10; beitedyr må ha kontinuerlig tilgang til vatn.*
- 2. Det er kommunen som skal ha gjerdeplikta, gjerdet skal vere dimensjonert og vedlikehalde for å halde dyra innanfor beitet, og ansvaret for det skal stå i reguleringsplanen.*

Kommentar:

Drikkevatt til beitedyr og gjerdehald er kommentert i planomtalen (pkt 4.17 og 4.18).

Ferdsle langs turvegen; turvegen vert lagt på den delen av arealet der det høver best å bevege seg på tvers av eigedomen. Det skal derfor spesifiserast i reguleringsplanen at vi har rett og mulighet til bevege oss med traktor langs vegen så langt vår eigedom strekker seg. Dette inneber også at på vår eigedom, 27/10, må vegen vere brei nok til ein traktor, og gjerdeplikta må inkludere plikt til å halde minimum 2 grinder på begge sider langs vår eigedom. Ei grind i eine enden er ikkje tilstrekkelig fordi ein ikkje kan bevege seg på tvers av området med traktor nedom vegen. Subsidiært kan ein vurdere å bygge kulverten (ref pkt 1) så høg at den køyrast gjennom med traktor. Husk, gode lesar, at vi har ikkje bedt om dette tiltakte. Det er kommunen som vil legge denne hindringa gjennom vårt område.

Kommentar:

I reguleringsføresegnene er det lagt opp til at turvegen kan kryssast med traktor for å kome til på områda nedanfor. (§ 3.2.1.g)

Det er elles sett reglar for at vegen kan byggast med maksimum breidde 3,0 m (reguleringsføresegnene § 3.2.1.a). I praksis vil den breidda som faktisk vert bygd vere avgjerande for om han kan nyttast til å køyre langs etter med traktor. Dersom vegen vert bygd med tilstrekkeleg breidde og fundamentering til at slike køyrety kan nytte han vil det vere aktuelt å opne for slik ferdsel knytt opp mot drifta av dei einskilde landbrukseigedomane.

Drenering; deler av området er vasstrekt fordi det myrlendt. Andre deler er vasstrekt fordi dyrkingsgrøfter endar akkurat i det området vegtraséen er tenkt lagt. I dag løyser naturen og fallet i terrenget dette. Ein veg vil avskjære fleire av dagens naturlige og tilrettelagde dreneringar. Dette er ikkje uløyselig, men det må gå klart fram av plandokumentet at alle endringar i terrenget som inneber vassproblem er kommunen sitt ansvar. Dette inkluderer også at avløp frå ny drenering ikkje vert plassert på min eigedom utan å gå heilt i vatnet. Også her vil motargumentet vere at dette skal takast «seinare». Nei, det skal ikkje det. Ansvar for dette skal plassert no.

Kommentar:

Konkrete moment som vedkjem drenering på dei einskilde eigedomane vil måtte takast opp og løysast i samband med detaljprosjekteringa og vilkåra for dette må regulerast i avtale om bruk av grunn. Det er elles teke inn eit nytt punkt i reguleringsføresegna som omhandlar dette. (§3.2.1.m)

I reguleringsføresegnene § 3.1 er det elles sagt følgjande om dette:

«Kryssing av bekkar og elvar skal utførast med omsyn til omgjevnadane. Dei største elvane - som Rotevasselva, Storelva samt einskilde kanalar i Vassbotnen - skal kryssast med bru. Mindre bekkar kan kryssast med stikkrenner, rør eller kulvert.»

Detaljreguleringar; I reguleringsplanar er det ein sterk tendens til å ville regulere «den gode smak». Takvinklar, takdekke, veggjar og slike detaljar endrar seg over tid. Det må vere rom i reguleringsplanar til å kunne utforske og utvikle kva som er god smak. Eg gir ikkje konkrete endringsforslag, men oppmodar til at ein vurderer kor snevre rammer det egentlig er naudsynt å ha i reguleringsføresegner og i dette nye, artige omgrepet «retningsliner».

Kommentar:

Avgrensingar i høve storleik, bygningsvolum, kledning, fargar og takktekking er tekne med i retningslinene fordi dette utgjer eit viktig grep for å ivareta kulturlandskapet slik det er.

Kommunen har store økonomiske utfordringar. Kommunesammenslåing(ar) endrar neppe dette. Som grunneigar i området ser eg det ikkje som mi oppgåve å halde orden på kommunale budsjett, men denne turvegen vil verte svært kostbar. Det forbausar meg ikkje om vi er over 10 mill kroner for dette prosjektet. Eg betalar gjerne min skatt, men som innbyggjar ville eg ikkje like at dette blir prioritert føre endå viktigare basisoppgåver. Sakshandsamar argumenterer for at det er store tilskot å få til slike prosjekt. Men kven skal betale dei kanskje 50% som Staten ikkje betalar då?

Kommentar:

Økonomiske konsekvensar for kommunen er kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

Monika Heltne Poehlmann-Kairies, brev datert 07.02.2016

Er arbeidet med Botnavegen sett i gang? Kvifor er det ingen framgang der? Har kommunen brukt opp all kapasitet (både personal og økonomi) på å kaste bort pengar på ein turveg? Kommunen lova at Botnavegen skulle prioriterast. Kvifor har det ikkje skjedd noko syneleg her enno?

Kommentar:

Kommunen er i mål med reguleringsplan og prosjektering av ny veg til Vassbotnen (Botnavegen). Det er vidare sett av midlar på investeringsbudsjettet til bygging av vegen.

Når kjem Kommunen til å betale det den er skuldig – (sakskostnadane som vart kravde frå Advokat Hove for grunneigarane innan fristen i 2015)? Kvifor starta kommunen prosessen på nytt før den har gjort opp for seg frå siste omgang?

Kommentar:

Saksomkostnader som den einskilde grunneigar har hatt til juridisk bistand i samband med klagesak til fylkesmannen, er utbetalt. Totalt er det utbetalt kr 40 968,-.

Kva kostar heile planarbeidet og omsetjinga av planen? Korleis vil Kommunen finansiere dette? Korleis vil kommunen erstatte krav frå grunneigarane – (det blir mest sansynleg ikkje aktuelt med løysningar for kvar enkelt)?

Kommentar:

Kostnader med planarbeidet inngår som del av dei ordinære oppdraga planseksjonen utfører. Det vert ikkje ført egne registreringar for tidsbruken i kvar einskild oppgåve og ein har såleis ikkje oversikt over medgatte kostadar for dette. Kostnader med bygging av turvegen er kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

For det som gjeld erstatning av krav frå grunneigarar vil det først verte klargjort når eventuelle slike krav ligg føre.

Kva kostar vedlikehaldet av denne stien/vegen? Kva er kalkulasjonen av dette?

Kommentar:

Vedlikehaldet for turvegen vil i hovudsak omfatte brøyting, tøming av boskasser, kantslått, tilsyn med stikkrenner o.l. Det vil vere aktuelt å opprette rutiner der dette vert gjort

rutinemessig, særleg i sommarhalvåret. Kalkyle for årleg vedlikehald: ca kr 30 000,- /år. Merknaden er kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

Kor stort er arealet som blir berørt av planframlegget – (vennligst oppgje totalt areal i m²)?

Kommentar:

Sjølve turvegarealet er på 14,56 da (2428m x 6m). Totalt areal innanfor reguleringsgrensene: ca 87 da (omfattar naturområde i vatn/elvar, friområde samt LNF-område mellom vatnet og trurvegen.

Eg kan ikkje sjå at kommunen har forandra på Planomtalen til "Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet" sidan 2012 bortsett frå at naustretten har vorte teken bort.

Kommentar:

Planomtalen er endra på ei rekkje punkt.

Eg ønskjer endeleg klarlegging om det til slutt er snakk om ein "Sti" eller ein "Veg".

Kommentar:

Kommunen har i planomtale, i saksutgreiingar, på plankart og i kontakt med partar og konsulterande organ nytta omgrepet turveg som nemning.

I reguleringsføresegnene § 3.1 er dette stadfest slik: «*innanfor føremålet turveg; T1 kan det byggast veg med breidde maksimum 3,0 m*».

Eg protesterer imot at det blir etablert eit ekstra "Friområde" på grannen sin grunn (gnr 27/bnr 7). Her har eg aldri blitt høyr! Dessutan må trasévalget for vegen revurderast og fjernast minst 40m frå vasskanten.

Kommentar:

Friområdet GF1, GF2 og VFV1 er teke inn i planen fordi det er ønskjeleg å kunne gjere einskilde tilretteleggingstiltak for friluftsliv på turvegstrekinga mellom Årneset og Botnasanden. Innanfor turvegarealet er det avgrensa moglegheiter for dette.

Avstand mellom turveg og vatnet er kommentert i pkt 10 ovanfor.

Eg kan ikkje sjå at planen frå 25.11.2015 er ny og ønsker ein verkeleg ny detaljreguleringsplan, der det er tatt med svar på alle spørsmål som er blitt stilte tidlegare av alle berørte partar og viser til vedlagde dokument, spesielt "Innspel+Merknadar+Protest til Planframlegget PLANID 2011009-Reguleringsplan Turveg Rotevatnet-Offentleg Ettersyn-Sak 191_12 Monika November 2012". Her har eg enno ikkje fått tilstrekkeleg svar på alle mine spørsmål.

Kommentar:

Planen er endra på fleire punkt: døme på dette er vilkår for naustbygging, flytting av turvegtrasè vekk frå vatnet i området Bukta, endring og komplettering av reguleringsføresegner på ei rekkje punkt.

Merknaden spesifiserer ikkje kva spørsmål som manglar svar.

Korleis sikrar Kommunen naturvernkrava når det gjeld raudlista arter som er berørte (t.d. vipe og oter)?

Kommentar:

Naturverdiar i området er kommentert i planomtalen (pkt 2.4).

Planen er i strid med stortingsmeldinga om friluftsliv. Planen er i strid med fleire overordna planer, mellom anna Kommunedelplanen for Volda sentrum. Planen grip i urettmessig form inn i landbruksareal (dei løysningane som har vorte framlagde er utilstrekkelege).

Kommentar:

Det er vanskeleg å sjå at planforslaget vil vere i strid med overordna plan/Stortingsmelding. Det visast ikkje til kva måte planen eventuelt er i strid med stortingsmelding og med overordna plan og det er derfor problematisk å vurdere/svare på påstanden.

Tek dei kommunale myndighetene og ordføraren på seg ansvaret for dei store negative verknadane som "Tiltaket turveg på nord og austsida av vatnet" har for denne og komande generasjonar? Og korleis vil dei overta dette ansvaret?

Kommentar:

Konsekvensane ved gjennomføring av reguleringsplanen er vurdert til å vere av relativt avgrensa både med omsyn til landbruksdrift og naturmiljø. For komande generasjonar av innbyggjarar i Volda vil tiltaka reguleringsplanen legg til rette for ha positive verknader for det som gjeld trivsel og folkehelse.

Volda og Dalsfjord bondelag, brev datert 02.02.2016

Volda og Dalsfjord bondelag ser positivt på utbygging av turvegen rundt Rotevatnet.

Turvegen vil ha stor verdi for mange og vil i liten grad gå utover landbruksdrift.

Det er likevel viktig at vegen vert lagt så nær vatnet som mogeleg, for ikkje å dele opp eigedomane meir ann naudsynt. Der det eventuelt er beitebruk, er det viktig med godt samarbeid med jordeigar og at det vert gjort avtalar om gjerdeansvar, grunder og eventuelt alternative drikkevasskjelder for beitedyr

Kommentar:

Innspelet bygg opp under vurderinga som er gjort undervegs i planarbeidet vedrørande konsekvensar for landbruket. Turvegtrasèen er plassert med avstand til vatnet som gjer at ein ikkje fragmenterer beite- og slåttemark, men samstundes slik at vegetasjonen langs vasskanten vert ståande att. Det vert også teke høgde for at gjerdehald, grunder og alternative drikkevasskjelder for beitedyr skal løysast. Dette kan skje ved oppretting av eigne avtalar/tekniske ordningar for dei områda der dette er aktuelt.

Volda og Ørsta Bonde- og Småbrukarlag, brev datert 07.02.2016

I reguleringsplanen sitt punkt 2.6 skriv ein "På dei eigedomane som er berørt av planarbeidet er det i dag ikkje aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding". Småbrukarlaget stillar spørsmålsteikn til korleis ein definerer "aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding", då det er driveplikt på eigedomane og dei som ikkje vert drivne av eigar er leigejord. Dessutan har dagens driftssituasjon mindre å seie for verdien av inntakte jordbruksareal i framtida.

Kommentar:

Å definere dagens landbruksdrift som ikkje aktiv i tradisjonell tyding kan seiast å vere upresist og ikkje dekkjande. Formuleringa i planomtalen er derfor endra og lyd no slik: «På dei eigedomane som er berørt av planarbeidet er det i dag 7 ulike føretak som har drift. Dette er tradisjonell drift med beiting av sau, storfe og hest, i tillegg er store delar av areal nytta til

fôrproduksjon. Dei områda som vert beita utgjer for ein stor del leigeareal knytt til gardsdrift annan stad i bygda.»

Bygging av ein slik veg som skissert i planforslaget vil medføre ulemper for jordbruksdrift. Vegen vil vanskeleggjere vedlikehald og etablering av drenering på området. I tillegg vil beitedyr verte forhindra frå å nytte Rotevatnet som vasskjelde. Det er òg risiko for konflikter mellom beitedyr og hundar i eller utan band langs turvegen.

Kommentar:

Eksisterande dreneringsordningar i området vil kunne innpassast i turveganlegget ved å gjere fysiske tiltak i samband med bygginga av vegen.

Drikkevatn for beitedyra er kommentert i planomtalen (pkt 4.18).

Det reisast spørsmål om risiko for konflikt mellom beitedyr og hundar. Ein viser til at det i tida 1 april til og med 20 august gjeld bandtvang i heile landet. Dersom det viser seg at det oppstår konflikt ut over dette tidsrommet i det aktuelle området har kommunen høve til å vedta eiga forskrift som kan gjelde for turvegen. Dette vil ein i så fall kunne ta opp om situasjonen tilseier det.

Småbrukarlaget meiner gjennomføring av reguleringsplanen med anlegging av turveg på nordsida av Rotevatnet vil vere til sterk ulempe for notidig og framtidig drift på dei berørte jordbruksareala. I tillegg vil det føre til ei oppsplitting og forringing av verdifullt kulturlandskap. Allereie vedteken utbetring av Botnavegen dekker i våre auge behovet for tursti i området og areala bør derfor bevarast som i dag.

Lene og Roy Inge Heltne, brev datert 05.02.2016

Korleis vil kommuna syte for drikkevatn til beitedyr når det skal setjast opp langsgåande gjerde langs vegen som hindrar all tilkomst til vatnet?

Kommentar:

Drikkevatn til beitedyr er kommentert i planomtalen (pkt 4.18).

Kven vil ha gjerdeplikt og plikt til vedlikehald av gjerde og grinder?

Kommentar:

Gjerdehald er kommentert i planomtalen (pkt 4.17).

Kven har ansvar for det som er planlagt omregulert til friluftsområde med tanke på stell og vedlikehald?

Kommentar:

Området mellom vatnet og turvegen vil framleis vere i privat eige og det er ikkje definert som eit offentleg ansvar å halde orden på desse areala. Dette vil som før ligge på grunneigaren. Erfaringane frå t.d sørsida av vatnet – der vegen også ligg like ved stranda er at ferdsele medfører relativt lite ureining. Det er likevel aktuelt å plassere ut boskassar og å etablere tømerutinar slik at folk kan få kaste frå seg avfall i området.

Kvifor unnlet kommuna å leggje fram alternative løysingar som førebygg konflikter slik kommunestyret vedtok i sak 0102/04?

Kommentar:

Alternative løysingar som t.d å legge turvegen vesentleg lenger ifrå vatnet er vurdert men ikkje funne tilrådelege då slike løysingar vil medføre fragmentering av landbruksareal og reduksjon av naturopplevinga for dei som ferdast på turvegen.

Plasseringa av trasèen er elles gjort med basis i gjeldande kommuneplan og utført slik at det omfattar minst mogleg landbruksareal samstundes som det oppnåast ei viss nærleik mellom vasskanten og turvegen.

Kvifor vert det nytta biletmateriale for å marknadsføre vegen som ikkje stemmer med røynda? Det vert synt bileter av en veg som er betydeleg smalare og mindre skjæringar enn den som er planlagt bygd langs vatnet.

Kommentar:

Ein er samd i at bildematerialet som er nytta i planomtalen kan oppfattast som misvisande, men ein ser ikkje føre seg at det vil vere behov for å avvike i særleg grad ifrå prinsippet turvegen mellom Årneset og Volda stadion er bygd på når turvegen skal vidareførast langs nord- og austsida av Rotevatnet – anna enn i høve breidde.

Reguleringsføresegnene for turvegen opnar for at han kan byggast med noko større breidde enn bileta i planomtalen frå Årneset viser, men bileta er likevel vurdert som relevante for å illustrere korleis turvegen på nord- og austsida av Rotevatnet vil sjå ut. Teksten knytt til bileta i planomtalen er endra på dette punktet (planomtalen s.13)

I område som er særleg fuktige vil det truleg vere behov for noko meir grøfting og legging av stikkrenner enn ein det bileta ved Årneset syner.

Kvifor vert det fortsatt nytta feil mål på avstanden mellom vatnet og vegen sjølv om dette har yore påpeika fleire gongar? Vasslinja er høgare enn det som viser på dei karta som er lagt fram, og betydeleg høgare når vatnet "fløder". Dette er opplysningar som må vere velkjende etter som at den offentlege badeplassen Årneset årvist fløymer over.

Kommentar:

Turvegtrasèen er på denne aktuelle eigeiendomen plassert i høgde og avstand frå vatnet slik det er gjort på mange av dei andre teigane i planen. Ein føreset at vegen kan byggast innanfor regulert område i terrenghøgde som ligg over flaumnivå.

Det er ikkje planlagt tilkomstvegar mellom Vikebygdvegen og den planlagde turvegen. Korleis tenker planleggjaren dette? Er det planlagt å legge opp til at det er dyrkamarkene som skal nyttast som tilkomstveg. Ein veit vel at det vert resultatet?

Kommentar:

I planframlegget er det ikkje teke med tilkomstveg mellom byggefeltet ovanfor og turvegen. Dette er eit moment som kan seiast å vere mangelfullt ivareteke i planen og det bør derfor spelast inn til den pågåande rulleringa av kommuneplanen.

Meinar kommunen verkeleg at den naturfaglege vurderinga frå Naturfagleg Utredning AS er god nok når dei ikkje er meir konkrete enn å " anta at utredninga omfattar veg"? Minner om at dette er ein plan med svært mange merknadar, mange med heilt anna syn enn denne

utredninga konkluderar med. I ei så omfattande sak må ein kunne forvente ei utredning basert på viktigare ting enn antakelsar. Dette er useriøst.

Kommentar:

Kommunen har nytta konsulentfirma Naturfaglig Utredning AS til oppdraget med å kartlegge naturen innanfor planområdet. Firmaet har høg kompetanse på dette feltet og har elles knytt til seg lokal ekspertise som er godt kjent med naturkvalitetane i det aktuelle området. Ein har full tiltru til at rapporten er utarbeidd på ein forsvarleg og fagleg godt grunngjeve måte.

Vi har i alle år hatt dyr på beite i området ovanfor Heltne/Bratteberg. Kommunen har, etter dom, hatt gjerdeplikta mot utmark. Dette gjerdet vart oppsett tidleg på 80 talet og har hindra dyra å gå ned i byggefelta. Men kommunen har ikkje overholdt sine plikter med å vedlikehalde gjerdet slik dei er forplikta til, til tross for fleire både munnlege og skriftlege henvendingar. Dette har fort til at vi har måtte gi opp å ha dyra på beite i dette området. Som kompensasjon for dette har vi dei seinare åra hatt beiteområde langs Rotevatnet på 4-5 eigerdomar. Meiner kommuna det er moralsk rett å gi blaffen i å fylgje opp sine plikter og i tillegg nok ein gong øydelegge det vi prøver å drive til alle sitt beste ?

Kommentar:

Spørsmål som gjeld gjerdehald andre stader enn det som kan knytast til sjølve reguleringsplanen bør rettast til kommunen separat. Dersom det kan visast til at kommunen ikkje overheld sine plikter bør dette takast opp med ansvarleg fagavdeling.

Eit argument, pkt 4.11, som er brukt ved fleire høver er at "vegen er viktig for folkehelsa". At fysisk aktivitet er viktig for folkehelsa er vel udiskutabelt. Men ut over dette, er vår påstand at nettopp denne vegen skal bedre folkehelsa udokumentert synsing. Sidan planarbeidet vart oppstarta for mange år sidan, har det skjedd mykje i Volda. Det er mellom anna bygd eit nytt skogsvegnett i området Heltne, Bratteberg og Driveklepp. I tillegg er det satt opp tre "hukar / grunder" som har blitt ynda turrsti både for unge og eldre. Desse vegane er lett tilgjengelege utan bruk av bil for størsteparten av sentrumsinnbyggjarane, gode for alle brukargrupper, moglege å byggje ut vidare med både med vegar og stiar utan konflikter og ikkje minst heilt gratis for kommunen. Har kommunen gjort ei nyare vurdering over behovet for vegen? Det vert også hevda at det er mange som vil ha vegen. Er det dokumentert? Vår påstand er at vegen som allereie er rundt vatnet dekkjer behovet til innbyggjarane.

Kommentar:

Det er ikkje gjort ny vurdering av behovet for turvegen då viljen til å realisere dette tiltaket er klart dokumentert både i kommuneplan, i tettstadsanalyse og i eige kommunestyrevedtak.

I pkt 4.10 vert det fokusert på born og unge sine interesser. Sitat: Det er viktig at born har lett tilgang til naturområder for å kunne bli trygge på å ferdast i naturen. Dette kan legge grunnlaget for gode haldningar for ferdsel og åtferd i naturen.

Er det å "skapa gode haldningar" å rasere naturen med vegbygging? Er det slik at ungane skal opplærast til å måtte ha veg for å kome seg på tur? Her må kommunen vere på kollisjonskurs med dei fleste friluftsansjasjonar med respekt for seg sjølv.

Kommentar:

Tiltaket som planleggast bygd skal tilpassast natur- og kulturlandskapet utan skjemmaende skjeringar/fyllingar og vil verte ein estetisk integrert del av miljøet og kulturlandskapet langs vatnet.

Born og unge sine interesser.

Har kommunen vurdert born og unge sine interesser i høve det å ha sentrumsnær gardsdrift og moglegheit til å kunne sjå og besøke levande dyr i sitt nærmiljø opp mot ein veg?

Kommentar:

Ein viktig del av arbeidet med å legge til rette for vern og bruk av kulturlandskapet kan seiast å gjere det tilgjengeleg for ålmenta. Turvegen gjennom dette området vil truleg bidra til at fleire kan oppleve kontakt med levande dyr og gardsdrift fordi ein kjem tettare på miljøet dette skjer på.

Merknad til "retningsliner for naustbygging":

Det vert lagt til grunn at "nausta skal byggast i tråd med lokal byggeskikk, med tradisjonell ståande kledning og med torvtak". Det har aldri yore tradisjon med torvtak på nausta langs vatnet. Det som er vanleg tradisjon er å bruke stålplater.

Kommentar:

Formuleringa i føresegnene er endra på dette punktet og lyd no slik:

«Nausta skal byggast i tråd med lokal byggeskikk, med tradisjonell trekledning og med torvtekte tak. Eventuelt kan også skifer/bølgeblikk nyttast.»

Avslutningsvis vil vi krevje at dette planarbeidet vert no vert stoppa og vegplanane utsatt inntil kommunen endrar planane for området mellom Vikebygdvegen og Rotevatnet. Det er i dag LNF-område og skal det fortsatt vere det, så kan ikkje vegen byggast. Om kommuna likevel, mot all sunn fornuft, vel å presse gjennom denne planen vil vi krevje at også resterande areal på vår eiedom vert omregulert, då til framtidig bustadområde. Skal grunnlaget for gardsdrifta først øydeleggast så må kommunen legge til rette for andre bruksområder.

Kommentar:

Framlegg om endra arealbruk på tilstøytande areal må spelast inn til og løysast i overordna plan.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev datert 04.02.2016

I vårt høyringssvar av 04.12.2012, påpeika vi at vi sakna ei konkret vurdering av prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Vi kan framleis ikkje sjå at dette ligg føre

Kommentar:

Prinsippvurdering i høve naturmangfaldslova §§8-12 er gitt i planomtalen (pkt 4.21).

Når det gjeld naustbygging langs vatnet, ser vi at det er laga retningsliner som gir føringar for handsaming av dispensasjonssøknader. Retningsliner er som kjent ikkje juridisk bindande, og uavhengig av retningslinene må saka handsamast etter pbl. § 19-2.

Kommentar:

Merknaden er teken til vitande.

Vi rår ifrå at det er knytta retningsliner til planen som gir signal om at det kan bli opna opp for naustbygging. Det bør visast stor varsemnd med etablering av tiltak langs vatnet som svekker rekreasjonsverdiane området har for ålmenta. Etablering av tursti gjer området meir tilgjengeleg, og private tiltak bør avgrensast.

Kommentar:

Ein er samd med fylkesmannen i at det ideelle ville vere å avgrense naustbygging i området fordi slike etableringar vil vere med på å redusere rekreasjonsverdiane.

Det vert hevda at det finnast rettar til naustbygging langs Rotevatnet og ein kan kome i ein situasjon der det kjem søknadar til oppføring av naust knytt til landbrukseigedomane eller til friluftsføremål og at det derfor er trong for retningslinjer for handsaming av eventuelle slike.

Søknadar om dispensasjon vil måtte handsamast i samsvar vilkåra i PBL §19.2.

Retningslinjene er endra i samsvar med dette.

Dag Bratteberg, brev datert 06.02.2016

Kommunen motarbeider matprodusentane som ønskjer å drive landbruk langs Rotevatnet.

Meiner at kommunen først og framst skal bruke sine midlar til lovpålagde teneseter som: helsetilbod, barnehagar, skule og eldreomsorg

Kommentar: Merknaden er teken til vitande

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev datert 05.02.2016

Automatisk freda kulturminne.

Området vart arkeologisk registrert november 2012. Det vart gjort funn av eit førhistorisk dyrkingslag, ID 169638. Dyrkingslaget er frigjeve utan vilkår om vidare undersøking, viser til brev datert 23.04.2013.

Vi er nøgd med at ID 169638 er lagt inn i plankart med tilhøyrande føresegn §2.4 slik vi bad om i vårt fråsegn i same brev, og har såleis ingen merknader til det vidare planarbeidet.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum angående kulturminne under vatn, og viser også til tidligare fråsegn i saka dagsett 09.01.2012. Museet skriv i epost av 18.01.2016 at dei ikkje kjenner til kulturminne ved planlagd tursti ved Rotevatn i Volda kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Kommentar: Merknaden er teken til vitande

Eldrerådet, brev datert 16.02.2016

Volda eldreråd ser svært positivt på ei realisering av turveg langs Rotevatnet. Det er eit lågterskeltilbod som har stor verdi for eldre.

Kommentar: Merknaden er teken til vitande

Vurdering og konklusjon:

Etter at framlegget til reguleringsplan for turveg Rotevatnet på nytt har vore lagt ut til offentleg ettersyn, har kommunen - etter å ha gjennomgått mottekne merknadar - gjort fleire endringar/justeringar av plankart, planomtale og reguleringsføresegner.

Det mest sentrale grepet som er gjort i planframlegget knytast opp imot fylkesmannen sin oppheving av kommunestyret si godkjenning av førre planframlegg.

Reguleringsføresegnene er endra på det punktet som gjeld naustbygging ved at det no vert gjort gjeldande ei retningsline for handsaming av søknadar om eventuelle slike etableringar innanfor planområdet.

Vidare har ein på grunnlag av mottekne merknadar flytta turvegtrasèen vekk ifrå vasskanten i området Bukta og det er lagt inn ei rekkje vilkår i reguleringsføresegnene som omfattar omsyn til naturmangfaldslova, kulturminnelova, naturkvalitetar, kulturmiljø, tilgang for grunneigarane til området mellom vatnet og turvegen, motorisert ferdsel m.m. Endring av turvegtrasèen i området Bukta er gjort for å ivareta naturverdiar på ein betre måte og er plassert innanfor varsla planområde ved oppstart. Denne endringa samsvarer også i med merknad frå grunneigar og det er vanskeleg å sjå at flyttinga medfører negative konsekvensar for landbruksdrifta.

Dei endringane som er gjort i plandokumenta er vurdert å vere relativt avgrensa i høve planframlegget slik det var utforma ved tidspunktet for utlegging til offentleg ettersyn. Fleire av endringane er til gunst for grunneigarane og dei fleste har positive konsekvensar for naturverdiar/ålmenne interesser og gir etter rådmannen si vurdering ikkje behov for utlegging til nytt offentleg ettersyn.

Det er framleis ein del moment av teknisk karakter som først kan finne si endelege løysing når detaljprosjekteringa av tiltaka ligg føre samt at grunnforhandlingar mellom det offentlege og eigarane av dei respektive eigedomane er fullført. Dette gjeld t.d. korleis drikkevatt for beitedyr, drenering, behov for gjerdehald/led i praksis skal ordnast.

Planomtalen skisserer løysingar på desse utfordringane og ein vonar at kommunen i planframlegget og dokumentasjonen knytt til dette no har gitt svar som – om ikkje alle partane er nøgde – syner at dei er gjennomførbare.

Sett opp imot den samfunnsmessige verdien tiltaka i reguleringsplanen legg til rette for i høve folkehelse, trivsel og naturoppleving for fleire tusen innbyggjarar i nærområda til Volda sentrum, bør dei relativt avgrensa negative konsekvensane ved turvegbygging langs nord- og austsida av Rotevatnet vere akseptable.

Eg syner også til samfunnsdelen i kommuneplanen (vedteken 26.05.2016) der arbeid med folkehelse er halde fram som eit overordna og førande prinsipp som skal ligge til grunn for utviklinga i kommunen. Reguleringsplanen utgjør eit godt grunnlag for investering i betre helse hjå innbyggjarane.

Reguleringsplan for turveg på nord- og austsida av Rotevatnet bør no kunne godkjennast med dei endringar som er gjort etter nytt offentleg ettersyn.

Helse og miljøkonsekvensar:

- For plantelivet er det ikkje negative konsekvensar.
- For fuglelivet vil meir ferdsel i området kunne føre til auka uro.
- Tiltaket vil utgjere ein viktig trivselsfaktor for innbyggjarane.
- Turvegen og friområda vil vere attraktive som leikeområde.
- Tiltaket vil utgjere eit attraktivt tur- og rekreasjonsområde.
- Arena for friluftslivsutøving (bading, fiske m.m.)
- Tiltaket vil medføre etablering av sosiale møteplassar.
- Tiltaket vil vere tilgjengeleg for alle og vere universelt utforma.
- Turvegen vil kunne nyttast som gang- og sykkelveg til og frå jobb/skule/butikk.

Økonomiske konsekvensar:

I nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde er det frå regjeringa si side signalisert auka satsing på friluftslivsområde i og ved byar og tettstader.

Den nasjonale satsinga er fylgd opp med tilskotsordningar for å stimulere kommunar og friluftsråd til å gjennomføre prosjekt med tilrettelegging av slike område – særleg prioritert i denne ordninga er nettopp prosjekt som denne reguleringsplanen legg til rette for; turvegar med lågterskel-standard i nærområdet til stor befolkningsgruppe.

Etter søknad til Miljødirektoratet kan tilskotsordninga dekkje frå 50% og i nokre høve opp til 100% av kostnadane ved oppretting av grunnavtalar. Tilsvarande ordning gjeld for kostnader ved gjennomføring av tiltak t.d. ved sjølve bygginga av turveg.

Det er også mogleg å nytte seg av spelemiddelordninga, der tilskotet for slike prosjekt dekkjer inntil 50% av kostnaden.

For økonomien i Volda kommune, vil det på kort sikt vere ei utfordring å finne midlar til å gjennomføre eit prosjekt som dette som eitt samla tiltak. Det vil derfor vere fornuftig å avgrense kommunen sin innsats til i første omgang til å gjelde oppretting av avtalar på bruk av grunn/sikring av grunn og at ein ser sjølve tilretteleggingstiltaka i eit noko lengre perspektiv.

Når sikring av grunn er gjennomført kan tilretteleggingstiltak – turvegbygging o.a. gjennomførast etappevis tilpassa dei økonomiske rammer som til ei kvar tid gjeld. I første fase kan ein gjennomføre rydding av vegetasjon og etablere sti med mellombelse klopper og elvekryssingar i turvegtraséen. Truleg vil slike enkle tiltak i betydeleg grad kunne organiserast gjennom dugnadar i samarbeid med lag, organisasjonar og einskildpersonar.

I neste fase kan turvegen byggast steg for steg etter kvart som dei økonomiske premissane ligg til rette for det.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Sektor for Utvikling, for kunngjering av plan

Klageinstans:

Fylkesmannen



TEIKNFORKLARING

- Plandata**
- Reguleringsplan - Grønstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)**
 - GN Naturområde
 - TI Turveg
 - GF Friområde
 - Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (PBL2008 §12-5 NR.5)**
 - LNF-LP Friluftsmål
 - Reguleringsplan- Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)**
 - VNV Naturområde i sjø og vassdrag
 - VEV Friluftsområde i sjø og vassdrag
 - VNS Naturområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
- - - - - Planomriss
 ———— Formålsgrense

Kartopplysninger
 Kjelde for basiskart: Statens kartverk
 Dato for basiskart:
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / EuroF89
 Høgdegrunnlag: NGO 1954

Ekvivalens 1:0 m
 Kartmålestokk 1:2700
 0 25 50 75 100 m

REGULERINGSPLAN ETTER PBL AV 2008
Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet

Volda kommune MED TILHØYRANDE REGULERINGSBESTEMMELSER

Areaplan-ID
 Forslagstillar: Volda kommune
 Kartprodusent: Statens kartverk

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Kommunestyrevedtak:				
2. gongs handsaming	Formannskapet			
Offentleg ettersyn frå 10.12.2015 til 08.02.2016				
1. gongs handsaming	Formannskapet	PS 196/15	08.02.2015	tst
FM i Mare og Romsdal vedtak 02.09.15; oppheving avkommunestyrevedtak i sak PS 88/14 19.06.14.				
Kommunestyrevedtak:				
2. gongs handsaming	Formannskapet	PS 88/14	19.06.2014	tst
Offentleg ettersyn frå 19.10.2012 til 27.11.2012				
1. gongs handsaming	Formannskapet	PS 116/14	10.06.2014	tst
Kunngjering av oppstart av planarbeidet 07.12.2011				
Kunngjering av oppstart av planarbeidet 07.12.2011				
PLANEN UTARBEIDD AV: Volda kommune, Sektor for Utvikling				PLANNR. Teikn nr SAKSH.
				2011009 30.03.2017 tst

1. Reguleringsføresegner

§1 – GYLDIGHEITSSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§2 – ANDRE BESTEMMINGAR

§2.1 Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§2.2 Universell utforming

Tiltak på offentlege areal skal i størst mogleg grad tilretteleggast etter prinsippet om universell utforming.

§2.3 Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§2.4 Automatisk freda kulturminne (idnr 169638) er avmerka som bestemmelsesområde i planen. Det er ikkje krav om vilkårsgranskning knytt til realisering av planen.

§2.5 Tilhøvet til naturmangfaldslova og kulturminnelova.

Tiltakshavar pliktar å stanse arbeidet og å gje melding til overordna mynde dersom det under arbeid med gjennomføring av reguleringsplanen vert gjort funn som krev vurdering etter desse lovene.

Planting av framande vekstar er ikkje tillate.

§3 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

§ 3.1 Landbruks- natur- og friluftsmål PBL § 12-5 nr. 5

§3.1.1 Friluftsområde

- Innanfor føremålet **friluftsområde LNF-LF1, LNF-LF2, LNF-LF3, LNF-LF4, LNF-LF5**, er det forbod mot alle typar inngrep, med unntak av tiltak som er naudsynt for landbruksdrifta. Sistnemnde tiltak må vurderast særskild og alternative lokaliseringar må vurderast først. Slike inngrep skal godkjennast av kommunen etter søknad.
- Tiltak som vert gjennomført for å rydde og tilbakeføre strandområda til opphaveleg naturterreng kan gjerast, men etter godkjent plan.
- Det er forbode å settje opp gjerde eller fysiske hindringar mellom turvegen og friluftsområdet. Dette gjeld også skilting som privat område.
- Friluftsområda vil vere i privat eige, men prinsippet om fri ferdsel gjeld.
- Ved søknad om dispensasjon i områda LNF-LF1, LNF-LF2, LNF-LF3, LNF-LF4, LNF-LF5, skal følgjande retningslinjer leggast til grunn:

Retningslinjer:

Eksisterande rettar til bruk av områda mellom turvegen og vatnet skal gjelde. Slik rett kan også omfatte naust der slike ikkje allereie er oppført på vedkomande hovudbruk. Det må søkjast om dispensasjon til oppføring av naust.

Eventuelle nye naust innanfor friluftsområda **LNF-LF1, LNF-LF2, LNF-LF3, LNF-LF4, LNF-LF5** skal i størst mogleg grad samlokalisert med eksisterande naust.

Naust innanfor friluftsområda skal ikkje frådelast, men høyre til hovudbruka i området.

Storleiken på naust skal ikkje overstige 25 m² utbygd areal. Gesimshøgde skal ikkje overstige 2,0 m, Maksimal mønehøgde 3,0 m. Takvinkel mellom 30 og 35 grader. Nausta skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk, med tradisjonell trekledning og med torvtekte tak. Eventuelt kan også skifer/bølgeblikk nyttast.

Farge: tradisjonell fargebruk t.d.: tjærebrunt, tradisjonell raud lødefarge, oker, jordfargar.

§3.2 Grønstruktur PBL § 12-5 nr. 3

§3.2.1 Turveg

- a. Innanfor føremålet **turveg; T1** kan det byggast veg med breidde maksimum 3,0 m.
- b. Tiltak skal tilretteleggast etter prinsippet om universell utforming. Dette medfører m.a etablering av akseptable stigningstilhøve, terskelfrie overgangar og skilting.
- c. Toppdekket skal etablerast med grus som er komprimerbar til fast overflate. Vegen skal ikkje asfalterast.
- d. Sidekantar skal planerast og tilsåast slik at overgangen mellom vegområde og tilgrensande areal; naturområde/dyrkamark/beite vert mest mogleg naturlege. Vegen skal opparbeidast med minst mogleg terrenginngrep. Behovet for grøfting og skjæring/fylling skal reduserast i størst mogleg grad.
Kryssing av bekkar og elvar skal utførast med omsyn til omgjevnadane.
Dei største elvane - som Rotevasselva, Storelva samt einskilde kanalar i Vassbotnen - skal kryssast med bru. Mindre bekkar kan kryssast med stikkrenner, rør eller kulvert. Sportsfiskarlaget skal kontaktast for rådgjeving før sistnemnde tiltak vert iverksett.
- e. Det skal takast særlege omsyn under anleggsarbeid ved froskedammar i området Vassbotnen.
- f. Der det er naudsynt å krysse steingardar skal endane som vender inn mot turvegen murast oppatt og istandsettast på fagmessig vis i tråd med lokal skikk/metode.
- g. Turvegen skal kunne kryssast - på avgrensa stad - med landbruksmaskiner av den som eig eller har bruksrett på den aktuelle teigen.
Motorisert ferdsel etter vegen anna enn til drift og vedlikehald er ikkje tillatt. Det kan oppsettast fysisk stengsel for å hindre ulovleg ferdsel.
- h. Det kan settast opp benkar innanfor vegområdet.
- i. Det kan leggast til rette for lyssetting av trasèen. Armatur og stolpekonstruksjon skal vere utforma slik at ein avgrensar lysspreiing sidevegs.
- j. Under anleggsarbeid med turvegen skal froskedammar i området Vassbotnen visast særlege omsyn.
- k. Mot eigedomar som vert nytta til beite kan det oppsettast gjerde som avgrensing mellom vegområdet og beiteområde på oppsida av vegen. Tilgang til den delen av eigedomane som vert liggande mellom turvegen og vatnet skal ordnast med led.
- l. Moldholer som er registrert i området skal omsyntakast i størst mogleg grad.
- m. Under bygging av turvegen skal eksisterande drengrøfter sikrast mot skade.
- n. Turvegen skal vere offentleg.

§3.2.2 Friområde

- a. Innanfor føremålet **friområde GF1, GF2, GF3 og GF4** kan det tilretteleggast for opphald, oppleving og aktivitet knytt til friluftsliv, herunder opparbeiding av rasteplassar og det kan gjerast skjøtsel av vegetasjon.
- b. Utskifting og påfylling av masser er tillate men skal gjerast i minst mogleg grad. Det kan tillatast oppført mindre bygningskonstruksjonar som skal nyttast i samsvar med føremålet areala er regulert til, t.d. gapahuk, utstyrshytte.
- c. Eventuelle bygg skal utformast i samsvar med lokal byggeskikk med vekt på estetikk og naturtilpassing.
- d. Innanfor føremålet **GF4** kan det byggast parkeringsplass og sanitæranlegg.
- e. Friområda skal vere offentlege.

§3.2.3 Naturområde

- a. Innanfor **naturområda GN1, VNS1 og VNS2** er det ikkje tillate med inngrep anna enn i den hensikt å tilbakeføre fyllingar til opphaveleg eller "naturleg" terreng med etablering av stadeigen vegetasjon.
- b. Inngrep må på førehand vere planlagt og godkjent av kommunen.

§ 3.3 **Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone § 12-5 nr. 6**

§3.3.1 Naturområde

- a. Innanfor **naturområda VNS1 og VNS2** er det ikkje tillate med inngrep anna enn i den hensikt å tilbakeføre fyllingar til opphaveleg eller "naturleg" terreng med etablering av stadeigen vegetasjon.
- b. Inngrep må på førehand vere planlagt og godkjent av kommunen.
- c. **Naturområda VNV1, VNS3 og VNS4** skal behaldast urørt og det er forbod mot alle typar inngrep.

§3.3.2 Friluftsområde

- a. Innanfor føremålet **friluftsområde i sjø og vassdrag; VFV1 og VFV2** skal det kunne leggest til rette for ulike friluftaktivitetar.
- b. Aktuelle tilretteleggingstiltak er påfylling av masser/terrengforming, tilsåing, planting av stadeigen vegetasjon, etablering av fiskeplassar, grillplass, utsetting av benkar og bord, utlegging av flytebrygge, bygging av molo m.m.
- c. For tiltak som medfører endring av terreng gjeld krav om utarbeiding og godkjenning av detaljplan.
- d. Friluftsområda skal vere offentlege.

§ 4.1 Tilhøvet til naturmangfaldslova og kulturminnelova.

Tiltakshavarar pliktar å stanse arbeidet og å gje melding til overordna mynde dersom det under arbeid med gjennomføring av reguleringsplanen vert gjort funn som krev vurdering etter desse lovene.

§5.1 Rekkjefølgjekrav

Løysing for vatn til beitedyr, drenering, gjerde, led m.m skal avklarast før bygging av turveg kan iverksettast

Volda kommune, dato

ordførar


rådmann

Framlegg til

DETALJREGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET

Planid.: 2011009

Planomtale



Volda kommune
Sektor for Utvikling
Revidert: 30.03.2017

Innhald

1. Innleiing

1.1. Oppdragsgjevar.....	3
1.2. Egedoms - og eigartilhøve.....	3
1.3. Planleggar.....	4
1.4. Formål med planen.....	4
1.5. Handsaming.....	4
1.6. Gjennomføring av planen	5
1.7. Overordna planar, gjeldande reguleringsplan, og ev. andre juridiske tilhøve	5

2. Planområdet, eksisterande tilhøve

2.1. Beliggenheit og storleik – med oversiktskart.....	7
2.2. Landskap og vegetasjon, området sin bruk, innhald og tilhøve til omgjevnadar	7
2.3. Kulturminne og kulturmiljø	8
2.4. Naturverdiar	8
2.5. Rekreasjonsverdi	8
2.6. Landbruk	9
2.7. Tilkomsttilhøve og vegar innan planområdet.....	9

3. Planprosessen

3.1. Deltakarar i planprosessen.....	9
3.2. Kunngjering av igangsett planarbeid	9
3.3. Krav om konsekvensutgreiing	9

4. Skildring av planframlegget

4.1. Reguleringsformåla i planen – skildring av kvart formål og avgrensning av desse	10
4.2. Arealoppgåve	10
4.3. Arealbruk i planområdet; turveg m.m	11
4.4. Estetiske tilhøve	15
4.5. Terreng	15
4.6. Vegetasjon	15
4.7. Naturmangfald/biologisk mangfald– kunnskapsgrunnlag og miljørettslege prinsipp (jfr naturmangfaldslova § 8-12)	15
4.8. Universell utforming	19
4.9. Landbruksfagleg vurdering	19
4.10. Born og unge sine interesser	20
4.11. Folkehelseperspektiv.....	20

4.12. Parkering.....	21
4.13. Kartlegging biologisk mangfald.....	21
4.14. Konsekvensutgreiing golfbane	22
4.15. Lyssetting av turveg	22
4.16. 6 meter regulert vegområde	23
4.17. Gjerdeplikt, grunder	23
4.18. Vatn til beitedyr	23
4.19. Prinsipp for val av trasè	23
4.20. Økonomiske konsekvensar for kommunen	24
4.21. Prinsippvurdering i høve naturmangfaldslova §§ 8-12	25
5. Risiko- og sårbarheitsanalyse	27

1.1. Oppdragsgjevar

Volda kommune

1.2. Eigedoms - og eigartilhøve

Kommunar og interkommunale friluftsråd kan også søkje om støtte til tilrettelegging i statlige friluftslivsområde frå investeringsordninga "Tiltak i friluftsområde, kap. 1420 post 78". Ordninga omfattar støtte til opparbeiding av område, tilrettelegging, vedlikehald og skjøtsel. Aktuelle tilretteleggingstiltak er informasjonstavler, tilrettelegging for tilkomst som for eksempel, parkering, turveg, turstiar, toalett, renovasjonsordning, badebrygge, tilplanting, rydding av vegetasjon o.l.

Som aktuelt døme på korleis denne ordninga er nytta lokalt kan nemnast at kommunen i 2016 mottok tilskot til å dekkje 50% av kostnadane ved kjøp av ca 20 da friområde på Andaneset. Det vart her også gitt 50 % tilskot til tilretteleggingstiltak

Når reguleringsplanen er godkjent vil det vere aktuelt for kommunen å forhandle med grunneigarane om vilkår for bruken av grunn til friområda/turveg. Det er ikkje teke stiling til korleis dette skal/kan løysast, men avtalefesting av rettar eventuelt kjøp av grunn/kompensasjon for påført ulempe o.l. vil medføre kostnader for kommunen. Å stipulere grunnpris/leige er ikkje tilrådeleg i denne samanhengen då det kan ha konsekvensar for fastsetting av framtidig prisnivå.

Når det gjeld kostnadane med turvegbygging er det ikkje gjort nøyaktige kalkulasjonar, men erfaringstal tilseier ein pris på omlag kr 2200,- pr meter. På grunnlag av dette vil sjølve vegen ha ein byggeskostnad på omlag 5,3 mill. I tillegg kjem kostnader med bruer over Storelva, Rotevasselva og eit par mindre bekkar i området Vassbotnen. Samla kostnader til 2,4 km turveg mellom Vassbotnen og Botnasanden vert stipulert til omlag kr 7,6 mill.

Det vil også påløpe kostnader til drift av turveganlegget. Dette vil i hovudsak omfatte brøyting, tømning av boskasser, kantslått, tilsyn med stikkrenner o.l. Det vil vere aktuelt å

opprette rutiner der dette vert gjort jamnleg, særleg i sommarhalvåret. Kalkyle for årleg vedlikehald: ca kr 30 000,- /år.

Staten har i samarbeid med kommunane sett i gong arbeid med ein nasjonal handlingsplan for sikring og tilrettelegging av friluftslivsområde. Volda kommune er med i dette arbeidet. Den statlege satsinga signaliserer betydeleg økonomisk deltaking både i samband med oppretting av grunnavtalar og ved sjølve realiseringa av anlegg for slike prosjekt som dette.

Slik statusen for økonomien i Volda kommune er pr i dag, vil det vere ei utfordring å finne eigne midlar til å gjennomføre tiltaka som er nedfelt i planen. Det vil derfor vere fornuftig å avgrense kommunen sin innsats til i første omgang å gjelde etablering av avtalar på bruk av grunn/sikring av grunn og at ein ser sjølve tilretteleggingstiltaka i eit noko lengre perspektiv. Staten ved Miljødirektoratet har etablert tilskotsordning for å stimulere kommunar og interkommunale friluftsråd til å gjennomføre prosjekt med tilrettelegging av friluftslivsområde – særleg prioritert i denne ordninga er nettopp prosjekt som dette; turveggar av lågterskel-standard i nærområdet til stor befolkningsgruppe. Etter søknad til Miljødirektoratet kan ordninga dekkje frå 50% og i nokre høve opp til 100% av kostnadane ved oppretting av grunnavtalar. Tilsvarande ordning gjeld for kostnader ved gjennomføring av tiltak t.d. ved sjølve bygginga av turveg.

Når reguleringsplanen er godkjend og varige avtalar på grunnen er oppretta, vil kommunen kunne realisere tiltak etter kvart som økonomien tilseier at dette er mogleg. I mellomtida vil store delar av områda likevel kunne nyttast ved å etablere mellombelse og mindre kostnadskrevjande løysingar t.d. ved å rydde sti i turvegtraséen.

4.21. Prinsippvurdering i høve naturmangfaldslova §§ 8-12

I fråsegn frå fylkesmannen datert 04.02.2016 knytt til siste offentlege ettersyn påpeikast det at saksdokumenta manglar konkret vurdering av prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova sett opp imot tiltaka reguleringsplanen tilrettelegg for. I samband med kommunestyret si handsaming av sak: Planid 2011009 – detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet – eigengodkjenning (sak 88/14 den 19.06.2014) var dette ein del av saksutgreiinga og dei etterlyste vurderingane har såleis vore på plass og lagt til grunn for planvedtaket. Vurderingane vert gjengitt her.

§8 Kunnskapsgrunnlaget.

I tillegg til oppslag i Naturbase har kommunen innhenta kunnskapsrapport om naturmangfaldet i området der konsekvensar planframlegget har for natur og miljø er vurdert. I rapporten er det også gitt råd om avbøtande tiltak. Rapporten er utarbeidd av Miljøfaglig Utredning AS, som dokumenterer god fagkompetanse på konsekvensutgreiingar og kartlegging av miljøfaglege tema. Kunnskap om verknader av reguleringsplanen er på dette grunnlaget vurdert som tilstrekkeleg.

§ 9 Føre-var-prinsippet.

Det er tilstrekkeleg opplyst kva verknader reguleringsplanen kan ha for naturmiljøet og det ligg ikkje føre risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet som følgje av tiltak angitt i planen eller at ein manglar kunnskap om slike.

Rapporten som er utarbeidd i samband med planarbeidet konkluderer med at naturmangfaldet innan planområdet samla sett er vurdert å ha liten verdi og at ei eventuell gjennomføring av planen vert vurdert å ha middels negative verknader. Dersom avbøtande tiltaka vert gjennomført, er verknad for naturmangfaldet vurdert til å vere liten/inkje negativ. Planframlegget er justert slik at ein imøtekjem i stor grad dei avbøtande tiltaka som rapporten gjer framlegg om. For ikkje å hindre oppvandring av fisk eller skade gyteområder vert Rotevasselva, Storelva og kanalane i Vassbotnen kryssa med brukonstruksjonar utan fysiske tiltak som medfører endringar av sjøve elveløpet. Jmf reguleringsføresegnene (§3.2.1.d). Vidare er turvegtrasèen flytta i noko grad unna vasskanten i området Bukta.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltaka som reguleringsplanen legg til rette for vil endre bruken av landskapet i noko grad, men vil – slik ein vurderer det - ha avgrensa påverknad på økosystemet. Omfanget av ei eventuell bygging av turveg gjennom området vert vurdert som middels negativ, dette gjeld i hovudsak omsynet til einskilde vassfuglartar som kan verte uroa av framtidig ferdsel. Auka ferdsel med folk og dyr (hestar/hundar) vil kunne påverke einskilde fuglearter som hekkar eller nyttar området til næringsøk.

Verknaden av den samla belastninga for landskap, økosystem, naturtypar og artar er gitt ei tilstrekkeleg fagleg fundert vurdering. Den eventuelle negative påverknaden av økosystemet, kan settast opp mot verdien området og tiltaka har som framtidig folkehelsefaktor for innbyggjarane i området. I eit perspektiv der også menneskje er definert som ein del av økosystemet, vil ei tilrettelegging av aktivitetar som stimulerer til fysisk aktivitet og naturoppleving ha betydeleg positiv samfunnsverdi.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar.

Tiltakshavar har betalt utgreiing om planområdet sine naturverdiar der det er gitt anbefalingar om korleis naturverdiane best kan takast vare på. Tiltakshavar har i planframlegget gitt retningsliner for å avgrense eventuelle negative konsekvensar vedrørende naturmangfaldet og har til hensikt å fylgje dette opp under realisering av tiltak nedfelt i planen.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Slik planen med tilhøyrande føresegner er utforma vert skader på naturmangfaldet avgrensa til eit minimum. Dei einskilde tiltaka som planen legg til rette for skal gjennomførast med metodar som ivaretek omsyn til miljøet i tilstrekkeleg grad.

I førebels planskisse har lokal landbruksmynde konkretisert utfordringane som må avklarast mellom jordbruksinteressene og etableringa av turstien. Vidare planarbeid må søkje å finne ei avklaring på dei momenta som er lista opp.

Risiko og sårbarheitsanalyse.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga:

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	F	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?	X	
	g	Er faren for radon vurdert i området?	X	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjere spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/-ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	

	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraft- forsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenliner?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/ forureina frå tidligere bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Bente Thornes Kosberg, 71 25 84 78

Vår dato

02.09.2015

Dykkar dato

27.10.2014

Vår ref.

2014/4603/BETH/421.4

Dykkar ref.

2012/151

Kopi: POL-A1

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/151	Utv. UTV
Løpenr.	Sns TS
04 SEPT 2015	
Arkivdel: Planid	
Klassering P: 2011009	
Klassering S:	

Volda kommune – oppheving av vedtak - reguleringsplan turveg Rotevatnet

Fylkesmannen opphevar kommunen sitt vedtak på bakgrunn av at det er fastsett ei ugyldig reguleringsføresegn knytt til oppføring av naust. Klagen blir såleis tatt til følgje.

Fylkesmannen viser til kommunens ekspedisjon av 27.10.14.

Volda kommunestyre har den 19.06.14, under sak 88/14, eigendokjent detalj-reguleringsplan for turveg Rotevatnet, med tilhøyrande reguleringsføresegner. Føremålet med planen er å leggje til rette for turveg på nord og austsida av Rotevatnet.

Vedtaket er påklaga av fleire partar. Under følgjer ei oppsummering av klagegrunnane:

Paul Robert Rotevatn, 09.07.14

- Reguleringsplanen vil gjere det umogleg med lønsam drift på gbnr 27/3 på grunn av vegbelte og innregulert friområde på eigedom. Dette harmonerer ikkje med kommuneplanen for landbruk.
- Det ligg føre godkjent plan for opprusting av eksisterande kommunal veg (Botnavegen), slik at ferdsel rundt Rotevatnet vil bli godt ivareteke gjennom denne.
- Turvegen vil medføre unødvendige inngrep i naturområde, og det blir etterlyst ei konsekvensanalyse i denne samanheng
- Det ligg ikkje føre estimat på kva prosjektet vil koste, og dette vitnar om lite fokus på økonomi og økonomistyring
- Det blir stilt spørsmål ved bakgrunnen for den strenge reguleringa, som medfører omfattande restriksjonar for grunneigarar med tanke på etablering av nye naust mv.

Roar Driveklepp, 09.07.14

- Viser til at dei har eit naust på friområde GF2 og VFV, ønskjer at dette fortsatt skal bli ståande

Advokat Bjørn Kristian Hove, på vegne av fleire grunneigarar, 10.07.14 og 29.08.14

- Klagen viser til tidlegare innsendte merknader av 27.11.12
- Planen ignorerer vedtak av 25.11.04, der tidlegare planforslag vart returnert med instruks om å finne løysingar som førebygg konflikhtar mellom ferdsel, næringsinteresser, natur- og miljøkvalitetar mv.

Postadresse:
Postboks 2520
6404 Molde

Telefon:
71 25 84 00

E-post:
fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Web:
www.fylkesmannen.no/mr

Org.nr:
974 764 067

- Planen ignorerer konklusjonen i «Naturfagleg vurdering» om å trekke stien lengre opp frå vasskanten, på bakgrunn av intensjon om at stien skal ligg nært knytt til vatnet, ein intensjon som ikkje går fram av plandokument/planprosessen.
- Kommuneplankartet skal ikkje vere styrande for konklusjonen
- Omsynet til folkehelse og trivsel for innbyggjarane gjer det ikkje naudsynt å bygge ned strandsona langs Rotevatnet, da ålmenta har tilgang til vatnet på andre måtar. Turvegen vil derimot bidra til å redusere naturopplevinga.
- Manglande drøftingar med omsyn til negative konsekvensar for landbruket.
- Manglande avklaring av arealbrukskonflikter
- Manglande vurdering/kostnadsrekning av erstatningsansvar
- Arealbrukskategorien friluftsområde kan ikkje nyttast her
- Kravet til kunnskapsgrunnlaget i nml. er ikkje ivareteke. Det blir i denne samanheng vist til at NOF ikkje har vore høyrte i planprosessen, samt faktagrunnlaget og mandatet for den naturfaglege rapporten
- Behov for fagleg utgreiing i høve til landbruksinteressene, ikkje korrekt at aktuelle bruk er nedlagte
- Konflikt med kulturminner
- Folkehelse og trivsel tilstrekkeleg ivareteke utan denne turvegen

Bjørn M. Rotevatn, 12.07.14

- Manglande konsekvensutgreiing
- Den naturfaglege rapporten har vesentlege manglar, sidan premissene ikkje har vore tydelege.
- Feil i ROS-analyse med omsyn til flaumfare.
- Manglande vurderingar av arealbrukskonflikt med omsyn til landbruksinteresser
- Alternativ tilkomst til vatnet langs Botnavegen

Roy Inge Heltne, 22.07.14

- Manglande utgreiing med omsyn til landbruksinteresser
- Misvisande bildemateriale i planomtalen
- Feil mål på avstanden mellom planlagt veg og strandlinje
- Stiller spørsmål ved at det skal settast opp gjerde mellom veg og beiteområde
- Manglande forsøk på å finne løysingar som førebygg konflikter, jf. kommunestyrevedtak av 25.11.04

Tormod Utne og Audhild G. Rotevatn, 23.07.14

- Vedtaket er i strid med gjeldande kommuneplan
- Manglande konsekvensutgreiing, mangelfull utgreiing av naturmangfald og feilaktig grunnlag for miljørapport
- Planen tek ikkje omsyn til raudlista, truga oterbestand i området
- Planarbeidet illustrerer ikkje inngrepet på ein tilfredsstillande måte
- Planen er ikkje godt nok opplyst i høve til naturmangfoldloven
- Alternativ turveg langs Botnavegen

Greg. Rotevatn, 23.07.14

- Planen bryt med grunnleggjande føringar i kommuneplanen
- Etterlyser konsekvensutgreiing for jordbruket
- Manglar ved den naturfaglege vurderinga

- Konflikt med automatisk freda kulturminne
- Alternativ turveg langs Botnavegen

Norsk Ornitologisk Foreining avd. Møre og Romsdal, 30.07.14

- Etterlyser status som høyringspart
- Innspel frå 2004 er ikkje teke med i den nye reguleringsprosessen
- Ikkje gjort tilstrekkelege vurderingar av konsekvensar for naturmiljøet
- Mangelfulle og misvisande vurderingar i planomtalen
- Stiller spørsmål ved faktagrunnlaget for naturfagleg notat og dei vurderingar som er gjort i denne samanheng

Monika Heltne Pöhlmann-Kairies, 31.08.14

- Det har gjennom planprosessen vorte teke lite omsyn til grunneigarane sine meiningar og argument
- Tilhøvet mellom naustrettar og turstien
- Overflødig turveg på grunn av Botnavegen
- Uklarheiter omkring omfanget av tiltaket

Formannskapet behandla klagene i møte den 21.10.14, og under sak nr 186/14 har dei halde fast på vedtaket i k-sak 88/14. I medhald av plan- og bygningsloven § 1-9 er saka etter dette oversend fylkesmannen som klageinstans.

Fleire av klagarane har i brev av 30.10.14 til fylkesmannen peika på fleire ankepunkt som dei meiner kommunen ikkje har teke stilling til i si klagebehandling.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles blir det vist til saksdokumenta.

Fylkesmannens merknader:

Klagene er levert innafør lovbestemt klagefrist, og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak er oppfylt. Fylkesmannen kan etter dette prøve alle sider av saka, jf. forvaltningsloven § 34. Resultatet av klagebehandlinga kan bli at kommunen sitt vedtak blir stadfesta eller oppheva. Fylkesmannen kan derimot ikkje gjere endringar i reguleringsplanen utan å leggje saka fram for kommunen, jf. pbl. § 12-12.

Arealbruk

Av pbl. § 3-2 går det fram at kommunestyret er det øvste plan- og arealbruksmyndet i kommunen. Etter pbl. § 12-1 avgjer kommunestyret, på bakgrunn av ei skjønsmessig vurdering, kva areal som skal regulerast, om det skal gjerast endringar i vedtekne reguleringsplanar, og korleis eit areal skal utnyttast i plansamanheng. Vurderinga blir gjort i samråd med fagorgan og dei som har interesser i reguleringsområdet. Ved denne vurderinga vil det ofte vere ulike omsyn som gjer seg gjeldande. Dei rettslege rammene for lovleg arealbruk i reguleringsplanar er fastsett i pbl. §§ 12-5, 12-6 og 12-7.

Kva som er hensiktsmessig arealbruk innafør desse rammene er ei vurdering som er underlagt det frie skjønet, og fylkesmannen skal i klagebehandlinga leggje vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyre, jf. forvaltningslova § 34, 2. ledd, 3. pkt. Under føresetnad av at dei omsyna kommunestyret har lagt vekt på er saklege ut frå reguleringsmessige og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det i utgangspunktet opp til kommunestyret å

avgjere korleis dei ulike omsyn skal avvegast. Ingen har såleis krav på at ein eigedom skal nyttast på ein bestemt måte i plansamanheng.

Ein reguleringsplan vil ha rettsverknad som oreigningsgrunnlag. Prinsippet om interesseovervekt i oreigningslova § 2, 2. ledd vil difor få betydning ved godkjenning av ein reguleringsplan. Denne regelen tilseier at vedtak om oreigning ikkje kan gjerast «utan at det må reknast med at inngrepet tvillaust er meir til gagn enn til skade». Reint generelt er det lagt til grunn at det er tilstrekkeleg at det ligg føre ei overvekt av grunnar til fordel for tiltaket.

Tilhøvet til kommuneplanen og tidlegare vedtak i regulerings sak

Klagarane meiner at vedtaket er i strid med kommuneplanen for Volda, og viser mellom anna til felles planføresetnader og overordna mål og retningslinjer knytt til landbruk og naturressursar, vedteke 24.04.97. Det følgjer av pbl. § 11-3 at kommuneplanens samfunnsdel, som skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar, skal leggast til grunn for kommunen si eige verksemd. Dette inneber likevel ikkje at det som går fram av den langsiktige planen er rettsleg bindande føresegner, men denne vil gi eit grunnlag for prioriteringar i kommuneplanen sin arealdel.

Det aktuelle området er omfatta av kommunedelplan for Volda sentrum av 18.06.09. Området er lagt ut til turveg også i kommunedelplanen. Arealdisponeringa i kommunedelplanen vil ikkje setje nokon direkte rettslege skrankar for innhaldet i ein reguleringsplan, men vil vere eit styringsinstrument og eit utgangspunkt for reguleringsplanarbeidet.

Klagarane meiner at planvedtaket ikkje samsvarer med det vedtaket som vart gjort i samband med tidlegare planprosess den 25.11.04 der det mellom anna går fram følgjande:
«Kommunestyret sender dei delane av planen som omhandlar turveg på nord- og austsida av Rotevatnet tilbake til DFP. I det vidare arbeidet ber ein om at det vert funne løysingar som førebygg konflikter mellom ferdsel, næringsinteresser, natur- og miljøkvalitetar m.m.»

Det er framleis til dels motstridande interesser som gjer seg gjeldande innfor dette planområdet, men fylkesmannen kan ikkje sjå at tidlegare vedtak i seg sjølv vil vere til hinder for at ein likevel kan vedta reguleringsplanen. I etterkant av dette vedtaket har det vorte vedteke ein kommunedelplan som legg opp til denne arealbruken, og der denne har vore vurdert i ein større samanheng. Det vil ofte vere motstridande interesser med omsyn korleis eit areal skal nyttast, og som nemnt ovanfor er det i utgangspunktet opp til kommunestyret å gjere ei avveging av desse interessene.

Arealbruksføremål

Det er anført av klagarane at arealbrukskategorien friluftsområde ikkje kan nyttast i samanheng med turvegen som planen legg til rette for. Når det gjeld sjølve turvegen er denne vist med arealføremål grønstruktur; turveg, jf. § 12-5 nr. 3. Når det gjeld areala mellom turvegen og vatnet er desse i hovudsak vist som landbruks-, natur- og friluftsføremål; friluftsføremål, jf. § 12-5 nr. 5.

Føremålet grønstruktur kan delast inn i naturområde, turdrag, friområde mv. Eit friområde vil vere eit område som normalt skal tilretteleggast/opparbeidast til bruk for ålmenta, og

som i utgangspunktet skal vere i offentleg eige. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det vil vere i strid med § 12-5 å vise turvegen under føremål grønstruktur.

Føremålet friluftsområde er tenkt nytta for større samanhengande område utanfor tettstader og som er nytta eller skal nyttast av ålmenta til friluftsliv, og der friluftinteressene er meir tungtvegande enn til dømes landbruksinteressene. I motsetnad til friområda er friluftsområda føresett å framleis skulle vere i privat eige, men ålmenta vil ha bruksrett i samsvar med friluftsløven.

Arealet mellom gangvegen og vatnet er i hovudsak vist som friluftsområde, med unntak av enkelte mindre område som er vist som friområde (GF) der det er lagt opp til tilrettelegging for opphald, oppleving og aktivitet knytt til friluftsliv, samt naturområde (GN). I reguleringsføresegnene § 3.2 er det fastsett at det innafør føremålet friluftsområde er forbod mot alle typar inngrep, med unntak av naustbygging og tiltak som er naudsynt for landbruksdrifta. Vidare går det fram at kvart av bruka som har rettar i vatnet kan føre opp 1 naust pr bruk, og at kommunen etter søknad kan dispensere ifrå maksimumskravet frå eitt til to naust pr bruk. Reguleringsføresegnene legg såleis opp til ein rett til å føre opp private naust innafør friluftsområdet. I Planjuss 1/2003 har departementet kome med følgjande uttale om reguleringsføresegner knytt til friluftsområde:

«I friluftsområder er tiltak som nevnt i bl.a. § 93 til annet formål enn allmennhetens friluftsliv som foran nevnt ikke tillatt. Etter departementets oppfatning kan det ikke gis reguleringsbestemmelser om at det i friluftsområder er tillatt å føre opp private naust og brygger. Derimot kan det gis bestemmelser som tillater naust og brygger som er i samsvar med friluftslivformålet, dvs. naust og brygger som skal brukes av allmennheten til friluftsliv. Bestemmelser som tillater andre naust og brygger i friluftsområder vil ikke være gyldige. Slike bestemmelser vil da bare få virkning som retningslinjer for behandling av søknader om dispensasjon fra planen.»

Departementet sin uttale var knytt til reguleringsføremålet spesialområde; friluftsområde etter 1985-loven, men fylkesmannen ser det slik at dette også vil gjere seg gjeldande i høve til arealføremålet i den aktuelle planen. Det vil såleis ikkje vere høve til å fastsetje ei slik føresegn om rett til oppføring av naust i friluftsområda. Når det gjeld opninga for to naust pr bruk, vil fylkesmannen bemerke at det ikkje er høve til å gi eigne dispensasjonsreglar i reguleringsføresegnene. Dispensasjon må såleis vurderast etter den generelle regelen i § 19-2. Reguleringsføresegner om dispensasjon og praktiseringa av dispensasjonsregelen vil difor verte å sjå som retningslinjer.

Det går fram at kommunen gjennom reguleringsplanen har ønska å leggje til rette for etablering av nye naust i området, og at ein ville opne for meir enn eitt naust pr bruk. Vidare har turvegtraseen enkelte stader blitt justert av omsyn til eksisterande og framtidige naust. Rett til å føre opp naust har også vorte teke opp i fleire av klagene. Ein kan såleis ikkje sjå vekk ifrå at bortfall av denne føresegna vil kunne få verknader for planen elles, og fylkesmannen finn difor ikkje å kunne gjere endringar i planen ved å ta ut den ugyldige føresegna. Fylkesmannen er etter dette kome til at kommunen sitt reguleringsplanvedtak må opphevast og saka sendast tilbake til kommunen for ny behandling.

Fylkesmannen vil likevel knyte nokre kommentarar til enkelte av dei andre klagegrunnane.

Konsekvensutgreiing

Klagarane meiner at det er ein saksbehandlingsfeil at det ikkje er utarbeidd konsekvensutgreiing for denne planen.

Det følgjer av pbl. § 4-2 at for reguleringsplanar som kan få «vesentlige virkningar for miljø og samfunn» skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing. Kva for reguleringsplanar som vil omfatta av dette kravet er nærare presisert i Forskrift om konsekvensutredningar etter plan- og bygningsloven av 26.06.2009, som var gjeldande på tidspunktet for utarbeiding av denne planen. Det følgjer av § 2 i forskrifta at reguleringsplaner som inneheld tiltak nemnt i vedlegg I alltid skal behandlast etter forskrifta. Fylkesmannen kan ikkje sjå at denne reguleringsplanen legg til rette for tiltak som er nemnt i vedlegg I i forskrifta, og det ligg såleis ikkje føre noko plikt til konsekvensutgreiing etter § 2.

I forskrifta § 3 er det vidare nemnt kva planar som skal vurderast nærare i høve til kriteria i § 4, og behandlast etter forskrifta dersom planarbeidet blir omfatta av eitt eller fleire av desse kriteria. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at denne reguleringsplanen legg til rette for tiltak eller verksemder som nemnt i vedlegg II. Vidare kan ein ikkje sjå at denne detaljreguleringa inneber endring av kommuneplanen, jf. § 3 bokstav d). Planen vil såleis heller ikkje vere omfatta av denne regelen, og det er difor ikkje noko krav om konsekvensutgreiing.

I tillegg til dei konkrete saksbehandlingsreglane som gjeld for reguleringsplaner, er det óg eit generelt krav om at ei sak skal vere «så godt opplyst som mulig» før vedtak blir treft, jf. forvaltningslova § 17. Forvaltninga har såleis eit sjølvstendig ansvar for at ei sak er tilstrekkeleg opplyst før ein treff avgjerd i saka. Kor omfattande undersøkingar som skal krevjast vil mellom anna avhenge av saka sin karakter, slik at det må stillast strengare krav til klarlegging av dei faktiske tilhøva og vurderinga av relevante interesser og omsyn i saker som gjeld vesentlege inngrep overfor den enkelte borgar.

Underretning og medverknad

Etter § 12-8 skal berørte offentlege organ og andre interesserte varslast ved igangsetting av planarbeid, og etter § 12-10 skal forslag til reguleringsplan sendast på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn, jf. § 5-2 som seier at forslaget skal sendast m.a. private organisasjonar og institusjonar som blir berørt av dette. Det følgjer av forarbeida til plan- og bygningsloven av dette er meint å omfatte «enhver form for interesseorganisasjon eller organisasjon for formål eller hensyn som er relevante for avgjørelsen av den aktuelle plansak. Uttrykket omfatter både landsomfattende interesseorganisasjoner og lokale organisasjoner (...) Planmyndighetene må kunne avgrense utsendelser til det som er naturlig og rimelig ut frå ressurshensyn og sakens betydning. Gjennom offentlig kunngjøring og ettersyn får alle som berøres uansett mulighet til å gjøre sine synspunkter gjeldende.», jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008).

Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) har ikkje vore høyringspart i denne saka. NOF er ein naturvernorganisasjon med hovudvekt på fuglar og fuglevern. Omsynet til fuglelivet i området har vore eit av dei tema i reguleringssaka der det har vore naudsynt med nærare utgreiingar og vurderingar, og NOF ville såleis kunne vere ein naturleg høyringspart i denne samanheng. Dette også sett i samband med engasjement i tidlegare reguleringssak, der NOF har kome med uttale i saka, først saman med Naturvernforbundet, og seinare i eigen uttale

der dei har gått imot godkjenning av planen. Fylkesmannen ser det difor slik at det ville vere nærliggande at NOF vart gjort til høyringspart i denne saka.

Naturmangfald og naturfagleg vurdering

Ein reguleringsplan kan få verknader for naturmangfoldet, og må difor vurderast opp mot føresegnene i naturmangfoldloven (nml). Prinsippa i nml. §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner, men treng ikkje nødvendigvis vere avgjerande for utfallet i saka, da andre samfunnsomsyn kan vege tyngre enn omsynet til naturmangfald.

Nml. § 8 stiller krav til kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg tilhøve til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

I samband med planarbeidet har Miljøfaglig Utredning AS gjort ei naturfagleg vurdering, jf. notat av 29.05.12. Klagarane stiller spørsmål ved faktagrunnlaget og premissene for denne vurderinga. Klagarane hevdar at det ved bestillinga ikkje var opplyst om den korrekte storleiken på tiltaket. Som det går fram av notatet har kartlegginga teke utgangspunkt i planområdet. Vidare har konsulenten den 22.05.12 motteke ei førebels planskisse, der turvegen er markert. I sistnemnde er omgrepet «turveg» nytta for tiltaket. I notatet har ein nytta omgrepet «sti», men utan at det er sagt noko om kva ein legg i dette omgrepet og utan at det er teke noko atterhald med omsyn til storleiken av ein slik tursti. Fylkesmannen har såleis ikkje haldepunkt for å seie at konsulenten ikkje har hatt korrekte og tilstrekkelege opplysingar, men det er heller ikkje dokumentert i saka kva opplysingar om tiltaket som har lege til grunn for utarbeidinga av rapporten. Det vil difor kunne vere hensiktsmessig for det vidare planarbeidet om kommunen søker å få ei avklaring av om rapporten er dekkande for tiltaket.

Som nemnt ovanfor finn fylkesmannen å måtte oppheve kommunen sitt reguleringsvedtak, på bakgrunn av at det er fastsett ei ugyldig reguleringsføresegn knytt til oppføring av naust, og ein finn difor ikkje grunn til å gå inn på ei nærare vurdering av dei momenta som elles er teke opp i klagene.

Fylkesmannen seier seg lei for at det har tatt lang tid å få behandla denne saka.

Fylkesmannens vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven § 1-9, jf. forvaltningsloven § 34 og rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet, opphevar fylkesmannen Volda kommune sitt vedtak i sak nr. 88/14.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningsloven § 28.

Eventuelle krav om sakskostnader må setjast fram innan 3 veker etter at dette brevet vart motteke. Kravet skal avgjerast av fylkesmannen, jf. forvaltningsloven § 36.

Partane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
Ass. fylkesmann

Janne Woie

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Roar Driveklepp	Uravegen 10 b	6104	VOLDA
Norsk Ornitologisk Foreining, avd. Møre og Romsdal v/Olav Runde	Kveldsro	6096	RUNDE
Roy Inge Heltne	Vikebygdvegen 67	6104	VOLDA
Monika Heltne Pöhlmann-Kairies	Hundertpfundweg 7		München
Bjørn Rotevatn	Botnavegen 16	6104	VOLDA
Greg. Rotevatn	Botnavegen 5	6104	VOLDA
Tormod Utne og Audhild Rotevatn	Vikebygdvegen 200	6104	VOLDA
Advokatene Aarsæther, Hove og Tynes v/adv. Bjørn K. Hove	Postboks 815	6001	ÅLESUND
Paul Robert Rotevatn	Botnavegen 7	6103	VOLDA

Vi viser til mottatt Detaljreguleringsplan og til punkt 3.3 2) der Volda Golfklubb sine merknader er tatt inn. Kommentaren frå Volda Kommune ser grei ut: «...ein vurderer det som overkomelege utfordringar å samordne golfbaneinteressene med realisering av turveg.»
Vi vil likevel presisere følgjande:

Volda Golfklubb har stadig aukande aktivitet og nivået på spelarane blir betre og betre. Dette betyr at mange etter kvart slår langt. Ein golfball i full fart, dvs over 200 km/t, er livsfarleg. Vi ser tydeleg nå at det vil vere nødvendig med fysiske hindringar som gjerde e.l. slik at turgåarar, t.d. barn, ikkje kan stikke inn på bana og drivingrangen.

Med helsing
Volda Golfklubb
Harald Indresøvdde, leiar.

Volda Jeger og Sportsfiskarlag

Postboks 59

6101 Volda

www.njff.no/volda

voldajegerogfisk@gmail.com

Org.nr: 991852999



Volda, 6. januar 2016

Høyringsfråsegn Planid 2011009 Reguleringsplan Turveg Rotevatnet

Vi har ingen vesentlege merknader, men ber om at følgande vert tatt omsyn til.

- Øyravassdraget er eit vassdrag med anadrom fisk som Volda Jeger og Sportsfiskarlag har kultivert i lang tid. Ved opparbeiding av tursti rundt vatnet med kryssing av elvar og bekker, må ein ikkje hindre fiske i å gå opp i sideelvane for å gyte. Spesielt må ein ta omsyn ved legging av rør/ kulvert under turvegen, slik at desse ikkje vert fiskeperrer (unngå nivåforskjell i høve vatnet). Spesielt sjøauren kan gyte i forholdsvis små bekkar.
- Årneset friluftsområde er populært. Mange nyttar parkeringsplassen der som utgangspunkt - også for turar langs vatnet. Behovet for parkeringsplassar vil truleg auke ved ei realisering av ein turveg også på nordsida av vatnet. Ofte er parkeringsplassen i dag for liten. Ein bør difor ta høgde for ei mogleg utviding av parkeringsplassen nordover på Gnr 20 bnr 1. Det er til tider stor aktivitet på Årneset, og ei evt bustadutbygging her kan kome i konflikt med utøving av friluftaktivitetar på Årneset, jamfør det ein har erfart ved VTI-sine anlegg.

Hans Martin Dypvik
leiar (sign.)

Syner til brev datert 10.12.2015.

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Med helsing

Toralf Otnes

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: toot@nve.no

Web: www.nve.no





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlende enhet:
Region midt

Saksbehandler/telefon:
Per Norvald Walderhaug /
90288380

Vår referanse:
15/251979-2

Deres referanse:

Vår dato:
14.01.2016

Detaljregulering – Offentleg ettersyn – Reguleringsplan turveg Rotevatnet – Volda kommune – PlanId 2011009 – Fråsegn

Vi viser til e-post datert 11.12.2015 med vedlagte dokument vedrørende offentlig ettersyn av plan for Detaljregulering turveg Rotevatnet.

Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknad til at reguleringsplanen vert stadfesta.

Plan- og trafikkseksjonen
Med hilsen

Lisbeth Smørholm
Seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse	Telefon: 02030	Kontoradresse	Fakturaadresse
Statens vegvesen		Vestre Olsvikveg 13	Statens vegvesen
Region midt	firmapost@vegvesen.no	6019 ÅLESUND	Landsdekkende regnskap
Postboks 2525			
6404 MOLDE	Org.nr: 971032081		9815 Vadsø

Vedr. Volda - Detaljplan - Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet - Offentleg ettersyn. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 11.12. 2015. Me viser også til tidligare fråsegn i saka dagsett 09.01. 2012.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved planlagd tursti ved Rotevatn i Volda kommune som kan bli direkte råka av reguleringa.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Marinarkeolog
55 54 96 02
marinarkeologi@sjofartsmuseum.no

From: torgeir.stenso@volda.kommune.no [mailto:torgeir.stenso@volda.kommune.no]
Sent: Friday, December 11, 2015 10:03 AM
To: Anders.roynstrand@mrfylke.no; torgeir.stenso@volda.kommune.no; post@mrfylke.no; postmottak@fmmr.no; firmapost-midt@vegvesen.no; rv@nve.no; marinarkeologi@bsj.uib.no; plan.mrf@statkart.no; postmottak@volda.kommune.no
Subject: Volda - Detaljplan - Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet - Offentleg ettersyn

Denne e-posten inneheld plandokument sendt gjennom skjemaløysninga for oversending av plansaker på nettsida til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vi ber om at mottakar journalfører oversendinga og eventuelle vedlegg for vidare saksbehandling/dokumentasjon.

For meir informasjon om skjema for oversending av plansaker, sjå [Møre og Romsdal fylkeskommunes nettside](#).

Vedlegga for denne saka er for store for å kunne sende på epost.

*Du kan laste dei ned via denne lenka:
https://mrfylke.no/mr_form/download/8691b04a2da810ca10aa9dcbd7f22701*

Volda - Detaljplan - Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet - Offentleg ettersyn

Dato	11/12 2015
Mottakarar	post@mrfylke.no postmottak@fmmr.no firmapost-midt@vegvesen.no rv@nve.no marinarkeologi@bsi.uib.no plan.mrf@statkart.no postmottak@volda.kommune.no
1.1 Kommune	Volda
1.2 Avsenders referanse sak / arkiv nr.	2012/151
1.3 Avsender	Kommunen selv
2. Prosess / frist	
2.1 Plantype	Detaljplan
2.2 Gjeld mindre reguleringsendring	Nei
2.3 Plannamn	Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet
2.6 Prosess nivå	Offentleg ettersyn
2.11 Antall offentlege ettersyn	2
2.12 Avgrensa offentlig ettersyn	Nei
2.13 Utgreiingar	Uten konsekvensutgreiing
2.14 Høyringsfrist	08.02.2016
2.15 Plan-ID	2011009
3. Vedlegg	
3.1 Oversendingsbrev	Oversendingsbrev.pdf
3.5 Planomtale	PLANOMTALE REGULERINGSFOERESEGNER revidert 25.11.2015.pdf
3.6 Føresegn	Reguleringsfoeresegner_25.11.2015.pdf
3.7 Plankart PDF	Plankart.pdf
3.8 Plankart SOSI	PlanId_2011009_detaljreguleringsplan_turveg_Rotevatnet.sos
3.9 Politisk behandling	Formannskaps-sak PS 196-15_dato_08.12.2015.pdf

3.14 Andre vedlegg

Brev fraa fylkesmannen datert 02.09.2015.pdf

Bjørn M. Rotevatn
Botnavegen 16
6104 VOLDA

Volda kommune
Sektor for utvikling
Stormyra 2
6100 VOLDA

Volda 1. Februar 2016

MERKNADAR TIL PLANFRAMLEGG - TURVEG ROTEVATNET (Arkivsaknr. 2012/151)

Det er med stor undring vi mottek nytt planframlegg som i svært liten grad gjer greie for moment sendt frå fleire partar i tidlegare handsaming av saka. Eg reknar med tidlegare innspel følgjer saka, men ønskjer likevel å fokusere på nokre moment:

RAPPORTEN FRÅ MILJØFAGLIG UTREDNING AS

I saksdokumentet til formannskapet forsøker sakshandsamar å klargjere eitt av punkta det var tvil om i førre handsaming. Det er no sendt e-post til Miljøfaglig utredning AS med spørsmål om korleis dei vurderte oppdraget sidan omgrepet tursti i stor grad var nytta. Selskapet «antar» at vurderingane også omfattar det ein vanlegvis oppfatar som turveg. Vi konstaterer at sakshandsamar framleis unnlét å presisere at det planlagde tiltaket er eit regulert vegområde på 6 meter inkl. grøfter, med muligheiter for belysning. Vi ber Volda kommune innhente stadfesting frå Miljøfaglig utredning på at deira rapport framleis er korrekt med slik skildring av tiltaket. Dette er relevant med tanke på om naturmangfaldlova vert etterlevd.

NATURMANGFALDLOVA

Fylkesmannen presiserte i førre handsaming at ein reguleringsplan kan få verknader for naturmangfaldet, og må difor vurderast opp mot føresegnene i naturmangfoldloven (nml.). Av miljøverndepartementet sin rettleiar til nml går det fram at aktsomheitsplikta i §6 medfører to plikter:

1. *Enhver skal søke å gjøre seg kjent med hvilke naturverdier som kan bli skadelidende.*
2. *Den enkelte skal «gjøre det som er rimelig for å unngå skade på naturmangfoldet».*

Nml. §8 stiller krav til kunnskapsgrunnlaget om naturmangfoldet. Manglar knytt til dette er påpeika av fleire partar i førre handsaming av saka. Vi meiner rapporten frå Miljøfaglig utredning ikkje er dekkande sidan den er laga på uklare premiss.

Nml. §7 stiller krav til at sakshandsamar må vurdere konkret i kva grad avgjerda faktisk medfører at naturmangfaldet vert påverka, enten positivt eller negativt. Sakshandsamar viser til rapport frå Miljøfaglig utredning AS som vurderer turvegbygginga slik:

Omfanget av ei eventuell bygging vert vurdert som middels negativ, dette med tanke på vassfugl som lett vert uroa om stien kjem nær vatnet. Verknaden av utbygginga vert med dette middels negativ. Om avbøtande tiltaka vert følgd opp, blir vurdering for omfang og verknad for vassfugl lite/inkje negativ.

Rapporten inneheld tilrådinga: «Særleg er det i området mellom Bukta og utløpsosen av Storeelva, det vil være uheldig å føre stien for nær vatnet». Likevel er ikkje dette rådet imøtekomme i planframlegget. Grunngevinga for dette er at intensjonen med turveg kring Rotevatnet ligg i at han vert liggande nær knytt til vatnet. Etter vår vurdering skal ikkje ein intensjon med ein turveg gå framfor råd frå rapporten og regelverk i naturmangfaldlova.

Sakshandsamar oppsummerer ikkje korleis han vurderer at naturmangfoldet vert påverka sidan råda ikkje vert følgde, så vi må då gå ut frå middels negativ verknad.

I planomtalen pkt. 2.4 er det nemnt 9 raudlista fuglearter i området. I tillegg har vi i førre handsaming av saka sendt fotodokumentasjon og informasjon om ynglande oter i biotopen. Oteren er også raudlista, og Miljøfaglig utredning AS har unnlatte å sette denne på artslista. Vi reknar med dette kan ha samanheng med at det berre er bestilt ei vurdering av fuglelivet – såleis ei mangelfull bestilling.


Av rettleiaren frå Miljøverndepartementet går det fram at reguleringsplanar som berører naturmangfald som eit utgangspunkt skal handsamast grundig. Desse vurderingane er blant anna avhengig av framtidig arealdisponering, kor mykje naturmangfald som vert råka, om tilstand i ein vannforekomst vert råka, og i kva grad det er raudlista artar eller verdifulle kulturlandskap i området. Vi meiner dette i høgste grad er gjeldande for planområdet.

Føre-var-prinsippet i Nml §9 er sentralt i denne saka. Forvaltninga har plikt til å reagere og gjere nødvendige grep når det er risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfoldet. Forvaltninga har også ei handlingsplikt der ein art eller naturtype går sterkt tilbake. I slike tilfeller må forvaltninga vurdere kva som skal gjerast for å unngå irreversibel skade på arten eller naturtypen. Dette er etter vår vurdering ikkje utført i handsaminga av turvegen.

I denne saka er det altså 10 raudlista artar i området, og likevel vurderer ein at intensjonen med turvegen er viktigare enn naturmangfoldet. I denne saka har også kommunen fått motstridande faglege råd, men valt å ikkje ta omsyn til Norsk Ornitologisk Forening i førre handsaming av saka. Dette er også kommentert av Fylkesmannen. I slike situasjonar vil det vere naturleg å tillegge føre-var-prinsippet i §9 meir vekt i saka, jf rettleiaren frå Miljøverndepartementet.

ALTERNATIV VEGTRASÉ

Vi saknar framleis ei vurdering av alternativ vegtrasé i planframlegget. Vi meiner dette er nødvendig for å unngå området ved Bukta. Ved å legge traséen på vår eigedom ovanfor ridebana kan ein redusere problemstillingane knytt til Bukta. Ein vil få litt motbakke – men vi trur ikkje dette er skadeleg for folkehelsa. Nedanfor er utsnitt frå planframlegget som viser at vegen går rett gjennom området Miljøfagleg utredning AS er mest opptatt av å ta vare på.



LANDBRUK OG KULTURLANDSKAP

Konsekvensane for landbruket er kommentert i fleire tidlegare klagar. Likevel unnlét ein å svare på problemstillingane i utgreiingane. Vegen vil i stor grad hindre framtidig landbruksdrift på dei 16 bruka langs vatnet. Dette er alvorleg, men tydelegvis ikkje viktig så lenge ein får realisert vegen. Nokre aktuelle problemstillingar som ikkje er drøfta er: Drikkevatt til dyra som nyttar Rotevatnet til vasskjelde, gjerdehald, grunder, vedlikehald av drengrofter og bandtvang. Vi forventar gode løysingsforslag til desse utfordringane.

Det er også fleire moldholer i området som etter kva vi forstår er automatisk freda kulturminner. Dette er ikkje særskilt belyst i omtalen anna enn «Teke til vitande». På Rotevatn er det dyrkingsspor allereie frå før-romersk tid (tidfesta ved utgraving både ved Botnavegen og ved bygging på Åbakken, ved kjemperøysa). Det er ikkje tatt omsyn til dette i planen.

KONSEKVENsutGREIING

Basert på tidlegare gjeldande forskrift såg ikkje Fylkesmannen eit direkte krav om konsekvensutgreiing, men han påpeika tydleg forvaltninga sitt sjølvstendige ansvar. No er tidlegare vedtak oppheva, og saka vert handsama på nytt. Vi går då ut frå at det er forskrift om konsekvensutgreiing gjeldande frå 1. januar 2015 som skal nyttast i desse vurderingane ved ny handsaming. Vi ber på nytt om vurdering av konsekvensutgreiing i saka.

ØKONOMISKE KONSEKVENsar FOR KOMMUNEN

Det vert lagt opp til vedtak utan at ein kjenner kostnadsramma for prosjektet. Vi ber dei folkevalde reflektere over kva framtidige kostnader vedtaket medfører. Slik berekning vert også levert i uttale frå annan part i saka.

Bjørn Magnar Rotevatn

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/151	Avd. utv
Løpnr.	Sks 1erste
29 JAN 2016	
Arkivnr. Vikebygda 26.01.2016	Planid
Klassering	2011009
Klassering S	

Tormod Utne/Audhild G. Rotevatn
Vikebygdvegen 200
6104 Volda

Volda kommune


Høyringsfråsegn reguleringsplan turveg Rotevatnet, saksnr 2012/151

Vi har fleire vesentlege merknader, jfr klage av 23.07.2014, som enno ikkje er realitetshandsama av Fylkesmannen, då kommuna sjølv felte planen ved å bruke feil reguleringsføresegn. Desse står ved lag.

I denne høyringsrunda vil vi påpeike følgjande:

1. For det første er miljørapporten laga på feil premis, då tiltaket som skulle miljøvurderast sitt omfang ikkje vart opplyst (Miljøfaglig Utredning AS har utgreidd "sti", ikkje seks meter breitt veganlegg med gatelys). Fylkesmannen har og påpeika denne kritiske svakheiten, om rapporten er dekkande for tiltaket. Konsulent Gaarder i MU stadfester faktisk denne uklårheita i epost av 15.10.2015, og sår ytterlegare usikkerheit om rapporten er dekkande: "...indirekte **antar** jeg nok at våre vurderinger også omfattet det en vanligvis oppfatter som en turveg,..." (vår utheving). Antakingar er ikkje nok, det er strenge krav til kunnskapsgrunnlaget i Naturmangfoldlova (NML). Om ikkje ein ny, uheldig miljørapport vert utarbeidd, vil dette garantert bli juridisk prøvd.
2. Det er kritiske manglar i sjølve naturutgreiinga, som gjer at tiltaket er i konflikt med kravet til kunnskapsgrunnlag etter NML Kap. II, § 8. Raudlista artar (virveldyr) har fast tilhald i våtmarksområdet på nordsida av vatnet og i vassdraga som vert kryssa av veganlegget, men **dei er unndrege artslista i miljørapporten**. Arten vert jamnleg observert og er dokumentert med m.a. foto. Dette er Volda kommune gjort merksame på, utan at dei tek omsyn til det. Grunneigarar og kjentfolk bistår gjerne i ei ny, objektiv kartlegging, jfr § 8 i NML. Om mangelen ikkje blir retta på kan det utløyse klagehandsaming hos Fylkesmannen, Sivilombodsmannen og dei delar av rettssystemet som ivaretek brot på miljølovar. Det er i NML lovfesta føre var-prinsipp som betyr at bevisbyrden for miljøforsvarlegheit ligg på den som vil gjere naturinngrepet. Når det manglar vesentleg kunnskap kan ikkje inngrepet bli tillate. Då sakshandsamar tinga rapporten, fekk konsulentane beskjed om "å fokusere på fuglelivet" (16.03.12). Også her har sakshandsamar lagt premis for utgreiinga som gjer at rapporten inneheld alvorlege feil: truga dyreartar (VU) er definert vekk og blir ikkje sikra vern etter Bernkonvensjonen sine krav. Å aktivt sjå bort ifrå dokumentasjon om dette, er særleg alvorleg.
3. **Styr unna automatisk freda kulturminne**: På Rotevatn er det stadfesta dyrking av jord tilbake til førromersk tid (410-380 f.Kr), vi ber om at traseen vert styrt utanom dei hittil ikkje undersøkte moldholene aust for Rotevasselva (eldgamal teknikk for å utvide vekstsesong, inn mot "Den vesle istid" i mellomalderen). Desse er med all sannsynlegheit eldre enn frå 1537 og automatisk freda etter Kulturminneloven Kap II, § 4.c.

Med vennleg helsing,



Tormod Utne og Audhild G. Rotevatn
Komande drivarar av gnr. 27/12

Naturvernforbundet i Volda og Ørsta,
Lokallag av Norges Naturvernforbund.

3.02.2016

Volda kommune.

Vårt syn på planutkastet til turveg rundt Rotevatnet.

Etter vårt syn vil den store verdien turvegen vil få for friluftsliv og folkehelse, vege tyngre enn belastninga den vil få på natur og kulturlandskap.

I dei naturfaglege vurderingane støttar vi rapporten frå Miljøfagleg Utredning AS frå 2012. Den finn vi grundig og dekkjande.

Vi vil og støtte opp om dei avbøtande og kompensierende tiltaka i rapporten , og tek ikkje dei opp att her. Men vi vil legge vekt på forslaget om å trekke vegen lengre vekk frå vatnet ved Bukta.

Omsynet til fuglelivet i Bukta bør gjere det mogeleg å vurdere ei vegline i oppkant av ridebana.

Vi vil sterkt gå imot lyssetjing av turvegen. Kunstig lys vil hemme naturmøtet i vandrainga rundt Rotevatnet. Skumring, stjernehimmlen og måneskin kan lett forsvinne der det er kunstig belysning.

Det må komme fysiske hinder for motorisert ferdsel, og turvegen må i bredde og utforming få omlag same standard som turvegen mellom Årneset og Volda stadion.

Med helsing frå Naturvernforbundet i Volda og Ørsta.

Greg. Rotevatn
Botnavegen 5
6104 Volda
gregrotevatn@hotmail.com
Telf 97 56 30 12

Volda 2.februar 2016.

Volda kommune
Sektor for utvikling
Stormyra 2
6100 Volda.

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/151	Ans. UTV
Løpnr.	TORGSTE
04 FEB 2016	
Arkivnr.	
Klassering P:	
Klassering S:	

Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet. Arkivsak nr. 2012/151

Merknader til planen.

Vi syner til våre tidlegare innsende fråsegner til saka. Skadeverknader og problem som turvegen vil føre med seg, har til no vorte «høvla» ned i sakspapira og nærast gjort til inkje. Problema har såleis ikkje «kome på bordet» og vorte drøfta i dei politiske organa.

Vi bed difor formannskapet/kommunestyret ta opp til drøfting problemområda vi vil peike på nedanfor, og kome med konkrete svar.

Kommuneplanen.

I Kommuneplanen, det viktigaste styringsdokumentet til kommunen, kan vi lese under «Langsiktig del, felles planføresetnader s. 4 : *Hovudmål og retningslinjer for bruk av naturressursane :* *Målsetjing: Det er eit hovudmål for kommunen å ta vare på naturressursane, naturmiljøet og biologisk mangfald på ein slik måte at ein ikkje øyder føresetnader og livsgrunnlaget for framtidige generasjonar. «Føre- var» prinsippet ----*

Vidare finn vi under *Retningslinjer: For arealbruken skal følgjande retningslinjer leggjast til grunn: Dyrka og dyrkbar jord må vernast om. Inngrep i jordbruksareal for å ivareta andre samfunnsinteresser må gjerast med stor varsemd. Gjennom arealplanlegginga skal ein ta vare på kvalitetane i natur- og kulturlandskap og nærmiljø---*»

Korleis kan ein gangveg på nordsida av Rotevatnet «harmonere» med måla og retningslinjene ovanfor, kva meiner formannskapet/kommunestyret?

Jordbruket.

Gjerdeplikt.

Dersom turvegen vert bygd, vil han skjere over alle bytelinene mellom gardsbruka og opne opp heile landskapet for beitedyr.

Vil Volda kommune ta ansvar for dette og, som avbøtande tiltak, syte for at fullgodt gjerde med naudsynte grunder vert sett opp og halde ved like?

Drikkevatn for beitedyr.

Turvegen vil, slik planen ligg føre, avskjere beitande husdyr frå drikkevasskjelda, Rotevatnet.

Vil Volda kommune syte for at det vert lagt opp drikkevatn som erstatning for den tapte drikkevasskjelda?

Drensrøfter.

Drensrøftene i kulturlandskapet gangvegen vil skjere av har, naturleg nok, avlaup til Rotevatnet.

Vil Volda kommune bere ekstrakostnadene turvegen vil føre til med omsyn til å halde ved like drensrøftene som går til Rotevatnet?

Rydningsrøysene.

For å kunne drive jordbruk på steinrik morenejord, som vi har i Vikebygda, må overskotsstein frå drifta deponerast på rydningsrøysene. Desse ligg i stor mon i strandsona av Rotevatnet. Vil Volda kommune gi garantiar for at rydningsrøysene, som kvart bruk har i strandsona, kan brukast i framtida om ein turveg vert bygd?

Moldholene.

Søraust for Ridebana på Vollane (27/1), nær vatnet, ligg Moldholene.

Moldholene dekkjer eit areal på fleire da og strekkjer seg frå vasskanten omlag 100m oppover i terrenget.

Moldholene er det jordstykket bøndene på Rotevatn, gjennom hundreåra, henta mold frå som dei brukte m.a. til å molde kornåkrane seint på etterm vinteren/våren for å kunne få starte våronna tidleg nok.

I dag kan vi sjå dette kulturminnet som «groper» i grunnen .Omfanget av molduttaket er så omfattande at det må ha vore i bruk i svært lang tid.

Etter reguleringskartet å dømme, kjem den planlagde turvegen i konflikt med Moldholene.

Dette kulturminnet har diverre «gått under radaren» til arkeologen som gjorde undersøkingane. Eg syner til rapporten s. 9 , punkt 5.2 underpunkt 2: *Det finnes nedgravinger langs Rotevatnet som er «moldhole» og de vart brukt til ca. 1940. Masser som var gravd og samlet i dette området ble dekket over veier å forebygge frysing.*

Sitatet ovanfor syner tydeleg at arkeologen har mistydd den informasjonen underteikna gav under synfaringa (Gregor Rotevatn er i dokumentet vist til som informant).

Det som står i rapporten om Moldeholene er ikkje rett.

Som fylgje av dette har Moldholene ikkje vorte granska av arkeologen.

Det ligg føre fleire arkeologiske rapportar som gir kunnskap om jordbruksdrift og busetnad på Rotevatn i førhistorisk tid:

Dokumentasjonen syner at det har vore jordbruksdrift for meir enn 2000 år sidan og at det må ha vore fast busetnad for meir enn 1000 år sidan på Rotevatn .

Med dette som bakgrunn er det , med stor overvekt, sannsynleg at deler av Moldholene er langt eldre enn året 1537 og såleis må vere eit automatisk freda kulturminne.

Sjå Lov om kulturminner (kulturminneloven): Kap II §3, §4 og §9.

Som vi har peika på ovanfor har Moldholene ikkje vorte«fanga opp» i den arkeologiske rapporten . Dette mishøvet har Volda kommune , som tiltakshavar, plikt til å få retta opp.

Vil Volda kommune ta fatt i dette og syte for at naudsynt arkeologisk granskning vert utført ?

Eller vil formannskap/kommunestyre syte for at vegen vert lagt på nordsida av Moldholene?

Vi vonar no at formannskapet/kommunestyret vil ta fatt i dei utfordringane vi har peika på, og tek gangvegsaka opp til ny heilskapleg vurdering.

Mvh


Greg. Rotevatn


Herdis Rotevatn



Volda kommune
Utvikling

Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/151	Avd. Utv. Ørsta
5 FEB 2016	
Arkivdel:	Planid
Klassering P	2011009
Klassering S	

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2016/171	1255/2016	NEDREKLEPP	Q21	04.02.2016

FRÅSEGN FRÅ LANDBRUKSKONTORET I SAK 2012/151 VOLDA DETALJREGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET

Landbrukskontoret legg til grunn at areala nord/nordøst for Rotevatnet er eit stort og produktivt jordbruksområde som det er viktig å forvalte godt for framtida med omsyn til jordbruket.

Fråsegna har i rimeleg grad dokumentert dei landbruksfaglege interessene og den arealbrukskonflikt som kan oppstå ved anlegg av turveg Rotevatnet. Ein ber om at den landbruksfaglege fråsegna vert vektlagt i den politiske handsaminga for detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet.

Volda formannskap gjorde 08.12.2015 vedtak om å leggje ut detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet til nytt offentleg ettersyn. Planframlegget ligg ute med merknadsfrist 8.februar 2016.

Den 19.06.2014 eigengodkjende Volda kommunestyre detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet. Fylkesmannen oppheva kommunen sitt vedtak i brev av 02.09.2015.

I Fylkesmannen si oppsummeringa av klagegrunnane frå klagarane hadde ein m.a. med desse punkta knytt til landbruk:

- Manglande drøftingar med omsyn til negative konsekvensar for landbruket (adv. Bjørn Kr. Hove)
- Manglande avklaring av arealkonflikter (adv. Bjørn Kr. Hove)
- Behov for fagleg utgreiing i høve til landbruksinteressene, ikkje korrekt at aktuelle bruk er nedlagte (adv. Bjørn Kr. Hove)
- Manglande vurderingar av arealbrukskonflikt med omsyn til landbruksinteresser (Bjørn M. Rotevatn)
- Manglande utgreiing med omsyn til landbruksinteresser (Roy Inge Heltne)
- Etterlyser konsekvensutgreiing for jordbruket (Greg. Rotevatn)

Frå planomtalen i revidert plan (sitat frå tekst knytt til landbruk):

Pkt 2. Planområdet

Pkt 2.2 Landskap og vegetasjon, området sin bruk, innhald og tilhøve til omgjevnadane.

Planområdet består av landbruksareal med varierende bonitet og dyrkingsgrad. I hovudsak ein blanding av fulldyrka mark, blandingsskog med relativt høg bonitet, overflatedyrka jord, innmarksbeite samt einskilde område med jorddekt fastmark. Delar av planområdet omfattar og areal i Rotevatnet.

Pkt 2.6 Landbruk

På dei eigedomane som er berørt av planarbeidet er det i dag ikkje aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding. Dyrkamarka er til dels nytta til fôrproduksjon, dels til beite for husdyr/storfe. Dei områda som vert beita utgjer for ein stor del leigeareal knytt til gardsdrift annan stad i bygda. Delar av jordbruksareala i Vassbotnen er disponert til golfbane.

3.3 Innspel

13) Fylkesmannen i Møre og Romsdal

"Det må takast omsyn til landbruksinteressene ved utarbeiding av reguleringsplan for turveg Rotevatnet".

Fråsegn frå landbrukskontoret ved førre framlegg til plan, dagsett 05.06.2012:

Landbruksfagleg vurdering:

Området turvegen er planlagt å gå gjennom har stort potensial for rasjonell jordbruksdrift. Heilt frå Heltneelva og til Botnasanden er jorda dyrka eller dyrkbar. Opp til fylkesvegen/Rotevatn skogsveg er dette difor eit område som bør skånast mot omdisponering. Få av eigedomene har no sjølvstendig jordbruksdrift, men areala er bortleigde og nytta til slått og/eller beite. Det er gledeleg at fleirtalet av grunneigarane viser i uttalene sine at dei ser det som viktig at det i framtida skal vere lagt til rette for jordbruk i området. I tillegg til verdien området har som produksjonsareal for landbruk, har det og verdi som sentrumsnært kulturlandskap.

Omsyn til jordbruksdrift:

Mykje av arealet kan ha jord som høver til ulike åkerproduksjonar. Med gjeldande rammevilkår er det likevel produksjon av gras til slått og beite som er aktuelt. Det er då vesentleg å leggje til rette for drift av samanhengande areal. Arealet nedanfor turvegen vil vanskeleg verte drivverdig. Det er difor viktig også av arealøkonomiske omsyn at vegen vert lagt så nær ned mot vatnet som muleg. For beitebruken er sjølv sagt gjerdehaldet viktig. Gjerdeplikta langs vegen må klargjerast, og dersom denne fell på grunneigarane må dette kompenseras. Beitedyra må ha tilgang på nok, godt vatn i beitet. Der Rotevatnet har vore vasskjelda må dette erstattast.

Omsyn til kulturlandskap:

Ein viktig del av arbeidet med å leggje til rette for vern og bruk av kulturlandskapet er å gjere det tilgjengeleg for ålmenta. Slik sett vil turvegen vere positiv. Det er viktig at vegkroppen vert lagt fint i terrenget og at fyllingar/skjeringar vert minst muleg og med stabil skråning. Dersom dette ikkje er muleg må det vurderast natursteinsmurar. Det må takast omsyn til verdifulle element i kulturlandskapet som t.d. steingardar og naust."

Fråsegn til nytt framlegg til detaljreguleringsplan for turveg Rotevatn, revidert 25.11.2015:

I den førre fråsegna som gjev ei god beskriving av landbruket og landbruksinteressene i området. Når ein no legg fram ein revidert plan og då landbruksforvaltninga i ettertid er omorganisert finn ein det naturleg å kome med ei fornya/supplerande fråsegn.

Landbruksfagleg vurdering:

Området turvegen går gjennom har stort potensiale for rasjonell jordbruksdrift. Området er sydvent med rikt jordsmonn, god bonitet og høveleg helling. Areala som ikkje alt er oppdyrka er dyrkbare. Som sist har ein både sjølvstendig drift og areal som vert drive som leigejord. Dagens landbruksføretak er avhengige av leigejord, og dei fleste føretaka har meir leigejord enn eigd jord. Det er ingen ideell situasjon men diverre eit vilkår for å få økonomi i jordbruket. Uavhengig av kven som er drivar kan vi stadfeste at jordbruksareala i området er i drift. Pr. i dag er det 7 ulike føretak som har drift her. Det vert feil når ein i planomtalen omtalar at det *ikkje er aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding*. Ein har her tradisjonelt drift med beiting av sau, storfe og hest, i tillegg til at store delar av areala vert brukt til fôrproduksjon. Areala gjev med andre ord produksjon av kjøt frå sau/storfe og grovfôr.

Omsyn til jordbruksdrift:

Jordbruksareala vert brukt som beite eller til fôrproduksjon. Veglina er i hovudsak lagd i kanten av jordbruksareala, men nokre stader kan den skjere av mindre areal. Vegen vil gå langs areal med beitedyr/landbruksaktivitet. Forhold som må takast omsyn til og vurderast nærare er t.d.: drikkevatn for beitedyr, drengrofter som kryssar veglina, tilkomst til areala sør for veglina, gjerdehald, gjødsling med husdyrgjødsel, m.m.

Landbrukskontoret meiner at desse punkta må takast omsyn til i planforslaget :

- a) Ein føreset at planen kjem nærare inn på korleis ein vil sikre drikkevatn til beitedyra som no hentar dette i vatnet (vasspostar).
- b) Ei rekkje stader går drengrofter som vil krysse veglina. Desse må sikrast mot skade, i tillegg til at ein må supplere med nye stikkrenner.
- c) Landbrukseigedomane må sikrast tilkomst til areala på nedsida av turvegen.
- d) I dag utgjer vatnet eit naturleg gjerde. Dette må erstattast med gjerde langs vegen.
- e) Jordbruksareala vert/kan verte gjødsla med husdyrgjødsel. Her må brukarane av vegen respektere at vegen går gjennom eit jordbruksareal.

Omsyn til kulturlandskap:

Vegen vil gå gjennom eit viktig kulturlandskap med dyrka jord og beite. Klima gjer at ein i beita har varmekjære lauvtre som mange stader gjev fine jordbrukslandskap. Det må takast omsyn til verdifulle element i kulturlandskapet som steingardar, rydningsrøyser, naust, mv. Vegen må og byggjast slik at det vert gode overgangar mot tilstøytande jordbruksareal slik at ein ikkje får ulemper knytt til drift av jordbruksareala.



Liv Bente Viddal
seksjonsleiar



Roger Nedreklepp
fagansvarleg skogbruk

Høyringsuttale PLANID 2011009

Viser til mottekne dokument om vedtak av PLANID 2011009 Turveg rundt Rotevatnet som har blitt lagt ut for nytt offentleg ettersyn. Underteiknande etterlyste eit kostnadsoverslag på vegen sist denne saka var ute på høyring. Det er viktig at dei folkevalde og innbyggjarane i kommunen får vite kva vegen faktisk kjem til å koste. Vi er alle kjende med at Volda kommune har økonomiske utfordringar og er avhengig av å gjere rette prioriteringar av midlane.

I framlegget til Detaljreguleringsplan (planid 2011009) er det i punkt 4.15 teke inn eit avsnitt om økonomiske konsekvensar og vegen er stipulert til å koste 6,9 million kroner. Dette svarer til ein meterpris inklusive bruer på 2875 kroner. På side 21 under punkt 4.3 er det laga ei skisse over normalprofilen på vegen ein ser føre seg å bygge. Utbyggjar har tidlegare argumentert for at vegbanen må vere om lag 3 meter brei, grunna behov for tilkomst med brøyte- og vegvedlikeholdsutstyr. Dersom ein held fast ved at vegen skal vere mogleg å nytte med tradisjonelt lettare vegvedlikehaldsutstyr (for eksempel traktor) og at vegen skal byggast som skissert i teikninga som syner normalprofilen er ein pris på kroner 6,9 mill, tilsvarande 2875kr pr meter ein utopi.

Underteiknande jobbar med anbudsrekning på veg/vegdrift dagleg i rolla som innkjøpsdirektør i Mesta as. I samarbeid med Dagfinn Rotevatn, byggeleiar i Statens Vegvesen med svært lang fartstid innan bygging og kalkyle av veg har vi gjennomført ei grovkalkyle på vegen basert på den input som er tilgjengelig i plandokumentet og tatt høgde for at vegen skal være køyrbar for lettare vegvedlikeholdsutstyr. Det er også tatt høgde for bruk av pullertbelysning som tilrådd i reguleringsføresegnene. Kalkylen basert på normalprofilteikning i plandokumentet med merknadar for kvar prosess er vedlagt dette brevet slik at alle tal kan kvalitetssikrast. På lik linje med utbyggjar har kostnadar knytta til grunnverv og kompensasjon til grunneigarar ikkje blitt tatt med i reknestykket.

Som det framgår av vedlegget er ei nøktern kalkyle for vegen på 14,3 mill (inkl mva), dette svarar til ein meterpris på 5976 kroner inklusive bruer. Årlege drift og vedlikeholdskostnader av vegen kjem naturlegvis i tillegg.

Som skattebetalar til Volda kommune saknar eg eit sterkare fokus på økonomien og fokus på realisme i forhold til faktiske kostnadar før prosjekt som dette vert

trumfa igjennom/oppstarta. Det høyrer med til historia at ein nesten parallelt med turvegen som ein no vurderer å bygge har ein flott og belyst gangveg når den vedtekne Botnavegen vert bygd om kort tid slik det har kome lovnadar om.

I saksdokumentet datert 08.12.2015(arkivsak 2012/151) er det på siste side tatt med eit avsnitt om økonomiske konsekvensar. I dette avsnittet går ein i stor grad vekk i frå ei strukturert og heilheitleg utbygging av vegen som er skissert i planomtalen. Det vert vist til at det viktigaste er å sikre seg grunn/areal og deretter kan ein ta resten stegvis. Dette vil være å halde innbyggjarane, inklusive grunneigarane for narr då ein går vekk i frå premissar knytta til ivaretaking av eksisterande næringvirksomheit (hovedsak jordbruk), miljø og dyreliv, og ivaretaking av universell utforming for å nevne nokre få. All erfaring tilseier at ei stegvis utbygging sjeldan er den rimeligaste løysinga for ein utbyggjar.

Mvh Paul Robert Rotevatn

Volda kommune
Sektor for Utvikling

Turveg Rotevatnet, merknader fra innehaver av 27/4

Merknader til nevnte sak.

Jeg stiller spørsmål om det er avklart om det er tursti eller turveg som det planlegges- opprinnelig var det vel en fortsettelse av turstien langs elva ned til sentrum som var planlagt.

Jeg har fått høre at eierne av gårder på nedre Heltne leier bort grunn til denne stien for en lengre periode-hvorfor er ikke dette foreslått for grunneierne lenger fremover?

En løsning slik den er foreslått fra saksbehandlers side, med båndlegging av arealet mellom en eventuell sti eller vei langs vannet og ned til vannet er totalt uaktuelt å godta. Dette fordi det er et unødvendig tiltak som vanskliggjør grunneiers bruk og disponering av arealet. Dag Bratteberg leier nå jorda på mitt bruk og har søkt om tilskudd til å gjerde inn området mot Rotevatnet til kulturbeite og det vil fremover bli ryddet opp i kratt etc. Det er uaktuelt å godta at et eventuelt husdyrhold skal bli vanskliggjort ved et gjerde på oversiden av en eventuell vei eller tursti. Skal en vei eller tursti anlegges må det utarbeides alternativer der en tar hensyn til fortsatt husdyrhold langs vannet. Det er ikke ville dyr en har med å gjøre og dyr og mennesker må kunne ferdes fritt i samme område. At dyrene forblir på sitt beite kan sikkert løses ved benytte trapper/grinder etter Engelsk mønster. Ved at en ikke omdisponerer grunnen, mellom veien/turstien og Rotevatnet så unngår en problemet med naustbygging og fremtidig vedlikehold av disse.

Det synes som saksbehandler i liten grad har forsøkt å komme grunneierne i møte ved tidligere saksgang, kan det være at det fra dennes side har gått så mye prestisje i saken at en ikke makter å se på løsninger som både ivaretar turfolkets ønske og grunneiernes ønsker.

Mh
Geir K Rotevatn

Friluftsföreninga Volda (FFV) ønskjer å gi følgande innspel til reguleringsplanen turveg rundt Rotevatnet:

FFV ser på turvegen rundt Rotevatnet som ei viktig lavterskel friluftsf- og folkehelseiltak. Området ved Rotevatnet (Volda stadion- Årneset-Rotevatnet) er eit område som etterkvart har tilbod om mange ulike aktivitetar, både for organiserte og uorganiserte og for innbyggjarar i alle aldrar. Dette bør vere eit område ein utviklar vidare. Det ligg også nær bebyggelse slik at svært mange har lett tilgjenge. Turvegen vil vere eit viktig supplement til området,- ein vil kunne ferdast fritt utan biltrafikk og på ein turveg tilnærma utan stigning. Vi trur turvegen vil føre til at området vert endå meir brukt. Eit slikt aktivitetssområde og med ein turveg som går langs vatnet er er svært viktige kvalitetar for ein tettstad som Volda, og ikkje minst: eit viktig friluftsf- og folkehelseiltak.

Mvh Friluftsföreninga Volda v/styret

www.friluftsföreninga.no

Volda kommune
Sektor for Utvikling
Stormyra 2
6100 Volda

Sendt pr e-post til: postmottak@volda.kommune.no

07.02.2016

Merk: arkivsaknr 2012/151

Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet – høyringsuttale frå gnr 27, bnr 10

I tilsendt skriv merkar eg meg at det er framheva at planen inngår i eit LNF-F område. Eg vil framheve og fasthalde at det er L'en (for Landbruk) som må prioriterast i området. Eg merkar meg også at det vert framheva at planen omhandlar fastlegging av arealformål. Eit slikt inngrep i arealet kan ikkje omhandle berre arealmessige problemstillingar. Gjer ein det, vil ein kome til å undervurdere kraftig mellom anna brukskonflikter. Derfor må ein slik plan sjå lenger enn til arealdisponering.

1 Planprosessen

Planleggande eining har bestemt seg i utgangspunktet og for lenge sidan for kva som er rett utfall av planlegginga. Rett nok har kommunen ei open og imøtekomande innstilling, så interessentar har fått uttale seg på fleire måtar og ved fleire høve. Realiteten er likevel at planleggande mynde har bestemt seg for kva for eit argument som veg tyngst. Alle innvendingar og motargument vert tolka i dette perspektivet. Same kva argument vi framfører, så kan planleggande mynde hevde at deira argument veg tyngre. Det tilsende materialet til denne høyringsrunden er ikkje oppdatert i eitt og alt. Til dømes er ikkje punktet 1.5 Handsaming oppdatert. Det adderer seg opp til mitt inntrykk av at ein tenker utfallet er gitt, vi skal berre gjennomføre prosessen først. At Fylkesmannen har tulla oss inn i ein uviktig formaldiskusjon i prosessen, brukar eg ikkje tid på.

Sakshandsamar vil melde tilbake til besluttande mynde at planprosessen er gjort og gjort etter boka. Fordi konklusjonen egentlig er flagga i utgangspunktet, så meiner eg planprosessen ikkje framhevar konfliktene godt nok og ikkje vektar argumenta godt nok. Etter mitt syn er landbruket sine interesser, behov og brukskonflikter bagatellisert i planarbeidet.

2 Planområdet

Det området som planen grip inn i er eit landbruksområde. Då er det svært ulogisk å lage eit planområde som går på tvers av strukturen i landbruksområdet og som avgrensar seg til eit utsnitt av landbruksområdet. Har planleggande mynde bestemt seg i utgangspunktet for at dette ikkje lenger er landbruksområde? I så fall er eg usamd. Dette er landbruksområde og skal vere landbruksområde.

Landbruksområdet i denne delen av bygda er utsett for press. Frå vest pressar utbyggingsinteresser på. Frå aust pressar fritidsinteresser på representert ved golfbane og hestesportanlegg. Frå nord pressar utbyggingsinteresser på, men er foreløpig greit avgrensa av bygdevegen. Alle desse pressar på med sine klattvise reguleringsplanar eller utbygging med manglande reguleringsplanar. No pressar fritidsinteressene på også frå sørsida, også dette med ein klattvis reguleringsplan. Det vi treng for dette området er ei samla vurdering av korleis landbruksområdet skal disponerast framover.

Vi vil ikkje ha klattvise reguleringsplanar som et opp landbruksområdet sakte, men sikkert. På lenger sikt og for området sett i heilskapleg perspektiv, er det dette som skjer med ein slik plan. Meiner nokon at området ikkje lenger skal vere landbruksområde, så må ein ha mot til å stå fram og seie at det er heilt greit at landbruksområdet vert regulert vekk bit for bit. Planleggande og politiske mynde må innsjå at seier du ja til det eine tiltaket og den eine tiltakshavaren, så blir det vanskeligare å seie nei til den andre og den tredje.

Eg vil også nemne at når planområdet grensar til ei stor golfbane og eit stort hestesportanlegg, som begge må reknast som fritids-/friluftaktivitetar, så finn eg det pussig og kortsiktig at ikkje planområdet inkluderer i det minste desse to anlegga.

Sakshandsamar vil forklare besluttande mynde at planstrukturen er på plass, kommunedelplanen ligg der som tidligare, planlegginga er gjort og prosessen er gjort etter boka. Etter mitt syn tek ikkje planen og planområdet reelt sett inn over seg at dette er eit landbruksområde. Ein bagatelliserer det aktive landbruket i området og omdisponeringa av landbruksareal som i realiteten skjer i området. Politiske mynde bør sjå dette momentet og returnere planen med beskjed om å utvide planområdet til å gjelde heile området mellom Rotevatnet, Botnavegen/Vikebygdvegen og vest til Heltneelva.

3 Landbruksinteressene

Landbruket er dessverre på defensiven for tida. Det er synd at ein i planprosess og planområde også skal la denne defensive haldninga til landbruk få råde. Dette vert kraftig forsterka av at fagmynde i kommunen også ser ut til å bagatellisere landbruket i området. Ser det nye sammenslåtte landbrukskontoret med Ørsta sameleis på saka i dag også? I punkt 2.6 Landbruk i plandokumentet står det at det ikkje er aktiv landbruksdrift («i tradisjonell forstand») på eigedomane. Dette er direkte feil, og eg undrar meg over kva ein meiner med «i tradisjonell forstand». På mitt bruk er det like aktiv drift som tidligare. Rett nok leiger eg vekk jorda til ein som driv aktivt jordbruk, men «aktiv landbruksdrift» kan ikkje vere definert av at det er eg eller den som til ei kvar tid eig, som driv det. «Aktiv landbruksdrift» er definert av aktiviteten, ikkje kven som eig der. Det er ei gåte for meg korleis ein snur dette til at det ikkje vert drive aktivt landbruk i området.

Den foreslåtte turvegen ligg i randsona av landbruksområdet. Det er kanskje ein av grunnane til at ein overser landbruksinteressene og brukskonfliktene med landbruket. Landbruk er ikkje berre slåttemark, traktor og stort utstyr. I vårt tilfelle er beitedyr sentralt og har alltid vore det i dette området. Planen peikar på dette, men viser i realiteten ikkje korleis brukskonflikta med beitedyr skal løysast. Beitedyra er store og vennlige, men urbane friluftsmenneske går ikkje nødvendigvis så godt sammen med dei. Derfor må avgrensingane mellom brukarar takast skikkelig på alvor. I tillegg er det faktisk slik at når ein avgrensar (gjerder inne), så skaper ein nye problem. Det er berre eit spørsmål om tid før nokon lar ei grind stå open og dyra kjem seg ut. Ein flokk dyr på nokre hundre kilo kvar vil kome til å bevege seg langs turvegen. På grunn av gjerda vil dei ikkje så lett kome seg nokon annan stad.

Store beitedyr treng også store mengder vatn, det monnar ikkje med ei bømte i ny og ne. Tilgangen må vere stor og kontinuerlig, og vatnet må vere godt, så her er tilgangen vi har til vatnet unik. Sjølv på vårt kant av landet, er det på sommarstid heilt vanlig at nede i vatnet er einaste tilgangen på skikkelig drikkevatt for dyra. Ein kan teoretisere om andre løysingar på behovet for drikkevatt for dyra, men dette blir berre tull og ressursløsing når vatnet alltid har vore der og fortsatt vil vere der. Denne tilgangen må oppretthaldast for beitedyra i området.

Landbruk er elles ein arealkrevande aktivitet. Vi har alltid nytta arealet mot vatnet som ein del av det samla landbruksområdet. Det ein i dag syns er idylliske område, er kanskje ei steinfylling frå den tida området ovanfor vart dyrka opp. Slik har vi nytta området til å legge frå oss på, og til å hente frå, når vi har hatt behov for det. Sand til ymse formål har vi også gjort oss nytte av i tidligare tider. Og vi har laga nye sandstrender når vi har reinska opp ei grøft eit stykke oppover. Samspelet har vore og er godt.

Vi registrerer at planen ønsker å avskjere vår bruk av området ved vatnet. Sjølv om det er tatt atterhald om bruk for landsbrukformål, så inneber planen sin måte å løyse dette på i praksis som ei avskjering. Dette vitnar om at ein vektlegg for lite samspelet og korleis heile landbruksområdet vert nytta. Dette kan vi vanskelig akseptere så lenge vi snakkar om eit landbruksområde.

Vi har alle lett for å verte kortsiktige, lett for å sjå berre vår eigen tid, og ikkje minst har vi lett for å vektlegge tyngst kva som lønner seg akkurat no. Eg syns det er synd at kommunen, som skal sette arealbruken inn i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, bagatelliserer landbruksinteressene og overser brukskonfliktene slik det vert gjort i denne planen. Når slike brukskonflikter skal løysast, må ein ta utgangspunkt i kven som kom først. Landbruket var her og har ikkje bedt om å få denne avskjeringa av området.

Sakshandsamar vil forklare besluttande mynde at planstruktur og -prosess er på plass og landbruksinteressene har vorte høyrde. Problemet er at sakshandsamar framstiller landbruket som nærast ikkje-eksisterande og brukskonfliktene som minimale. Besluttande mynde bør returnere planen med beskjed om at det må revurderast om landbruksområdet skal disponerast på denne måten og forvitre sakte, men sikkert.

4 Privat eigedomsrett

Vi har eigd dette området i nokre hundre år. Slik planen er utforma vil vi i praksis miste råderetten over området. Eg veit godt at motargumentet er at det ikkje vil skje. For den som set seg inn i saka, vil ein likevel forstå at det er det planen legg opp til i praksis. Vi vil ha same rett til å vere i området som alle andre, naturlegvis, men vil i praksis ikkje kunne vere der eller gjere noko der som ingen andre kan. Å definere området som friluftsområde er storsamfunnet sin litt avanserte måte å annektere eit område utan å gjere opp for seg. Samtidig kan kommunen i ein kvar samanheng hevde at det er nokon andre som eig området. Dette er naturlegvis vanskelig for grunneigar å akseptere.

Dersom ein meiner at interessene for å få gjort tiltaket er så stort at det er nødvendig å ta frå grunneigar råderetten til området og ansvaret for området, så får ein ha mot nok til overta ansvaret for området også. Vi ser mange eksempel på at kommunal eigedom forfell. Etter mitt syn er ein tent med å ordne dette på ein måte slik at private har eigedomsretten. Då må ein også ha fridomen og ansvaret. Ingen vil ha ansvar for noko som ein ikkje har fridom til å ta vare på.

5 Privat rekreasjon

Området er på mange måtar ein utvida del av vår hage. Vi er vane med dyra og lever greit saman med dyra når vi brukar området. Plandokumentet neglisjerer så glatt retten til det private rekreasjonsområdet, at det brukar eg ikkje tid på å argumentere for. Vi har denne muligheita og denne retten i dag. Vi deler den gjerne, mykje og med mange, men vi vil ikkje miste den. Som vanlig, nær sagt, registrerer vi at private rettar blir vegde og funne for lette, til og med neglisjerbare, samanlikna med ålmenta sine interesser.

6 Konkrete planmoment

Dersom ein vil tillate at landbruksområdet vert delt opp og at landbruksområdet forvitrar sakte, men sikkert, så må ein i det minste gjere følgande endringar i plandokumentet:

- 1) **Beitedyr på gnr 27, bnr 10;** beitedyr må ha kontinuerlig tilgang til vatn. Eg ber difor om at det på 27/10 vert regulert inn ein kulvert som vert dimensjonert slik at dyra kan gå gjennom/under vegen og ned til vatnet. Terrenget rundt den elva som er midt på eigedomen er slik at det ligg godt til rette for å gjere dette. Tiltaket inneber også at det må gjerdast med gode gjerde på begge sider av turvegen i dette området.
- 2) **Gjerdeplikt;** eg vil at kommunen sin gjerdeplikt skal inn i reguleringsplanen. Det er kommunen som vil gjennomføre eit tiltak og som sjølv sagt har gjerdeplikta. Eg veit også at eg blir møtt

med motargumentet at dette skal takast i prosessen med grunnavståing, men det vil ikkje eg. Dette er akkurat den måten planprosessar driv med bondefangeri; ein får vite at dette skal kome seinare. Når ein kjem til «seinare», så har ein blitt spelt ut. Det er kommunen som skal ha gjerdeplikta, gjerdet skal vere dimensjonert og vedlikehalde for å halde dyra innanfor beitet, og ansvaret for det skal stå i reguleringsplanen.

- 3) **Ferdsle langs turvegen**; turvegen vert lagt på den delen av arealet der det høver best å bevege seg på tvers av eigedomen. Det skal derfor spesifiserast i reguleringsplanen at vi har rett og muligheit til bevege oss med traktor langs vegen så langt vår eigedom strekker seg. Dette inneber også at på vår eigedom, 27/10, må vegen vere brei nok til ein traktor, og gjerdeplikta må inkludere plikt til å halde minimum 2 grunder på begge sider langs vår eigedom. Ei grind i eine enden er ikkje tilstrekkelig fordi ein ikkje kan bevege seg på tvers av området med traktor nedom vegen. Subsidiært kan ein vurdere å bygge kulverten (ref pkt 1) så høg at den køyrast gjennom med traktor. Husk, gode lesar, at vi har ikkje bedt om dette tiltakte. Det er kommunen som vil legge denne hindringa gjennom vårt område.
- 4) **Drenering**; deler av området er vasstrekt fordi det myrlendt. Andre deler er vasstrekt fordi dyrkingsgrøfter endar akkurat i det området vegtraséen er tenkt lagt. I dag løyser naturen og fallet i terrenget dette. Ein veg vil avskjære fleire av dagens naturlige og tilrettelagde dreneringar. Dette er ikkje uløyseleg, men det må gå klart fram av plandokumentet at alle endringar i terrenget som inneber vassproblem er kommunen sitt ansvar. Dette inkluderer også at avløp frå ny drenering ikkje vert plassert på min eigedom utan å gå heilt i vatnet. Også her vil motargumentet vere at dette skal takast «seinare». Nei, det skal ikkje det. Ansvaret for dette skal plassert no.
- 5) **Detaljreguleringar**; I reguleringsplanar er det ein sterk tendens til å ville regulere «den gode smak». Takvinklar, takdekke, veggjar og slike detaljar endrar seg over tid. Det må vere rom i reguleringsplanar til å kunne utforske og utvikle kva som er god smak. Eg gir ikkje konkrete endringsforslag, men oppmodar til at ein vurderer kor snevre rammer det egentlig er naudsynt å ha i reguleringsføresegner og i dette nye, artige omgrepet «retningsliner».

7 Er dette rett prioritering?

Kommunen har store økonomiske utfordringar. Kommunesammenslåing(ar) endrar neppe dette. Som grunneigar i området ser eg det ikkje som mi oppgåve å halde orden på kommunale budsjett, men denne turvegen vil verte svært kostbar. Det forbausar meg ikkje om vi er over 10 mill kroner for dette prosjektet. Eg betalar gjerne min skatt, men som innbyggjar ville eg ikkje like at dette blir prioritert føre endå viktigare basisoppgåver. Sakshandsamar argumenterer for at det er store tilskot å få til slike prosjekt. Men kven skal betale dei kanskje 50% som Staten ikkje betalar då?

Det er viktig å kome seg ut i naturen, for alle grupper av folket, og kommunen har ansvar for å tilrettelegge for dette. Ein turveg langs nordsida av Rotevatnet vil naturlegvis verte eit fint slikt tilbod. Den vil ligge fint i terrenget og inngrepa som vil krevast i naturen, frå eit natur- og miljøperspektiv, er etter mitt syn handterlige. Trass i dette, så meiner eg at brukskonflikten med landbruksområdet er undervurdert i planprosess og plandokument. Eg ber om at det igjen vert vurdert om det i eit langsiktig og heilskapeleg perspektiv er rett å la dette gode landbruksområdet verte redusert frå alle kantar. Her er det ikkje snakk om at enkeltsaker som denne vegen åleine er avgjerande. Summen av alle inngrepa mot landbruksområdet er det som over tid er øydeleggande.

Dersom kommunen framleis konkluderer med at planen må vedtakast, så ber eg om at mine innspel til endringar i planen på gnr 27 bnr 10 vert tekne omsyn til.

Med venleg helsing

Sindre Rotevatn

vert sendt via e-post postmottak@volda.kommune.no

Volda Kommune,
Sektor for Utvikling v/Torgeir Stensø
Stormyra 2
6100 Volda

München, 07.02.2016

**Gjeld melding om Politisk vedtak. Nytt offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet.
Arkivsak 2012/151. Arkivkode 2011009.**

Eg har lese gjennom planen og vedlegga og vil gjerne fremje mi meining, og ønskjer at mine punkt blir omfattande svara på og tekne alvorleg denne gongen av Kommunestyret, Formannskapet og ordføraren. Eg legg difor ved alle tidlegare innsende dokument. I dette brevet legg eg fram nokre punkt som eg spesielt vil peike på, og eg synst bør prioriterast.

1. Er Arbeidet med Botnavegen sett i gang? Kvifor er det ingen framgang der? Har kommunen brukt opp all kapasitet (både personal og økonomi) på å kaste bort pengar på ein turveg? Kommunen lova at Botnavegen skulle prioriterast. Kvifor har det ikkje skjedd noko syneleg her enno?
2. Når kjem Kommunen til å betale det den er skuldig – (sakskostnadane som vart kravde frå Advokat Hove for grunneigarane innan fristen i 2015)? Kvifor starta kommunen prosessen på nytt før den har gjort opp for seg frå siste omgang?
3. Kva kostar heile planarbeidet og omsetjinga av planen? Korleis vil Kommunen finansiere dette? Korleis vil kommunen erstatte krav frå grunneigarane – (det blir mest sansynleg ikkje aktuelt med løysningar for kvar enkelt)?
4. Kva kostar vedlikehaldet av denne stien/vegen? Kva er kalkulasjonen av dette?
5. Kor stort er arealet som blir berørt av planframlegget – (vennligst oppgje totalt areal i m²)?
6. Eg kan ikkje sjå at kommunen har forandra på Planomtalen til "Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet" sidan 2012 bortsett frå at nausretten har vorte teken bort. Har Kommunen tenk å overføre planleggingsarbeidet til fagfolk med kompetanse innanfor slikt planleggingsarbeid og koordinasjonsarbeid?
7. Eg ønskjer endeleg klarlegging om det til slutt er snakk om ein "Sti" eller ein "Veg".
8. Eg protesterer imot at det blir etablert eit ekstra "Friområde" på grannen sin grunn (gnr 27/bnr 7). Her har eg aldri blitt høyrte! Dessutan må trasévalget for vegen revurderast og fjernast minst 40m frå vasskanten.
9. Eg kan ikkje sjå at planen frå 25.11.2015 er ny og ønsker ein verkeleg ny detaljreguleringsplan, der det er tatt med svar på alle spørsmål som er blitt stilte tidlegare av alle berørte partar og viser til vedlagde dokument, spesielt "Innspeil+Merknadar+Protest til Planframlegget PLANID 2011009-Reguleringsplan Turveg Rotevatnet-Offentleg Ettersyn-Sak 191_12 Monika November 2012". Her har eg enno ikkje fått tilstrekkeleg svar på alle mine spørsmål.
10. Korleis sikrar Kommunen naturvernkrava når det gjeld raudlista arter som er berørte (t.d. vipe og oter)?
11. Planen er i strid med stortingsmeldinga om friluftsliv. Planen er i strid med fleire overordna planer, mellom anna Kommunedelplanen for Volda sentrum. Planen grip i urettmessig form inn i landbruksareal (dei løysningane som har vorte framlagde er utilstrekkelege).
12. Tek dei kommunale myndighetene og ordføraren på seg ansvaret for dei store negative verknadane som "Tiltaket turveg på nord og austsida av vatnet" har for denne og komande generasjonar? Og korleis vil dei overta dette ansvaret?

Eg håper at merknadane mine kan vere til nytte, og eg ser fram til at planen til slutt blir lagt til side og ikkje vert vedteken.

Med vennleg helsing

Monika Heltne Poehlmann-Kairies

Volda og Dalsfjord bondelag
v/Erlend Koppen
Koppevegen 87
6133 LAUVSTAD

Volda Kommune
Utvikling

**Høyringsuttale frå Volda og Dalsfjord bondelag
DETALJREGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET**

Styret for Volda og Dalsfjord bondelag handsama saka i styremøte 02.02.2016.

Volda og Dalsfjord bondelag ser positivt på utbygging av turvegen rundt Rotevatnet. Turvegen vil ha stor verdi for mange og vil i liten grad gå utover landbruksdrift.

Det er likevel viktig at vegen vert lagt så nær vatnet som mogeleg, for ikkje å dele opp eigedomane meir ann naudsynt. Der det eventuelt er beitebruk, er det viktig med godt samarbeid med jordeigar og at det vert gjort avtalar om gjerdeansvar, grunder og eventuelt alternative drikkevasskjelder for beitedyr

2.februar 2016

Styret for Volda og Dalsfjord bondelag
v/leiar Erlend Koppen

Volda og Ørsta Bonde- og Småbrukarlag
v/leiar John Inge Leira Bjøringsøy
6190 Bjørke

johningen@gmail.com

Volda kommune
Stomyra 2
6100 Volda

Leira, 07.02.16

Merknader til detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet, sak 2012/151

Volda og Ørsta Bonde- og Småbrukarlag (heretter småbrukarlaget) deler synet til lokalt landbruksmynde og fleire grunneigarar om at området berørt av reguleringsplanen består av verdifulle jordbruksareal. Både som beite- og jordressursar for samtidige og framtidige drivarar, men òg spesielt som representant for den hardt pressa kulturlandskapstypen sentrumsnært landbruk. Dette er verdiar som vert stadig viktigare og kommuna trekk sjølv fram desse sentrumsnære jordbruksareala som viktige delar av dei grønne lungene i sentrum.

I reguleringsplanen sitt punkt 2.6 skriv ein "*På dei eigedomane som er berørt av planarbeidet er det i dag ikkje aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding*". Småbrukarlaget stillar spørsmålsteikn til korleis ein definerer "aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding", då det er driveplikt på eigedomane og dei som ikkje vert drivne av eigar er leigejord. Dessutan har dagens driftssituasjon mindre å seie for verdien av inntakte jordbruksareal i framtida.

Bygging av ein slik veg som skissert i planforslaget vil medføre ulemper for jordbruksdrift. Vegen vil vanskeleggjere vedlikehald og etablering av drenering på området. I tillegg vil beitedyr verte forhindra frå å nytte Rotevatnet som vasskjelde. Det er òg risiko for konflikter mellom beitedyr og hundar i eller utan band langs turvegen.

Småbrukarlaget meiner gjennomføring av reguleringsplanen med anlegging av turveg på nordsida av Rotevatnet vil vere til sterk ulempe for notidig og framtidig drift på dei berørte jordbruksareala. I tillegg vil det føre til ei oppsplitting og forringing av verdifullt kulturlandskap. Allereie vedteken utbetring av Botnavegen dekker i våre auge behovet for tursti i området og areala bør derfor bevarast som i dag.

Med venleg helsing
Volda og Ørsta Bonde- og Småbrukarlag
v/leiar John Inge Leira Bjøringsøy

Lene og Roy Inge Heltne

Vikebygdvegen 67

6104 Volda

Volda 05.02.2016

Volda kommune

Sektor for utvikling

Stormyra 2

6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/151	Avd. Litv
Løpnr.	SMS Tersten
8 FEB 2016	
Arkivde.	Emne 2
Klassering P:	
Klassering S:	

Merknad og spørsmål til detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet.

Vi har enno ikkje fått skikkelege svar på tidlegare innsende merknadar:

1. Korleis vil kommuna syte for drikkevatt til beitedyr når det skal setjast opp langsgående gjerde langs vegen som hindrar all tilkomst til vatnet?
2. Kven vil ha gjerdeplikt og plikt til vedlikehald av gjerde og grunder?
3. Kven har ansvar for det som er planlagt omregulert til friluftsområde med tanke på stell og vedlikehald?
4. Kvifor unnlet kommuna å leggje fram alternative løysingar som førebygg konflikter slik kommunestyret vedtok i sak 0102/04?
5. Kvifor vert det nytta biletmatriale for å marknadsføre vegen som ikkje stemmer med røynda? Det vert synt bileter av en veg som er betydeleg smalare og mindre skjæringar enn den som er planlagt bygd langs vatnet.
6. Kvifor vert det fortsatt nytta feil mål på avstanden mellom vatnet og vegen sjølv om dette har vore påpeika fleire gongar? Vasslinja er høgare enn det som viser på dei karta som er lagt fram, og betydeleg høgare når vatnet "fløder". Dette er opplysningar som må vere velkjende etter som at den offentlege badeplassen Årneset årvist fløymer over.
7. Det er ikkje planlagt tilkomstvegar mellom Vikebygdvegen og den planlagde turvegen. Korleis tenker planleggjaren dette? Er det planlagt å legge opp til at det er dyrkamarkene som skal nyttast som tilkomstveg. Ein veit vel at det vert resultatet?

Vidare vil vi stille fylgjande spørsmål:

1. Meinar kommunen verkeleg at den naturfaglege vurderinga frå Naturfagleg Utredning AS er god nok når dei ikkje er meir konkrete enn å "anta at utredninga omfattar veg"? Minner om at dette er ein plan med svært mange merknadar, mange med heilt anna syn enn denne utredninga konkluderar med. I ei så omfattande må ein kunne forvente ei utredning basert på viktigare ting enn antakelsar. Dette er useriøst.
2. Vi har i alle år hatt dyr på beite i området ovanfor Heltne/Bratteberg. Kommunen har, etter dom, hatt gjerdeplikta mot utmark. Dette gjerdet vart oppsett tidleg på 80 talet og har hindra dyra å gå ned i byggefelta. Men kommunen har ikkje overholdt sine plikter med å vedlikehalde gjerdet slik dei er forplikta til, til tross for fleire både munnlege og skriftlege henvendingar. Dette har ført til at vi har måtte gi opp å ha dyra på beite i dette området. Som kompensasjon for dette har vi dei seinare åra hatt beiteområde langs Rotevatnet på 4-5 eigedomar.
Meiner kommuna det er moralsk rett å gi blaffen i å fylgje opp sine plikter og i tillegg nok ein gong øydelegge det vi prøver å drive til alle sitt beste?
3. Eit argument, pkt 4.11, som er brukt ved fleire høver er at "vegen er viktig for folkehelsa". At fysisk aktivitet er viktig for folkehelsa er vel udiskutabelt. Men ut over dette, er vår påstand at nettopp denne vegen skal bedre folkehelsa udokumentert synsing. Sidan planarbeidet vart oppstarta for mange år sidan, har det skjedd mykje i Volda. Det er mellom anna bygd eit nytt skogsvegnett i området Heltne, Bratteberg og Driveklepp. I tillegg er det satt opp tre "hukar / grinder" som har blitt ynda turmål både for unge og eldre. Desse vegane er lett tilgjengelege utan bruk av bil for størsteparten av sentrumsinnbyggjarane, gode for alle brukargrupper, mogeleg å byggje ut vidare med både med vegar og stiar utan konflikter og ikkje minst heilt gratis for kommunen. Har kommunen gjort ei nyare vurdering over behovet for vegen? Det vert også hevda at det er mange som vil ha vegen. Er det dokumentert? Vår påstand er at vegen som allereie er rundt vatnet dekkjer behovet til innbyggjarane.
4. I pkt 4.10 vert det fokusert på born og unge sine interesser. Sitat: *Det er viktig at born har lett tilgang til naturområder for å kunne bli trygge på å ferdast i naturen. Dette kan legge grunnlaget for gode haldningar for ferdsel og åtferd i naturen.*
Er det å "skapa gode haldningar" å rasere naturen med vegbygging? Er det slik at ungane skal opplærast til å måtte ha veg for å kome seg på tur? Her må kommunen vere på kollisjonskurs med dei fleste friluftsansisasjonar med respekt for seg sjølv.
5. Born og unge sine interesser.
Har kommunen vurdert born og unge sine interesser i høve det å ha sentrumsnær gardsdrift og moglegheit til å kunne sjå og besøke levande dyr i sitt nærmiljø opp mot ein veg?

Merknad til "retningslinjer for naustbygging":

Det vert lagt til grunn at "nausta skal byggast i tråd med lokal byggeskikk, med tradisjonell ståande kledning og med torvtak"

Det har aldri vore tradisjon med torvtak på nausta langs vatnet. Det som er vanleg tradisjon er å bruke stålplater.

Avslutningsvis vil vi krevje at dette planarbeidet vert no vert stoppa og vegplanane utsatt inntil kommunen endrar planane for området mellom Vikebygdvegen og Rotevatnet. Det er i dag LNF område og skal det fortsatt vere det, så kan ikkje vegen byggast. Om kommuna likevel, mot all sunn fornuft, vel å presse gjennom denne planen vil vi krevje at også resterande areal på vår eiedom vert omregulert, då til framtidig bustadområde. Skal grunnlaget for gardsdrifta først øydeleggast så må kommunen legge til rette for andre bruksområder.

Med helsing



Lene og Roy Inge Heltne

Gnr 20 brnr. 6



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
04.02.2016
Dykkar dato
11.12.2015

Vår ref.
2011/8727/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/151	Avd. utv
Løpnr.	Stis Torste
8 FEB 2016	
Arkivdel:	Planid
Klassering P:	201109
Klassering S:	

Volda kommune Detaljregulering - reguleringsplan turveg Rotevatnet Nytt offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Detaljreguleringsplan for turveg langs Rotevatnet vart eigengodkjent av Volda kommune 19.06.2014. Etter klage vart vedtaket oppheva av fylkesmannen, på grunn av ulovlege føresegnar. Kommunen har no endra føresegnene og på nytt lagt ut reguleringsplanen til offentleg ettersyn.

Natur- og miljøvern

I vårt høyringsvar av 04.12.2012, påpeika vi at vi sakna ei konkret vurdering av prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Vi kan framleis ikkje sjå at dette ligg føre.

Når det gjeld naustbygging langs vatnet, ser vi at det er laga retningslinjer som gir føringar for handsaming av dispensasjonssøknader. Retningslinjer er som kjent ikkje juridisk bindande, og uavhengig av retningslinjene må saka handsamast etter pbl. § 19-2.

Vi rår ifrå at det er knytta retningslinjer til planen som gir signal om at det kan bli opna opp for naustbygging. Det bør visast stor varsemd med etablering av tiltak langs vatnet som svekker rekreasjonsverdiane området har for ålmenta. Etablering av tursti gjer området meir tilgjengeleg, og private tiltak bør avgrensast.

Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor, og ber om at det takast omsyn til desse i det vidare arbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Postadresse:
Postboks 2520
6404 Molde

Telefon:
71 25 84 00

E-post:
fmmrpostmottak@fylkesmannen.no


Web:
www.fylkesmannen.no/mr

Org.nr:
974 764 067

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Klage på turveg langs nordsida av Rotevatnet.

Vi har med undring fylt med turvegsaka frå sidelinja. No må Volda kommune byrje å tenkje nytt. Vi tek sterk avstand til planen om turvegen rundt vatnet. Det er meir enn nok vegar i Volda kommune. Vegen rundt vatnet har vorte ei prestisjesak for politikarane.

Medan Ørsta Kommune, som Volda Kommune vil slå seg saman med, framsnakkar landbruksnæringa og skipar konferanse for vestlandsbonden med landbruksminister, Norges bondelag, Norsk landbrukssamvirke mfl., stikk Volda kommune «kjeppar i hjula» for dei få matprodusentane som ynskjer å drive landbruk langs Rotevatnet.

No skal det leggst veg over dyrkamarka, avskjere beitedyra frå vasskilda i Rotevatnet, øydelegge for dyre- og fuglelivet langs vatnet og fjerne opplevinga av ein stille ro- eller padletur langs nordsida av vatnet.

Ikkje ein gong bandtvang for hundar klarer Volda Kommune å innføre i den tida dyra går på beite på sørsida av vatnet, med det til fylgje at mann og lam hamna i vatnet og nær hadde forulykka.

Alle gardane som soknar til Rotevatnet er i drift til dyrking av grovfôr eller beite, bortsett frå Golfbana. Kulturlandskapet vert pleia, arbeidsplassar vert skapt. Aktivitet for born og unge gjennom opne gardar. Sau, høns, kyllingar, kveg og hest skapar positive opplevingar i fjøs og på den flotte ridebana på Vollane.

Som grunneigar i Bratteberg utmark føler vi korleis kommuna motarbeider grunneigarane. I skjønn frå 1979 vart kommuna forplikta bl.a. til gjerdeplikt, tilkomst til lunneplassar og førebygging av

Heltneelva, noko som fortsatt ikkje er utført. Midlane skulle skaffast gjennom tomtosalget, noko som ein vist nok har gløymt, for no har ikkje kommuna midlar til dette.

Når grunneigarane vert pålagde å utføre noko for kommuna, so skal det gjennomførast, medan kommuna kan fråseie seg ansvar fordi dei ikkje har råda. So difor har vi lita tru på at kommuna vil oppretthalde gjerdeplikt langs vegen rundt vatnet eller skaffe tilkomst til drikkekilder til dyra.

Er det dette eigedomsskatten skal brukast til? Har Volda kommune så stort overskot, så er det på sin plass å yte støtte til prosjekt som i dag slit økonomisk. Vi er sikre på at både idrett, hestemiljø, skianlegg og andre fritidsaktivitetar for born og ungdom, som i dag slit økonomisk sjølv med stor eigeninnsats, ville juble om dei fekk sin del av desse vegmidlane. Det er ikkje fleire vegar vi treng, men aktivitetar.

Og kvifor kome i konflikt med grunneigarane? Har ikkje dei skaffa skogsveg/turveg frå Reset til vassverket og oppover til Dinglavatnet, veg på sørsida av vatnet og mange andre skogsvegar rundt omkring i kommuna? Grindhus på Rotevassætra, grunn til anlegget på Reset, ridebane på Vollane, ja her er mangt å nemne. Alt dette til stor glede for innbyggjarane i Volda kommune.

Nei snu i tide – det er ingen skam å snu! Volda kommune skal først og fremst bruke midlane til lovpålagde tenester slike som: helsetilbod, barnehagar, skule og eldreomsorg. Vår erfaring med eldreomsorga i Volda kommune er at den kunne vore mykje bedre. Barnehagane vert fråtekne deler av tilskota med det til fylgje at kvaliteten vert redusert. Skulebygg forfell og skrik etter vedlikehald. Det er nok å ta fatt i. Det er vel viktigare med ein trygg gangveg langs Botnavegen?

Den økonomiske framtida ser ikkje lys ut. Aukande arbeidsløyse med det til fylgje at inntekta til kommunene vil minke. Det er greitt nok at staten vil yte litt tilskot med bygginga av vegen, men framtidig drift og vedlikehald vil verte belasta kommuna sitt budsjett. Desse pengane må hentast frå andre postar og kven vert då skadelidande?

Ørsta, den 6. februar 2016

Liv Norunn Aarseth

Sign.



Dag Bratteberg



Møre og Romsdal
fylkeskommune

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
«REF»	«REFDATO»	81516/2015/REGULERINGSPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	05.02.2016

Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan turveg Rotevatnet - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Området vart arkeologisk registrert november 2012. Det vart gjort funn av eit førhistorisk dyrkingslag, ID 169638. Dyrkingslaget er frigjeve utan vilkår om vidare undersøking, viser til brev datert 23.04.2013.

Vi er nøgd med at ID 169638 er lagt inn i plankart med tilhøyrande føresegn §2.4 slik vi bad om i vårt fråsegn i same brev, og har såleis ingen merknader til det vidare planarbeidet.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum angående kulturminne under vatn, og viser også til tidligare fråsegn i saka dagsett 09.01.2012. Museet skriv i epost av 18.01.2016 at dei ikkje kjenner til kulturminne ved planlagd tursti ved Rotevatn i Volda kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Bergen Sjøfartsmuseum gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader i saksutgreiinga ovanfor og ber om at desse vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandler

Automatisk freda kulturminne: arkeolog, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 25 88 63

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utviklingssektoren

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/151	1869/2016	2011009	SVK/ SONHAV	16.02.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLANID 2011009
DETALJREGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET - NYTT OFFENTLEG
ETTERSYN

Vi melder med dette frå at eldrerådet den 15.02.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 3/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Volda eldreråd ser svært positivt på ei realisering av turveg langs Rotevatnet. Det er eit lågterskeltilbod som har stor verdi for eldre.

Sakutgreiinga følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Torgeir Stensø - sakshandsamar

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Torgeir Stensø Arkivsak nr.: 2012/151
Arkivkode: 2011009

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/16	Kommunalt råd for funksjonshemma Ungdomsrådet	10.02.2016
3/16	Eldrerådet	15.02.2016

PLANID 2011009 DETALJREGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET - NYTT OFFENTLEG ETTERSYN

Vi melder med dette frå at formannskapet den 08.12.2015, hadde føre ovannemnde sak PS 196/15 - detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet og vi ber om uttale frå kommunale råd til saka. Høyringsfrist er sett til 8 februar 2016.

Torgeir Stensø
planleggar

vedlegg:
Oversendingsbrev
Plankart
Planomtale
Reguleringsføresegner
Formannskaps-sak PS 196/15 den 08.12.2015
Brev frå fylkesmannen datert 02.09.2015

Handsaming:

Roger Nedreklepp orienterte om saka og viste til tidlegare vedtak i eldrerådet 12.11.2012.

Roger Nedreklepp kom med framlegg om å oppretthalde vedtak PS 28/12 frå 12.11.2012:

Volda eldreråd ser svært positivt på ei realisering av turveg langs Rotevatnet. Det er eit lågterskeltilbod som har stor verdi for eldre.

Røysting:

Framlegget frå Roger Nedreklepp vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldrerådet - 15.02.2016:

Volda eldreråd ser svært positivt på ei realisering av turveg langs Rotevatnet. Det er eit lågterskeltilbod som har stor verdi for eldre.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2016/2075

Arkivkode: Q34

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

58/17

Formannskapet

18.04.2017

RASTEPLASSAR LANGS RIKSVEGAR I VOLDA

Administrasjonen si tilråding:

Volda Formannskap kjem med følgjande uttale til ”plan for rasteplassar langs riksveggar i Møre og Romsdal”:

1. Prinsippa som skal leggst til grunn for struktur og fasilitetar på rasteplassane verkar å gi eit godt tilbod for dei reisande, og det er positivt at det skal takast omsyn til turisme og friluftsliv. Det bør i tillegg vere mulegheit for oppsetting av turistinformasjonsskilt på slike hovudrasteplassar.

Ein er derimot noko skeptisk til at eksisterande rasteplassar, utan funksjon som hovudrasteplass, ikkje lengre vert halde vedlike som rasteplassar med bord, benkar, søppelkasser. Det er også uklart om kva konsekvensar ”plan for rasteplassar” vil få for «Padderasteplassen» på Fyrde. Det er ein mangel at «plan for rasteplassar» ikkje har tatt med forslag til hovudrasteplassar langs RV651 som går gjennom kommunen. På denne strekninga vil ein peike på Tva i Eid kommune som muleg område for ein hovudrasteplass mellom Folkestad og Nordfjordeid. Elles er det behov for rasteplassfasilitetar med toalettanlegg på ferjekaia på Folkestad. Ferjetidene med berre ein avgang pr. time på kveldstid medfører gjerne lang ventetid, i tillegg til at området ved ferjekaia ofte vert nytta som døgnkvileplass.

2. Valet av rasteplassen ved Hjartåberget som hovudrasteplass synes fornuftig ut frå avstanden til andre naturlege stoppepunkt på E39 i området. Rasteplassen har plass for større køyretøy og har gode fasilitetar for rast, stopp og døgnkvile. Rasteplassen er utgangspunkt for tursti og er eit fint utsiktspunkt mot fjordlandskapet. Rasteplassen bør oppgraderast med informasjonsskilt over kommunen og regionen, med sikte på å informere om Ørsta, Volda og Hornindal som eit attraktivt reise- og friluftsområde. I følgje prinsippa for fasilitetar på slike rasteplassar bør det leggst til rette for fleire bord.

•Så sant det ikkje er behov for utviding ut over avsett vegareal i eksisterande reguleringsplan synest ikkje behov for ny reguleringsplan. Behovet for byggeplan vil vere avhengig av omfanget av ev. oppgraderingsbehov.

•Rasteplassen har avklarte eigartilhøve, der Statens vegvesen har erverva veggrunn i området.

•Rasteplassen ligg innanfor gul og raud sone i støysonekart frå 2016. Sittegruppene ligg hovudsakeleg i gul støysone. Det vil ikkje vere problem med støy frå rasteplassen til eksisterande busetnad.

3.Når det gjeld Furene-området som aktuell lokalisering for «døgnkvileplass», vil kommunen vurdere å legge til rette for slik etablering i ny arealdel som vi har under arbeid.

Vedleggsliste:

1. Referat frå arbeidsmøte den 09.12.2016
2. Rasteplassnotat datert 25.06.2015

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saka gjeld uttale til ”plan for rasteplassar langs riksvegar i Møre og Romsdal”. Det er formulert eit forslag til uttale til planarbeidet.

Saksopplysningar/fakta:


Statens vegvesen har sett i gong eit prosjekt ”Færre, men bedre rasteplasser”. Hensikta med prosjektet er at det skal planleggast for og etablerast hovudrasteplassar langs riksvegnettet med god standard og jamt over høgare kvalitet enn i dag.

Sitat frå prinsipp som skal leggjast til grunn for struktur og fasilitetar på rasteplassane:

« .

- Skal gi alle trafikantgrupper et tilbud om stopp, rast og hvile minst hver time (om lag 50 – 70 km avstand) på riksvegnettet.
- Hensyn til trafikksikkerhet, beredskap, turisme og friluftsliv skal sikres.
- Skal sees i sammenheng med det kommersielle tilbudet og SVV kan stimulere til kommersiell virksomhet på rasteplasser med potensial for oppgradering der det anses som hensiktsmessig.
- Rasteplasser skal være åpne hele året, ha god standard på utforming og drift av toalettanlegg, universell utforming og være tilgjengelig for vogntog.
- Skilt informerer om avstand til neste rasteplass i hht skiltbestemmelsene. God skilting sikrer forutsigbarhet for trafikantene og er viktig for trafikksikkerheten.
- Rasteplasser som ikke oppgraderes i tråd med disse kravene saneres eller gjøres om til annet sideanlegg (fortrinnsvis kjettingplass, stopplomme eller utfartsparkering).
- Det totale tilbudet for rast, stopp og døgnhvile ses i sammenheng for å sikre et optimalt tilbud til alle trafikantgrupper.»

Statens vegvesen hadde møte med administrasjonen i kommunen 09.12.2016, der det vart informert om det pågåande prosjektet. I vårt området er rasteplassen i Hjartåberga foreslått som slik hovudrasteplass. Rasteplassen ved Aurstadelva og ”Padderasteplassen” på Fyrde er ikkje foreslått som hovudrasteplass. Det er heller ikkje foreslått hovudrasteplassar langs RV651 gjennom kommunen.



Kommunen er bedt om å komme med ei tilbakemelding på prinsippa som «rasteplassnotatet» trekkjer opp. I tillegg til å komme med korte innspel til vurdering av anna plassering av hovudrasteplassen (i kommunen, evt. nabokommunen), behovet for reguleringsplan, behovet for byggeplan, eigedomsforhold på aktuelle plassar, samt enkel «støyvurdering» (støy inn på rasteplassen frå hovudvegen, og støy frå rasteplassen i forhold til eksisterande busetnad).

Prioritering av Hjartåberget som hovudrasteplass vil vere i samsvar med fleire målsettingar og strategiar i Samfunnsdelen. Rasteplassen vil t.d. vere med på å synleggjere natur- og friluftsmogelegheiter for dei som er på gjennomreise, og utforming av rasteplassen gir i dag eit innblikk i området sin kulturarv samtidig som den har potensiale til marknadsføring av kulturminne og kulturmiljø i området.

Helse og miljøkonsekvensar:

Prioritering av rasteplassen ved Hjartåberget som hovudrasteplass vil stort sett vere positivt for helse og miljø. Rasteplassane vil vere universelt utforma og gi eit godt tilbod for rast og kvil langs vegen for alle grupper.

Økonomiske konsekvensar:

Det er Statens vegvesen som har økonomisk ansvar for rasteplassar langs riksvegane. Ein er derimot usikker på kva som vil skje med dei eksisterande rasteplassane langs vegnettet som kan/vil bli sanert og om det kan bli aktuelt med kommunal drift av desse.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Gode rasteplassar med nødvendige fasilitetar for rast og kvile minst ein gang pr. time vil vere med på å auke trafikktryggleiken på riksvegane gjennom kommunen.

Vurdering og konklusjon:

Rasteplassnotatet legg opp til at rasteplassar langs riksvegane no skal stette fleire funksjonar og ha ein vesentleg høgare kvalitet. Det er og lagt opp til større avstand mellom slike rasteplassar enn før. I vårt område med fleire ferjesamband på riksvegnettet vert behov for hovudrasteplassar redusert, i og med at ferjene inneber stopp og kvile. Etter ein gjennomgang av «Rasteplassnotatet» og informasjon i arbeidsmøtet med Statens vegvesen foreslår ein følgjande uttale til arbeidet med planarbeidet for rasteplassar langs riksvegnettet:

1. Prinsippa som skal leggest til grunn for struktur og fasilitetar på rasteplassane verkar å gi eit godt tilbod for dei reisande, og det er positivt at det skal takast omsyn til turisme og friluftsliv. Det bør i tillegg vere mulegheit for oppsetting av turistinformasjonsskilt på slike hovudrasteplassar.

Ein er derimot noko skeptisk til at eksisterande rasteplassar, utan funksjon som hovudrasteplass, ikkje lengre vert halde vedlike som rasteplassar med bord, benkar, søppelkasser. Det er også uklart om kva konsekvensar ”plan for rasteplassar” vil få for «Padderasteplassen» på Fyrde. Det er ein mangel at «plan for rasteplassar» ikkje har tatt med forslag til hovudrasteplassar langs RV651 som går gjennom kommunen. På denne strekninga vil ein peike på Tua i Eid kommune som muleg område for ein hovudrasteplass mellom Folkestad og Nordfjordeid. Elles er det behov for rasteplassfasilitetar med toalettanlegg på ferjekaia på Folkestad. Ferjetidene med berre ein avgang pr. time på kveldstid medfører gjerne lang ventetid, i tillegg til at området ved ferjekaia ofte vert nytta som døgnkvileplass.

2. Valet av rasteplassen ved Hjartåberget som hovudrasteplass synes fornuftig ut frå avstanden til andre naturlege stoppepunkt på E39 i området. Rasteplassen har plass for større køyretoy og har gode fasilitetar for rast, stopp og døgnkvile. Rasteplassen er utgangspunkt for tursti og er eit fint utsiktspunkt mot fjordlandskapet. Rasteplassen bør oppgraderast med informasjonsskilt over kommunen og regionen, med sikte på å informere om Ørsta, Volda og Hornindal som eit attraktivt reise- og friluftsområde. I følgje prinsippa for fasilitetar på slike rasteplassar bør det leggest til rette for fleire bord.

- Så sant det ikkje er behov for utviding ut over avsett vegareal i eksisterande reguleringsplan synes ikkje behov for ny reguleringsplan. Behovet for byggeplan vil vere avhengig av omfanget av ev. oppgraderingsbehov.

- Rasteplassen er har avklarte eigartilhøve, der Statens vegvesen har erverva veggrunn i området.

- Rasteplassen ligg innanfor gul og raudsone i støysonekart frå 2016. Sittegruppene ligg hovudsakeleg i gul støysone. Det vil ikkje vere problem med støy frå rasteplassen til eksisterande busetnad.

3. Når det gjeld Furene-området som aktuell lokalisering for «døgnkvileplass», vil kommunen vurdere å legge til rette for slik etablering i ny arealdel som vi har under arbeid.

Rune Sjugard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Statens vegvesen, Region Midt.

Klageinstans:
Ikkje klagerett.



Statens vegvesen

Referat

Dato: 09.12.2016
Tid: Kl. 12–13
Referent: Gisle Fossen

Saksbehandler/telefon:
Gisle Fossen / 71274164
Vår dato: 09.12.2016
Vår referanse: 16/48006–27

Rasteplassar langs riksvegar i Møre og Romsdal – Arbeidsmøte med Volda kommune den 9.12.2016

Møte nr.: Arbeidsmøte med Volda kommune
Sted: Volda rådhus
Møteleder: Gisle Fossen
Til stede: Statens vegvesen: Gisle Fossen, John Olav Seljeseth
Volda kommune: Heidi Istad, Torgeir Stensø

Forfall:

Kopi:

Sak 1 Innleiing

Bakgrunnen for møtet er at Statens vegvesen ønskjer å informere om det pågåande planarbeidet med såkalla hovudrasteplassar (rasteplass med 5–15 bord og toalettfasilitetar). Hensikta med planarbeidet er at det på sikt skal etablerast hovudrasteplassar langs riksvegnettet med god standard og jamt over høgare kvalitet i dag.

Statens vegvesen ønskjer også tilbakemelding på planarbeidet, jf sak 2.

Volda kommune har fått tilsendt «rasteplassnotatet» datert den 25.6.2015. Notatet listar opp dei viktigaste prinsippa som skal leggjast til grunn for struktur og fasilitetar på rasteplassane. I tillegg er det oversendt eit oversiktskart over dei hovudrasteplassane Statens vegvesen ønskjer å satse på her i fylket. I Volda kommune er dette Hjatåberga. I tillegg til dette er det rasteplass langs E39 ved Aurstadelva, samt «Padderasteplassen» på Fyrde.

Døgnkvileplass: I og med at Furene-området er aktuelt for lokalisering av

Ansvar / frist

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

såkalla døgnkvileplass, informerte John Olav Seljeseth litt om dette arbeidet. I motsetnad til hovudrasteplassane, tenkjer ein seg at døgnkvileplassane blir etablert og drifta av private aktørar. Politikken er difor at Statens vegvesen går ut i marknaden med ein open tilbudskonkurranse, og at ein på bakgrunn av tildelingskriteria vel ein privat aktør som samarbeispartner for døgnkvileplassen, jf elles handbok V136 Døgnkvileplassar for tungtransporten.

Finansiering: Det er ikkje finansiering av hovudrasteplassane i Nasjonal transportplan, og då naturleg nok heller ikkje noko rangering innbyrdes mellom rasteplassane så langt. Etter det vi veit på noverande tidspunkt, så blir det ikkje gjeve korkje anleggs- eller dritstilskot til private rasteplassar.

Arealbehov: Ein «tommelfingerregel» vil vere at ein hovudrasteplass treng ca 5 dekar (5 mål/5000 m²). Rasteplassen i Hjartåberga er ca 5,5 daa aust for Hjartåelva, og vest for elva er det noko areal med ein benk og «bukkene Bruse»-oppleving nord for hovudvegen. Ut i frå ortofoto (flyfoto) er det ut til at det er 3 faste sittegrupper på plassen. Rasteplassen er litt lang og smal, men framstår som grei og hensiktsmessig. Ein hovudrasteplass (etter utgått handbok 204) skal innholde frå 5–15 bord.

Sak 2 Konklusjon

Statens vegvesen ber kommunen om å komme med ei tilbakemelding med utgangspunkt i alle dei prinsippa som «rasteplassnotatet» trekkjer opp. I tillegg ber vi kommunen om å komme med korte innspel til (1) vurdering av anna plassering av hovudrasteplassen (i kommunen, evt. nabokommunen), (2) behovet for reguleringsplan, (3) behovet for byggeplan (altså framtidig utforming av rasteplassen, men utforminga av den enkelte rasteplassen skal ikkje visast på dette forprosjektstadiet), (4) eigedomsforhold på aktuelle plassar, (5) samt enkel «støyvurdering» (støy inn på rasteplassen frå hovudvegen, og støy frå rasteplassen i forhold til eksisterande bebyggelse).

Statens vegvesen ønskjer tilbakemelding innan utgangen av januar 2017.

Volda kommune/
januar 2017



Statens vegvesen

Notat

Til: 0.Postmottak øst, 0.Postmottak sør,
0.Postmottak vest, 0.Postmottak midt,
0.Postmottak nord, 0.Postmottak
Vegdirektoratet

Frå:

Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:

Kirsten Tegle Bryne - 51911339

Vår dato: 25.06.2015

Vår referanse: 2015/081683-001

Færre men bedre rasteplassar langs riksvegnettet - ny kartlegging av behov og kostnadsanslag - oppdrag til Regionane

Vi viser til vedtakssak frå ELM 13. mars 2015 – «Færre, men bedre rasteplasser»

Vedtaket betyr at kvaliteten på rasteplassar skal aukast monaleg langs heile riksvegnettet. Vi skal planlegge rasteplassar med god standard, alt frå gode toalettanlegg til at trafikantane kan å få tilgang til å kjøpe mat. I tillegg må det vera gode og sikre oppstillingsplassar for køyretøy. Ikkje alle rasteplassane vil ha behov for eller tilgang til å kjøpe mat. Likevel skal kvaliteten vera god.

Vegforvaltning og utvikling (VFU) har fått i oppdrag å greia ut behovet og å setje arbeidet i gang. Planlegging og kartlegging av færre og betre rasteplassar skal skje i samband med NTP arbeidet 2018-2029 og påfølgjande Handlingsprogram 2018-2021.

Vi har bedt TMT om å foreta ein snarleg gjennomgang av Handbok 204 som omhandlar rasteplassar og utforming av desse. Denne gjennomgangen med endringar må vera ferdig for bruk i neste Handlingsprogram. Fristen for deira arbeid er sett til utgangen av 2016

Sitat frå prinsipp som skal leggjast til grunn for struktur og fasilitetar på rasteplassane:

«

- Skal gi alle trafikantgrupper et tilbud om stopp, rast og hvile minst hver time (om lag 50 – 70 km avstand) på riksvegnettet.
- Hensyn til trafikksikkerhet, beredskap, turisme og friluftsliv skal sikres.
- Skal sees i sammenheng med det kommersielle tilbudet og SVV kan stimulere til kommersiell virksomhet på rasteplasser med potensial for oppgradering der det anses som hensiktsmessig.
- Rasteplasser skal være åpne hele året, ha god standard på utforming og drift av toalettanlegg, universell utforming og være tilgjengelig for vogntog.

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 Oslo

Telefon: 02030
Telefaks: 22 07 37 68
firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Laqårdsveien 80
4010 STAVANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

- Skilt informerer om avstand til neste rasteplass i hht skiltbestemmelsene. God skilting sikrer forutsigbarhet for trafikantene og er viktig for trafikksikkerheten.
- Rasteplasser som ikke oppgraderes i tråd med disse kravene saneres eller gjøres om til annet sideanlegg (fortrinnsvis kjettingplass, stopplomme eller utfartsparkering).
- Det totale tilbudet for rast, stopp og døgnhvile ses i sammenheng for å sikre et optimalt tilbud til alle trafikantgrupper.»

Regionane får i oppdrag i å bestemme kor dei nye rasteplassane skal plasserast og kor mange det er behov for langs riksvegnettet, samt kostnadsestimat. Frist for arbeidet må vera innan oktober 2015.

Sjå elles ELM sak og utklypp frå vedtak som følgjer vedlagt.

Med helsing

Randi Harnes
avdelingsdirektør



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal Arkivsak nr.: 2017/89
Arkivkode: 223

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
28/17	Formannskapet	14.02.2017
20/17	Kommunestyret	02.03.2017
59/17	Formannskapet Kommunestyret	18.04.2017

HJARTÅBYGDA SKYTTARLAG - TILSKOT TIL BYGGING AV VEG OG PARKERINGSPLASS

Handsaming:

Odd Harald Sundal, SP, kom med slikt framlegg:

Volda kommunestyre ser positivt på aktiviteten rundt Hjartåbygda Skyttarlag, og løyver 300.000 kr. I tilskot til å opparbeide vegen til skytebana. Dette for at tildelte tippemidlar skal bli utløyst.

Inndekning frå ubundne driftsfond.

Odd A. Folkestad, FrP, kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Formannskapet inviterer Hjartåbygda skyttarlag til eit møte der dei blir bedne om å orientere nærare om prosjektet.

Formannskapet vurderer om dei med bakgrunn i denne orienteringa vil endre si innstilling i saka.

Endeleg avgjerd vert å handsame i Kommunestyret i april.

Røysting (27 røysteføre):

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

Saka vert utsett.

Formannskapet inviterer Hjartåbygda skyttarlag til eit møte der dei blir bedne om å

orientere nærare om prosjektet.

Formannskapet vurderer om dei med bakgrunn i denne orienteringa vil endre si innstilling i saka.

Endeleg avgjerd vert å handsame i Kommunestyret i april.

Handsaming:

Odd A. Folkestad kom med utsetjingsframlegg:

Han ynskje at Hjartåbygda skyttarlag skal kome til neste møte for å orientere om skyttarlaget.

Røysting: (ni røysteføre)

Framlegget frå Folkestad fekk 4 røyster (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset, Odd Harald Sundal og Jørgen Amdam) og fall. 5 røysta mot.

Framlegget frå administrasjonen vart vedteke med 6 røyster. 3 røysta mot. (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset og Odd Harald Sundal)

Tilråding i Formannskapet - 14.02.2017 til kommunestyret

Volda kommune syner til søknad d.s. 13. januar 2017 frå Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset om støtte til bygging av veg og parkeringsplass.

Kommunen finn ikkje å kunne imøtekome søknaden om dekning av årleg grunnleige. Kommunen finn heller ikkje å kunne imøtekome søknaden om tilskot på kr. 300.000,-.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune syner til søknad d.s. 13. januar 2017 gfrå Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset om støtte til bygging av veg og parkeringsplass.

Kommunen finn ikkje å kunne imøtekome søknaden om dekning av årleg grunnleige. Kommunen finn heller ikkje å kunne imøtekome søknaden om tilskot på kr. 300.000,-.

Vedleggsliste:

1. Søknad d.s. 13.01.2017 frå Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset om støtte til bygging av veg og parkeringsplass.
2. Kart og ortofoto

Uprenta saksvedlegg:

- Melding om politisk vedtak 15.11.2016 sak 78/16 – Gbr 35/3, 36/1, 37/2 og 38/3 Oppføring av hus skytebane og veg.

Samandrag av saka:

Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset har i skriv d.s. 13. januar 2017 søkt om tilskot på kr. 300.000,- til bygging av og parkeringsplass. I tillegg søker skyttarlaget om at kommunen dekkjer grunnleigekostnader til skyttarlaget.

Saksopplysningar/fakta:

Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset har i skriv d.s. 13. januar 2017 søkt om tilskot på kr. 300.000,- til bygging av og parkeringsplass. I tillegg søker skyttarlaget om at kommunen dekkjer grunnleigekostnader til skyttarlaget

I møtet 15.11.2016 sak 78/16 gjorde Forvaltningsstyret slikt vedtak:

Med grunnlag i gjennomført høyring og avklaring i høve til veg og landbrukstilhøve finn Forvaltningsstyret med heimel i plan og bygningslova §19-2 å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan for bygging av veg til skytebana i samsvar med søknad datert 17.februar 2016.

Kommunen sin samfunnsdel.

Styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for frivillige lag og organisasjonar er strategiar ein har lagt opp til i kommuneplanen sin samfunnsdel. På den måten skal flest mogleg skal ha muligheit til å ta del i eit breitt, variert og aktivt kultur og idrettsliv.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert i sak 78/16, 15.11.2016

«Tilrettelegging for fysisk aktivitet og aktiv samlingsstad som skytebana utgjer synest positivt.

Kommunen finn ikkje at vegtiltaket i seg sjølv gjev grunnlag for vesentleg auke i aktiviteten ved bana eller støytilhøva rundt denne.»

Økonomiske konsekvensar:

Bygging av veg, parkeringsplass, skiveelektronikk og påbygg skyttarhus utgjer ein stor kostnad for skyttarlaget, om lag 2.225.000,- inkl. mva.

I tillegg vert det søkt om at kommunen dekkjer årleg grunnleigekostnader som skal indeksregulerast kvart 10 år, første gang i 2017. Det går ikkje fram av søknaden når tid grunnleigekostnaden som for 2016 er på kr. 6.164,- skal indeksregulerast frå.

Årleg dekning av grunnleigekostnad vil binde kommunale driftsbudsjett så lenge som ein slik avtale evt. vert inngått med skyttarlaget.

Det er ikkje budsjettert med midlar til prosjektet i budsjettet for Volda kommune.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Lite aktuelt, bortsett frå at iflg. lensmannen si fråsegn i sak 78/16 uttaler at «*aktive frå skyttarlaget har vore og er gode mannskap i heimevernet.*»

Vurdering og konklusjon:

Det går fram av sak 78/16 at laget i 2015 hadde 267 medlemmer der om lag 75 var under 25 år og det er lange tradisjonar for skarpskyting i Austefjorden.

Når det gjeld tilskot til prosjektet, har kommunen som det går fram av utgreiinga over ikkje budsjettert midlar for slike tiltak 2016. Det er ein god månad sidan budsjettet vart vedteke og det er såleis heller ikkje vurdert mindre tilskotssum. Rådmannen finn med bakgrunn i budsjettsituasjonen og at dei kommunale midlane kommunen har til rådvelde i 2016 ikkje å kunne tilrå søknaden.

Rådmannen kan heller ikkje rå til å binde opp kommunen i auka årlege driftskostnader ved å binde seg til å betale årlege grunnkostnader. Det er rett som det går fram av søknaden at kommunen i enkelthøve har gitt løyve til å disponere fri grunn av kommunen t.d. på stadionområdet, men det er grunn som kommunen sjølv eig og som ein ikkje har årlege driftsutgifter på. Kommunen har og i einskildhøve t.d. på Reset har inngått leigeavtalar med grunneigarar for å disponere grunn til allmennyttige formål, friluftformål. Men i det tilfellet er kommunen deleigar i selskapet og det er kommunen som har inngått leigeavtalane.

Til slutt er det og rett og nemne at Volda og Ørsta kommune i si tid satsa på eit felles skytebaneanlegg i Sollidalen, men heller ikkje til det anlegget gjeve tilskot eller dekning av årlege kostnader.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:
Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset

Hjartåbygda skyttarlag
v/Hogne Homberset
Løviknesvegen 15
6106 VOLDA
Hogne.homberset@tussa.com
[Tlf. 91315284](tel:91315284)

Hjartåbygda, 13.januar 2017

Volda kommune

SØKNAD OM STØTTE.

Hjartåbygda skyttarlag skal i år til på si største utbygging nokon gong med påbygging av skyttarhuset, skiveelektronikk og bygging av veg til skytebana med parkeringsplass. Veggen vert 34 0 meter og parkeringsplassen 500 m².

Skyttarhuset og elektronikken er kostnadsrekna til 1 100 000,- inkl mva.

Vegen og parkeringsplassen har ein estimert kostnad på 1 125 000, inkl mva.

Total kostnad for prosjektet er 2 225 000,- inkl mva.

Skyttarhuset på 93m² og skiveelektronikk er det søkt spelemidlar på og er i tillegg finansiert med eigenkapital, dugnad og støtte frå dei lokale sparebankane.

Vegen og parkeringsplassen er det ikkje finansiering på enno og å låne alt som skal til for å bygge dette vert for mykje.

Ein er avhengige av å bygge veggen for få ut spelemidlane på skyttarhuset.

Difor søker me volda kommune om eit tilskot på 300 000,- til bygging av veg og parkeringsplass.

I samband med denne utbygginga har skyttarlaget fornya grunnavtalane på skytebana. For å kunne søkje på spelemidlar.

Desse avtalane gjeld tom 2060.

Sidan andre lag har fått dekt leige av grunn og andre får disponere fri grunn av kommuna vil me at Volda kommune dekkejer grunnleigekostandane til skyttarlaget. I 2016 var dei på 6164,-. Dei vert indeksjusterte etter konsumprisindeksen kvart tiande år. Første justering er i 2017.

Skyttarlaget vart stifta i 1908 og har så langt aldri motteke støtte frå kommuna anna enn nokon få kroner i kulturmidlar den tida den ordninga var.

Laget har dei siste 25 åra gjort store investeringar som dei har kosta sjølve i lag med sponsorar.

Laget gjev eit tilbod til innbyggjarane i kommuna innanfor Det Frivillige skyttarvesen (DFS) sine aktivitetar dvs bane- felt, miniatyr og hurtigskyting.


Samt kurs, instruksjon og jegerskytingar.


Håpar på snarleg og positivt svar.

Med helsing

Hjartåbygda skyttarlag

Hogne Homberset





<p>Målestokk 1 : 2000 ved A4 utskrift Utskriftsdato: 26.05.2015</p>	<p>Markslag (AR5) 13 klasser TEGNFORKLARING</p> <table border="0"> <tr><td></td><td>Fulldyrka jord</td><td>12.0</td></tr> <tr><td></td><td>Overflatedyrka jord</td><td>0.0</td></tr> <tr><td></td><td>Innmarksbeite</td><td>3.4</td></tr> <tr><td></td><td>Skog av særs høg bonitet</td><td>0.0</td></tr> <tr><td></td><td>Skog av høg bonitet</td><td>112.9</td></tr> <tr><td></td><td>Skog av middels bonitet</td><td>109.3</td></tr> <tr><td></td><td>Skog av lav bonitet</td><td>2.0</td></tr> <tr><td></td><td>Uproduktiv skog</td><td>73.0</td></tr> <tr><td></td><td>Myr</td><td>7.1</td></tr> <tr><td></td><td>Åpen jorddekt fastmark</td><td>15.6</td></tr> <tr><td></td><td>Åpen grunnlendt fastmark</td><td>22.4</td></tr> <tr><td></td><td>Bebygg, samf. vann, bre</td><td>1.3</td></tr> <tr><td></td><td>Ikke klassifisert</td><td>0.0</td></tr> <tr><td>Sum:</td><td></td><td>359.0</td></tr> </table>		Fulldyrka jord	12.0		Overflatedyrka jord	0.0		Innmarksbeite	3.4		Skog av særs høg bonitet	0.0		Skog av høg bonitet	112.9		Skog av middels bonitet	109.3		Skog av lav bonitet	2.0		Uproduktiv skog	73.0		Myr	7.1		Åpen jorddekt fastmark	15.6		Åpen grunnlendt fastmark	22.4		Bebygg, samf. vann, bre	1.3		Ikke klassifisert	0.0	Sum:		359.0	<p>AREALTALL (DEKAR)</p> <table border="0"> <tr><td></td><td>15.4</td></tr> <tr><td></td><td>297.2</td></tr> <tr><td></td><td>45.1</td></tr> <tr><td></td><td>1.3</td></tr> <tr><td></td><td>359.0</td></tr> </table>		15.4		297.2		45.1		1.3		359.0
	Fulldyrka jord	12.0																																																				
	Overflatedyrka jord	0.0																																																				
	Innmarksbeite	3.4																																																				
	Skog av særs høg bonitet	0.0																																																				
	Skog av høg bonitet	112.9																																																				
	Skog av middels bonitet	109.3																																																				
	Skog av lav bonitet	2.0																																																				
	Uproduktiv skog	73.0																																																				
	Myr	7.1																																																				
	Åpen jorddekt fastmark	15.6																																																				
	Åpen grunnlendt fastmark	22.4																																																				
	Bebygg, samf. vann, bre	1.3																																																				
	Ikke klassifisert	0.0																																																				
Sum:		359.0																																																				
	15.4																																																					
	297.2																																																					
	45.1																																																					
	1.3																																																					
	359.0																																																					
<p>GÅRDSKART 1519-36/1 Tilknyttede grunnleandommer: 36/1</p>	<p>Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.</p> <p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <p>— Arealressursgrenser — Eiendomsgrenser</p>																																																					



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard/Edvin Løfoll Arkivsak nr.: 2017/452
Arkivkode: N64

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
60/17	Formannskapet Kommunestyret	18.04.2017
4/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	20.04.2017

BREIBAND/FIBER VOLDA - GRODÅS

Administrasjonen si tilråding:

- Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om statlege midlar over NKOM-ordninga for å leggje til rette for utbygging av høghastigheitsnett for husstandar på strekninga Grodås – Volda.**
- Kommunestyret ber administrasjonen også søkje på infrastrukturmidlar for kommunar som slår seg saman med sikte på å etablere fiber/breiband mellom kommunehuset i Hornindal og Volda rådhus.**
- Kommunestyret ser begge ordningane under punkt 1 og 2 i samanheng for å få til tilfredsstillande løysing for etablering av fiber/breiband mellom administrasjonsbygga i ny kommune, og er innforstått med at dei statlege tilskotsordningane føreset kommunal eigenfinansiering. Val av endeleg løysing og dekningsmåte vert å kome attende til når alle forhold er avklart (storleik på kostnad, tilskot mv)**

Vedlegg/link (NKOM-orninga)

<http://www.nkom.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/utbygging/nasjonal-st%C3%B8nad-til-breibandutbygging>

Samandrag av saka:

Det må etablerast breibandssamband mellom kommunehuset på Grodås og Volda rådhus før kommunane vert samanslått til ny kommune i 2020. Det vert søkt om statlege midlar over dei såkalla NKOM-midlane og over ramma for infrastrukturtiltak i samband med

kommunesamanslåing. NKOM er ei ordning der ein legg til rette for breiband til samfunnet samtidig som ein kan dekkje kommunane sine egne behov. Langs strekninga Grodås – Volda handlar dette om husstandar langs traseen ny E39. Utbygging her har ikkje vore vurdert som forretningsmessig lønsamt for aktørane i marknaden. Dersom kommunen får statleg tilskot der alle aktørar kjem betre ut enn ved leige, så kan ein samtidig leggje til rette med avtappingspunkt for privat utbygging av spreienett til omlag 170 husstandar. Trasèen gjer det mogeleg å knyte saman fleire kommunale bygg i eige ekom-nett. Dette vil løyse behovet for bandbreidde (hastigheit) i framtida, samt redusere kostnader for intern kommunikasjon.

Saksopplysningar/fakta:

Volda og Hornindal kommunar har gjort vedtak om å slå seg saman. Det vil vere naudsynt å opprette høghastigheit breiband (fiber) mellom kommunane for å kunne nytte eksisterande og framtidige IT løysingar. Trasèen som er tenkt nytta er ny E39 mellom Volda sentrum og Grodås i Hornindal. Langs denne vegen er det fleire stadar svært dårleg breibandsdekning, jamfør eksisterande dekningskart utarbeida av NKOM. Denne nye trasèen er tenkt å leggje til rette for FTH-nett (fiber til heimen) til mange lokalsamfunn langs vegen og dekkje behovet for framtidsretta ekom-nett til private. Den totale strekninga er om lag 38km. Vidare vil dette nettet gjere det mogeleg med vesentleg betre internt samband mellom kommunale bygg (t.d rådhuset i Volda – Myrtun).

Det er i utgangspunktet 2 statlege tilskotsordningar som er aktuelle å søkje om midlar frå. Dette er NKOM (nasjonal kommunikasjons mynde) si årlege tildeling, og regjeringa si ordning for stønad til infrastruktur for kommunar som slår seg saman. Uansett om ein lukkast eller ikkje i slike søknader, vil stønaden dekkje berre delar av kostnaden for denne utbygginga. Det er difor nødvendig at kommunen legg til grunn ei eigenfinansiering i kombinasjon med statleg stønad og andre statlege samarbeidspartar. Dette vil gje ein meir langsiktig tryggleik, vere føreseieleg og gje kommunen lågare kostnader over tid. Den totale økonomien vert å vurdere når ein får svar på dei statlege søknadene, der ein ut frå utrekning av årlege kostnader må ta endeleg avgjerd mellom eiga utbygging og leige av fiberkapasitet frå private leverandørar.

Kommunen er og skal vere, «elektronisk» i sakshandsaming og tenesteyting til innbyggjarane. Då er ein avhengig av at kommunen har tilgang til kapasitet og evnar å nytte både dagens og morgondagens IT løysingar. Denne utbygginga vil gjere kommunen i stand til å møte framtida på ein god måte, samt at det legg til rette for kommersielle aktørar å bygge ut delar av bygdene som ligg langs føringsvegen (FTH). Utan ei slik utbygging, vil truleg ikkje dette siste vere mogleg dei næraste åra.

Det er også mogeleg å redusere kostnader for slik utbygging ved å samarbeide med andre. Det kan vere Statens vegvesen (SVV), Mørenett AS, lokale, men og nasjonale marknadsstyrte breibands utbyggarar. Det som avteiknar seg så langt, er at samarbeid med marknadsstyrt utbyggarar, vil kunne redusere kommunen sin handlefridom ved for sterkt knyting og lite føreseieleg eigarskap. Noverande og framtidige kostnader vert truleg høgare enn ved å bygge sjølv. Det er difor naudsynt/tenleg at kommunen legg til grunn ei eigenfinansiering i kombinasjon med statleg stønad og evt andre statlege samarbeidspartar. Dette vil gje ein meir langsiktig tryggleik, vere føreseieleg og gje kommunen lågare kostnader over tid.

Etter å ha undersøkt litt ulike mogelegheiter, ser det vanskeleg ut å samarbeide med kommersielle aktørar. Dette fordi kostnadene for kjøp av kapasitet er høg, og kostnader ved kjøp av ekom kanalar er om mogeleg endå høgare. Det er relativt liten konkurranse i vår marknad (som dekkjer aktuell strekning og område) og prisane er truleg farga av det.

Det kan vere mogeleg å få til samband via Vanylven og Nordfjord-kommunane sin fiber. Dette vil ogs føre til leigekostnader, samt at det vil vere sårbart med tanke på utfall. Trasèen som vi tenkjer no, vil kunne gje redundant løysing (to-sidig innmating) og vil truleg vere interessant for Nordfjord-kommunane som alternativt samband. Det er vanleg i bransjen å swoppe (byte seg i mellom), men Volda kommune har lite eller ingenting å gje i swopp per i dag.

Helse og miljøkonsekvensar:

Eit slikt samband internt i kommunen vil saman med SSIKT-samarbeidet, gje framtidretta løysing også for helse sektoren. Det vil vere lite (les ingen) avgrensing i bandbreidde (hastigheit), og ved å eige ekom-nettet legg det grunnlag for større tryggleik i kommunikasjonen.

Å nytte eksisterande infrastruktur, reduserer miljøkonsekvensane monaleg. Det er per i dag usikkert kor enkelt dette let seg gjere, men mogelegheitene er til stades.

Økonomiske konsekvensar:

Som omtala i saksopplysningar og fakta, ser det mest tenleg ut at kommunen (evt i samarbeid med anna kommunal/statleg aktør) sjølv står som eigar av dette ekom-sambandet. Fleire av kommunene på Sunnmøre har gjennomført denne modellen tidlegare og i desse dagar held SSIKT (Søre Sunnmøre interkommunale IKT-samarbeid) på å knyte saman nokre samband der kommunane manglar eigen infrastruktur.

Leige av kapasitet vil koste kommunen dyrt over tid. I dag er det truleg berre Telenor som kan tilby dette. I skrivande stund har vi ikkje full oversikt over kostnader for slik leige, men baserer påstanden på erfaringstal. Vidare er det mogeleg å kjøpe seg inn i Statnett sin fiber på 440kV linja (monsterlinja) som går på tvers av den aktuelle trasèen. Dette vil og vere kostbart, da vi i tillegg må bygge eige nett for å nå tak i denne trasèen, samt leige med andre for å kome mellom senter i Volda og Grodås.

Å bygge dette sambandet i eigen regi langs E39 med alle kostnader medteke, vil truleg kome på om lag kr 8,5 – 10,5mill i total kostnad. Dette baserer seg på meterpris på kring kr 260,-/meter og er relevant i denne samanheng. Dersom det er mogeleg å samarbeide med eigar av infrastruktur (for eksempel SVV), vil ein kunne redusere kostnader monaleg, truleg halvere byggekostnaden. Det vert jobba med å få til slikt samarbeid, men det er ikkje avklara enno.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Det vert vurdert som mindre endringar i høve beredskap. Det å få mogeleg redundant løysing via Nordfjord kommunane, kan vere eit positivt bidrag.

Vurdering og konklusjon:

Det er nødvendig å finne løysing på høghastigheitskommunikasjon mellom Grodås og Volda til kommunane skal samanslåast og verte ein ny kommune. Rådmannen meiner at Hornindal og Volda kommune saman bør nytte dei ordningane som gir god og gjennomførbar løysing. Eksisterande ordningar som skissert i saksutgreiinga bør kombinerast. NKOM-ordninga er retta mot utbygging for å gi tilbod til husstandane, og der dette samtidig kan gi nytte for kommunen si verksemd. Staten sine infrastrukturmidlar til kommunesamanslåing kan nyttast for å etablere betre infrastruktur i den nye kommunen, og da som til dømes breiband/fiber.

Hornindal og Volda bør som ledd i kommunesamanslåingsprosessen arbeide strategisk med korleis ein skal få til god dekning av breiband/høghastigheitsnett for innbyggjarane i heile den nye kommunen. Dette vert viktig infrastruktur for innbyggjarane, og for at kommunen skal kunne yte framtidsetta tenester for innbyggjarane.

Rådmannen vil rå til at Volda kommune i samarbeid med Hornindal kommune søker om midlar over begge ordningane. Kva løysing som endeleg vert valt for høghastigheitsnett mellom Grodås og Volda vert å avgjere når vi får svar på søknadene, samt ut frå ei vurdering av kva som er mest tenleg ut frå den samla økonomien.

Ved eiga utbygging må kommunen vere budd på å setje av eigenandel. Dette bør også drøftast med fellesnemnda for den nye kommunen, og om ev heile eller delar av dette skal dekkjast av eingongstilskotet til ny kommune ettersom dette er grunnleggjande infrastruktur for å kunne få den nye kommunen opp og gå elektronisk.

Rune Sjurgard
Rådmann

Edvin Løfoll

Utskrift av endeleg vedtak:

Edvin Løfoll for utarbeiding av søknad
Hornindal kommune
SSIKT v/ Guttorm Rimstad
Teknisk sjef, her
IKT, her
Økonomiavdelinga, her
Ass rådmann, her



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Ingunn Gjengedal

Arkivsak nr.: 2017/581

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
61/17	Formannskapet	18.04.2017

UTFORDRINGAR KNYTT TIL MANGLANDE FASTE STILLINGSRESSURSAR VED AVLASTNINGSTILBOD OG BARNEBUSTADER

Administrasjonen si tilråding:

- Kommunestyret tek informasjon om utfordringane knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader til vitende og vedtek å opprette inntil 3,5 faste årsverk.*
Årsak for våre avvik tilskrives at vi i utgangspunkt mangler ressurser sett til antall pålagte kontroller. Krav til antall rapporter etter økt kommune antall tilsier ca 10 stillinger som ren lønnsrevisor. I 2016 har det tidvis ligget rundt 6-7 lønnsrevisorer frem til desember. Med knappe ressurser er vi sårbare ved fravær.

Vi vektlegger god kvalitet. Kontrollen med etterfølgende rapporten skal gi et godt grunnlag for den senere saksbehandling av vedtak om endring av ligning, og for eventuelle anmeldelser. Dette innebærer at vi bruker mer ressurser på å innhente informasjon i forbindelse med kontrollene og å få til gode fakta beskrivelser. Ny rutine innen kvalitetssikring medfører at vi er to som utfører kvalitetssikringen, dette skal også dokumenteres. Spesielt viktig med mange ferske i kontrollarbeid og dette utgjør en større del av kontrolltid enn tidligere.

Vi mener likevel det er forbedringspotensial i det å begrense tid pr kontroll jamfør vesentlighetsnivå og vurdert risiko.

Avdekning totalt er større enn i 2015, det tilskrives økt antall AK (avdekningskontroller), bedre utplukk og har i noe grad sammenheng med flere konkurssaker for inntektsendringer.

Avdekning av konkursobjekter medfører for vedtak av arbeidsgivergrunlaget lavt antall og beløp. Det blir ikke foreslått vedtaksendring (behandling) av avdekt arbeidsgivergrunlag i disse sakene, da det ikke er likvider å hente. Det blir allikevel meldt som endring på differanse mellom innberettet oppgaver og det som avstemning avdekker. Her vil det og i enkelte tilfeller bli en avdekning som er negativ. Det har vært innmeldt lønn, men hvor lønn ikke er utbetalt gir negativ avdekning.

Totalt sett; kravene er høye sett mot tilgjengelig ressurs. Det er flere forhold som har påvirket resultatet og det er gjort tiltak med at vi nå har styrket med antall stillinger. Det er også planlagt noen endringer fremover som vi mener skal vise effekt. Ser en til total antall kontroller er antallet økt med 13 stk fra 2015. I samme periode har det vært høyt sykefravær og flere nyansettelser.

3.2 Tidsforbruk

Det er i 2016 bestemt endring i forhold til beregningen av kontrolltid brukt på rapporter. Tidligere år er det gjort nøye avregning pr kontrollobjekt på gjeldende år. Dette var en beregnet kvartalsoversikt som lå til grunn. Vi har gått bort fra dette fordi det ikke gir et helhetlig bilde av tidsbruk ved kontrollarbeid. Etterarbeid som tilkommer gjerne i etterkant av en rapport har da ofte ikke vært medtatt i beregningen. Det kan være kontakt med skattepliktige, saksbehandler, politi, skatteoppkrever etc. som da ikke er kommet med. Registrering er avhengig av lønnsrevisors nøyaktighet. Vi mener det er bruk av ressurs som er lite hensiktsmessig og som lett misforstås når den skal forklares. Dette ble tatt opp i siste styremøte og avklart.

Antall dagsverk i snitt (alle kommunene) og beregnet fra antall rapporter utgjør da 5,08 DV.
Beregningsgrunnlag er: sum effektiv kontrolltid 899 / på antall kontroller 177.
Inklusiv reisetid med i fordeling vil forbrukt tid være 5,15 DV.

Sammenliknet med 2015 (samme beregningsgrunnlag) vil DV være henholdsvis 5,12 og 5,17.

3.3 Resultat av kontrollarbeidet 2016

For inntektsåret 2016 er dette telt;
Endringsforslag arbeidsgiveravgift.
Endringsforslag inntektsgrunnlag
Rettinger(egenrettinger) ved at vi sender lønns og trekkoppgaver.
Egenrettinger av virksomhet påvirket av kontroll.

Vi har følgende totalresultat i år:

antall kontroller 177
antall rapporter med avdekning er 36 stk, av disse er,
antall AK rapporter med beløp (endringsforslag) 33 stk
antall FK rapporter med avdekning 1 stk
antall kroner forslag egenretting for AGA grunnlag (arbeidsgiveravgift) 287 195
antall kroner forslag egenretting for inntekt 1 084 863
antall kontroller som er etter konkurs er 24 stk

Det er registrert 16 kontroller i 2016 med avdekt mulig straffbare forhold.
For NSK er det i 2016 sendt inn 14 anmeldelser mot 13 i 2015. I tillegg er en varslet om anmeldelse.

Interkommunal arbeidsgiverkontroll	2016	2015	2014
Endring inntekt ansatte, inkl egenretting	13 535 395	kr 12 185 855	kr 17 091 021
Endring AGA gr.lag inkl egenrettet:	13 493 730	kr 9 860 256	kr 10 910 169

Vedtak: vi er målt på:

Beløp – måle vedtaket fra skattekontoret i beløp som andel av forslaget i beløp fra SKO

Antall – måle hvor mange av skattekontorets vedtak som beløpsmessig er lik endringsforslaget i våre rapporter.

For hvert av forholdene (beløp og antall) er parameteren splittet på:

Grunnlag arbeidsgiveravgift og inntektsgrunnlag (likningsendring for ansatte)

Det er et krav at 50 % av avdekning på avdekningskontrollene

Sum totale antall vedtak for AGA er 11 fra skattekontoret.

Rett vedtak på 9 stk. Gir korrekt treff med 82 %.

Sum totale antall vedtak for inntektsgrunnlag er 57. Rette vedtak 44, gir riktig 77 %.

Avdekning målt i år prosentvis av total antall rapporter er 23,8 %, mot fjorårets 21,1 %.

Måler	2016 antall	2016 beløp	2016	Avdekn.	2015 antall	2015 beløp	2015	Avdekn.
Rett i fh til vedtak	Vårt / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak	% beløp	Vårt / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak	% beløp
Vedtaks inntekt	44 / 57	7 323 392	7 121 937	97, %	36 / 49	8 928 607	8 722 304	97,7 %
Vedtaks AGA	9 / 11	2 425 227	2 177 782	90 %	5 / 7	2 515 823	2 552 945	98,5 %

*Antall, «vårt tal» er antall rette sett til vedtak.

Vi har da 17 rapporter pr 31.12.16 som ikke er vedtaksbehandlet.
I personallistekontrollene (PLK) 2016 er det i 18 av 31 kontroller foreslått gebyrer totalt med sum kr 217 300,-. Disse er ferdig behandlet og vedtatt med samme sum.
Til sammenligning var det i år 2015, 30 av 75 PLK med foreslått gebyr sum 268 320, samme beløp er vedtatt.

Informasjonstiltak

Informasjons – dagene våre trakk 175 deltagere (eks. våre interne). Det ble i år gjennomført informasjonsdag i Ålesund, Herøy, og Ørsta.

4. Regnskap 2016.

Regnskap for år 2016 er avstemt og viser mindre forbruk enn budsjettert.
Fakturaoppgjør er utsendt. Regnskapsoversikt vil oversendes.

5. Konklusjon

Arbeidsgiverkontrollen har i 2016 ferdigstilt 177 bokettersynsrapporter. Dette er mindre enn hva vi i utgangspunkt hadde som mål. Det har vært utfordrende år med flere nye lønnsrevisorer, høyt sykefravær og manglende ekstra ressurs som vi har hatt innen NSK.
Vi har i 2016 en økning i endringsforslag/sum avdekning både ved inntekt og for AGA endring.

Proveny av disse PLK fremkommer ikke tall for avdekning.
Vi mener kvaliteten på kontrollene og rapportene er gode, men er viktig å ha fokus på også fremover.
Følgende dagsverk føres over til 2017:

Kommune	Overført DV til neste år
Ålesund	-53
Giske	41
Haram	33
Hareid	- 8
Herøy	-15
Norddal	5
Sande	13
Sandøy	- 1
Skodje	- 2
Stordal	10
Stranda	-27
Sula	-3
Ulstein	23
Volda	-60
Ørskog	15
Ørsta	28


Ålesund, den 12.1.2017

Sigrun Andersen

Sigrun Andersen
teamleder



Kommunestyret i Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA



Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Volda kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014
1,6	1,9	1,6

I år rapporterer arbeidsgjevarkontrollen at dei har brukt 0,5 årsverk til kontrollarbeid.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Volda kommune viser per 31. desember 2016 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 910 876 475 og uteståande restansar² på kr 10 184 537, av dette krav stilla på vent kr 456 654. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2017.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2016 for Volda kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2014	21,6	98,40 %	97,00 %	95,95 %	95,82 %
Arbeidsgjevaravgift 2015	172,8	99,93 %	99,90 %	99,89 %	99,86 %
Forskotskatt personlege skatteytarar 2015	39,8	99,31 %	99,70 %	99,86 %	99,39 %
Forskotstrekk 2015	319,4	100,00 %	100,00 %	99,97 %	99,96 %
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2015	36,3	99,95 %	99,90 %	100,00 %	99,97 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2014	11,1	99,84 %	99,40 %	98,79 %	99,42 %

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Volda kommune kjøper arbeidsgjevarkontrollar av Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Resultat for kommunen per 31. desember 2016 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar 2016:	Utført kontroll 2016 (i %)	Utført kontroll 2015 (i %)	Utført kontroll 2014 (i %)	Utført kontroll 2016 region (i %)
340	17	14	4,1 %	5,0 %	3,5 %	4,2 %

I tillegg er det gjennomført 1 personallistekontroll i 2016 .

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2016 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 2. juni 2016.

Skattekontoret har i 2016 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

5. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjing**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**


Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk. Arbeidsgjevarkontrollen vert likevel ikkje utført i eit tilstrekkeleg omfang då det er utført 4,1 % kontroller mot et krav på 5 %.


6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2016 gjeve tilråding som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 1. juli 2016.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på tilrådinga som er gjeven.

Venleg helsing


Stein-Ove Hjortland
Fung. avdelingsdirektør
Skatt Midt-Norge


Ida Moen
Fagansvarlig

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Volda kommune
- Skatteoppkrevjaren for Volda kommune
- Riksrevisjonen



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Volda kommune	06/17	232	29.03.2017

SAK 06/17 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2016 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Årsmelding for Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll for 2016.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2016 frå Skatteetaten av 15.02.2017
- Årsmelding for 2016 frå Skatteoppkrevjaren av 20.01.2017
- Skatterekneskapen 2016 av 20.01.2017
- Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll 2016 av 12.01.2017

Saksopplysning

Viser til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsmelding frå Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll.

Fylgjande kjem av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna intern kontroll.
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og framlegginga av rekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane.
- Arbeidsgivarkontrollen si utføring er i samsvar med regelverket

Ikkje tilfredsstillande:

- Arbeidsgivarkontrollen er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang. 4,1% kontrollar medan kravet var på 5%.

Andre tilhøve:

Når det gjeld detaljar for innkrevjinga viser eg til Skatteetaten sin kontrollrapport pkt. 3, Årsmeldinga frå skatteoppkrevjaren pkt. 3 og Skatterekneskapen.

Skatt fordelt til kommunen viser kr 206.754.872 mot kr 193.969.561 i 2015. Dvs. ein auke på kr 12.785.311 eller 6,59%.

Kommunen hadde budsjettert med 206,2 mill. i skatteinntang. Tilleggsinntekta vart då 0,5 mill.. Jf. Årsmeldinga pkt. 1.3.2.

Rett utskrift

Åram 29..mars.2017

Ada Elise Håberg
Ada Elise Håberg
Konsulent


Utskrift til: Rådmannen for vidare saksbehandling til formannskap/kommunestyre



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2014/1913

Arkivkode: A60

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

66/17

Formannskapet
Kommunestyret

18.04.2017

CAMPUSUTVIKLING - RESSURSAR TIL Å BISTÅ KOMMUNEN I PLANLEGGING AV KULTURHUS OG KINO

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til planlegging i samband med utgreiing av kulturhus og kino i sambruksløysing i samarbeid med Høgskulen sitt nye mediebygg på Campus. Løyvinga vert dekt over formannskapet sin disposisjonspost.

Vedleggsliste:

Notat frå rådmannen til formannskapet av 07.03.16; Campusutvikling op høgskulen i Volda – rammer for kommunal medverknad (jfr orienteringssak for kommunestyret 30.03.17)

Uprenta saksvedlegg:

Intensjonsavtale mellom Volda kommune og Høgskulen i Volda.

Samandrag av saka:

Volda kommune og Høgskulen har inngått intensjonsavtale om eit samarbeid om kulturhus og kino som fleirbruksløysing i samband med planlegging av nytt mediebygg på Campus. Volda kommune har behov for å knyte til seg kompetanse for å ivareta kommunen sine behov i planlegginga.

Saksopplysningar/fakta:

Prosjektet vert administrert av Statsbygg med Høgskulen og Volda kommune som samarbeidspartar. Det er ein eigen programkomite som arbeider med rom- og funksjonsprogram der Jan Henning Egset deltek frå kommunen. I styringsgruppa for prosjektet deltek ordførar og rådmann frå kommunen. Prosjektet er inne i ei førebuingsfase for grunnlag til kontrakt om skisseprosjekt, jfr framdriftsplan:

SKISSEPROSJEKT – AKTIVITETER OG FRAMDRIFT

SRG 1.3.2017-PL

	AKTIVITET	2017											
		F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	
LO	Lokalisering m/vedtak	■	■	■	■	■	■	■					
BP	Byggeprogram						■						
	RF Rom- og funksjonsbeskrivelse (rev.)	■	■			■							
	TS Teknisk spesifisering		■	■	■								
KS	Kontraksstrategi m/sak i komitéen												
KG	Konkurransesgrunnlag			■	■								
AÅ	Anbudskonkurranse – åpen (PG)					■							
E	Evaluering						■	■	■				
KO	Kontraktssignering									■	■	■	■
SP	Skisseprosjekt												
FB	Fasebehandling												■

Hvis ikke LO konkluderer eksakt blir det innledende aktivitet i skisseprosjekt.

TOTALPROSJEKT – FASER OG FRAMDRIFT

14.3.2017-PL

	AKTIVITET	2018				2019				2020			
		Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4
AK	Anbudskonkurranse entreprise	■											
RN	Regjeringsnotat		■	■									
HB	Husleieberegning			■									
E	Detaljprosjekt				■	■							
SPB	Start på byggeplass					■							
BF1	Byggefase – gr. arb/råbygg/bygg						■	■	■				
BF2	Byggefase – teknikk								■	■	■		
PD	Prøvedrift												■
OT	Overtakelse												■

Ferdig bygg semesterstart høsten 2020 eller januar 2021.

Ei politisk nemnd la fram ei overordna bestilling av kommunen sine behov. I fasen fram mot skisseprosjekt, og under utvikling av prosjektet i skisseprosjektfasen, må kommunen gjere avklaringar rundt tekniske spesifiseringar mv. Vidare må kommunen gjere utgreiingar rundt kva som skal med i prosjektet, avklare finansieringskjelder og utgreie grunnlag for å ta endeleg stilling til prosjektet. Kommunen har ikkje kompetanse og kapasitet i administrasjonen til dette. Det vil verte behov for ressursar til å leige inn ekspertise og elles til å kunne arbeide med prosjektet (som td synfaringar mv)

Vurdering og konklusjon:

Ut frå intensjonsavtalen skal Volda kommune ta endeleg stilling til deltaking i prosjektet når økonomiske og driftsmessige forhold er avklart i skisseprosjektfasen. Omfanget av skisseprosjektet vil samtidig vere avhengig av om kulturhusdelen skal inngå i planlegginga. Det er derfor forventningar til at kommunen kan leggje nokre premisser i eiga sak etter ferien.

Rådmannen ser det som heilt nødvendig at det vert sett av litt ressursar til planlegging og avklaring av ulike forhold rundt kulturhus og kino. Rådmannen foreslår at det vert sett av inntil kr 255 000 med dekning over formannskapet sin disposisjonspost. I budsjettet er denne oppført med kr 455 000. Frå tidlegare er det løyvd kr 200 000 til kulturmidlar for 2017.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Økonomiavdelinga



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Lars Løkeland Slåke

Arkivsak nr.: 2017/474

Arkivkode:

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

67/17

Formannskapet

18.04.2017

SATSNING PÅ STRANDRYDDEDAG I VOLDA KOMMUNE 2017

Administrasjonen si tilråding:

Laurdag 6. mai er den offisielle strandryddedagen som er del av strandryddeveka 2. – 7. mai. Som eit ledd for å sette miljø på dagsorden for dei tilsette i Volda kommune oppmodar formannskapet innbyggjarane om å delta på strandryddedag.

Samandrag av saka:

Det vert ofte gjentatt at klima og miljø må inn i alle prosessar i kommunen. Dei biologiske utfordringane og klimaproblematikken er enorm og for å løyse den må ein utføre tiltak både på lokal, nasjonal og global skala. Kommunen er ein svært viktig aktør i lokale miljø og klimasaker og kunnskap samt eigarskap til utfordringane er avgjørande for i kva grad Volda kommune i framtida blir ein miljø- og klimakommune eller ei.

Kunnskap og eigarskap er dermed avgjørande og eg som plan- og miljørådgivar ynsker å oppnå begge delar. Plan- og miljøkonsulenten kan formidle kunnskap gjennom foredrag der han byggjer på sin kompetanse med miljøkommunikasjon frå Miljødirektoratet. Kommunen sine innbyggjarar kan oppnå eigarskap ved hjelp av å delta på dugnaden strandryddedagen.

Saksopplysningar/fakta:

Å satse på miljø og klima gjennom kommunikasjon og dugnad bidrar til trivsel gjennom at ein kjem saman og bidrar. Risikoen for ulykker i Strandsonen går ned då ein fjernar forsøpling for eksempel glassår. Ein forbetrar opplevinga av nærområda som er positivt for friluftsliv og derfor helse og ein satsar på frivillig medverknad.

Mål	Strategi

Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv.	Ivareta og styrke ildsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid, omsorg, integrering med meir.
Alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen.	
Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald.	Auke kompetansen til tilsette i kommunen, og tilby informasjon og rådgjeving om berekraftig naturforvaltning.
Volda kommune skal arbeide for auka attvinning og avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet.	
Volda kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og bevisstheit om rett energibruk.	

Helse og miljøkonsekvensar:

Under ein strandryddedag er det mogleg at ulike skadar kan oppstå, som at ein fell eller skjer seg. Likevel kjem ein seg ut noko som er godt for folkehelsa. Dugnad bidrar til kulturbygging noko som også er positivt i eit helseperspektiv. Miljøkonsekvensane etter tiltaket er svært ynskelege.

Økonomiske konsekvensar:

Dei økonomiske konsekvensane er avhengig av korleis ein vel å gjennomføre strandryddedagen. Det er ikkje lagt opp til innsats som tilseier løyving frå kommunen. Formannskapet får vurdere dette, ev kome med føringar for førebuing av neste års strandryddedag.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Tiltaket har ikkje vidare beredskapsmessige konsekvensar utanom at ein kan fjerne forureining som elles kan vere ein risiko for dei som ferdast i strandsona.

Vurdering og konklusjon:

Klima og miljø skal inn i alle prosessar i kommunen og for å oppnå dette må det spreiest informasjon og eigarskap til problemstillinga. Dette kan gjerast gjennom foredrag og «hands on opplevingar». Strandryddedagen er derfor ei moglegheit for å skape eigarskap til miljøsaker blant kommunen sine innbyggjarar.

Sakshandsamar ytra ynskje om å leggje opp til at alle tilsette i kommunen skulle inviterast til å delta på dugnaden for å skape eigarskap til miljøarbeid og identitetsbygging. Han foreslo at kommunen t.d kunne kompensere med 1 time arbeidsløn for å delta. Det er i og for seg ein god ide, men desse ideane har ikkje kome fram tidleg nok til å førebu dei tilstrekkeleg med drøfting med dei tillitsvalte og skape tilstrekkeleg engasjement til deltaking mv. Det må også vurderast om tilsette når det gjeld ansvar for det ytre miljøet bør vurderast på lik line med andre innbyggjarar i kommunen. Rådmannen meiner at ev utvida opplegg for strandrydding vert å sjå nærare på i god tid før strandryddedagen neste år.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

PS 68/17 Orienteringssaker




Samlokalisering Tussatun og Dragsund - Sluttrapport

Tussatun 17.mars 2017

Innhald

1. Samandrag	3
2. Bakgrunn og målsetting	
2.1 Bakgrunn	5
2.2 Målsetting	6
2.3 Overordna mål og ambisjonar for Mørenett	9
3. Arbeidsgruppa sine leveransar	
3.1 Skildring av dagens lokasjonar på Tussatun og Dragsund	12
3.2 Plassbehov, fasiliteter, evt behov for bygningsmessige tilpassingar	15
3.3 Effektivitet- og kompetanse konsekvensar / gevinstar ved samlokalisering i sør	16
3.4 Økonomiske konsekvensar	18
3.5 Beredskapsomsyn, forsyningssikkerhet og drift av nettet	22
3.6 Konsekvensar for kundane	31
3.7 Konsekvensar for dei tilsette	32
3.8 Miljøvurdering	33
3.9 Framtidsutvikling i regionen	34
3.10 Nøytralitet	35
3.11 Politiske interesser	36
3.12 Samla vurderingar	37
4. Tilråing og prosess for gjennomføring	
4.1 Tilråing med naudsynte beslutningar	40
4.2 Tidplan for gjennomføring	41



1. Samandrag

Mørenett i dag har 2 hovudlokasjonar i sør, Tussatun og Dragsund. På Tussatun er vi leigetakar medan vi i Dragsund er huseigar. Mørenett er i endring, og å fortsette med to hovedlokasjonar i sør finner vi utfordrande. Dette både ut frå økonomisk rasjonale, men også ut frå behovet for å samle menneskelege ressursar i eit felles, framtidsretta og robust arbeidsmiljø.

I arbeidet med konsekvensutgreiing har arbeidsgruppa bevisst valt å fokusere på kva som gagnar Mørenett som selskap best. I dette ligg det også kva langsiktig løysing som best støtter nettmonopolet og kundane med tanke på effektiv drift og god leveringstryggleik. For Mørenett er det viktig å velge den lokasjonen som best legg til rette for god beredskap, forsyningstryggleik og drift av nettet. Vidare har arbeidsgruppa vurdert kva lokasjon som vil gi den største effektivitetsvinsten for Mørenett.

Arbeidsgruppa sin klare konklusjon er at ei samling av Mørenett sin aktivitet i sør vil gje auka effektivitet og kostnadsvinst for selskapet, og at dette er lokasjonsnøytralt. Våre vurderingar tilseier ei årleg kostnadsreduksjon på rundt 4,8 mill kroner pr. år ved ei samlokalisering på ein lokasjon. Dette er knytt til lager/logistikk, redusert arealbruk samt ein generell effektivitetsvinst gjennom betra samhandling og koordinering. Mellom anna erfaringane frå samlokaliseringa på Høgvoll viser samhandlingsvinster ut over dette. Ei samlokalisering i sør vil gje styrka samhandling, kompetanse, fleksibilitet og kapasitet. Dette vil styrke Mørenett for å møte store utfordringar dei komande åra, både innan drift/vedlikehald og store naudsynte investeringar i kraftnettet. Ein hovudlokasjon i sør og ein i nord vil også gjere det enklare og meir effektivt med tanke på samhandling enn i dag der vi har tre. Ser ein direkte på økonomiske konsekvensar knytt til kapital-, leige- og D&V kostnader av lokasjon og kva konsekvensar dette har for selskapet si inntektsramme, vil det for Mørenett lønne seg å eige framfor å leige lokasjon. Vidare er det gjennomført økonomiske vurderingar rundt eventuell seksjonering og erverv av seksjon på Tussatun sett opp mot Dragsund som allereie er eigd. Tilnærma lik kapitalbinding og like areal til disposisjon på begge alternativna viser at dei økonomiske konsekvensane mellom alternativna ikkje er så store at dette aleine kan nyttast som argument for val av samlokasjon.

Når det gjeld konsekvensar for dei tilsette er dette vurdert ut frå to vinklar, konsekvensar for Mørenett og individuelle konsekvensar for den einkilde tilsette. 13 Mørenett tilsette få ny oppmøteplass ved samlokalisering på Tussatun (av desse inntil 5 montørar) og ved ei samlokalisering på Dragsund vil det tilsvarande talet være 50 (av desse inntil 18 montørar). Desse tala er basert på ressursituasjonen i Mørenett etter at verksemdsoverdraging til BKK Enotek er gjennomført. Vurderinga tilseier at Tussatun er det beste alternativet for Mørenett med omsyn til fleirtalet av dei tilsette. Ulempa for den einkilde som byter lokasjon vil likevel være like stor. I sum vil ulempa verte størst ved val av Dragsund då dette medfører auka ulempe for eit større tal tilsette. Ut frå eit rekrutteringsperspektiv vil val av lokasjon vere nøytralt. Samlokalisering og auka reiseavstand for tilsette kan føre til tap av kompetanse på kort sikt. Skilnad i omsynet til dei tilsette mellom dei ulike alternativna er likevel ikkje så stor at dette aleine kan verte nytta som argument for val av lokasjon.

Prosessen kring samlokalisering gjer at Mørenett kan forvente at medarbeidartilfredsheit på kort sikt går noko ned. Dette vil vere påverka av sum tal medarbeidarar som må byte baselokasjon. Dette kan det takast omsyn til gjennom miljøskapande tiltak. Ut frå erfaringane med samlokaliseringa på Høgvoll, og erfaringar frå andre selskap som har gjennomført tilsvarande prosessar, kan ein forventa at medarbeidartilfredsheten vert god etter at innkøyring av ny lokasjon er gjennomført.

Ut frå ei miljø- og HMS vurdering vert Tussatun vurdert som det beste alternativet. Dette både ut frå køyrde km og miljøbelastning knytt til arbeidsreise, men også knytt til eksponering av trafikkrisiko. Miljøkonsekvensane mellom alternativna er likevel ikkje så stor at dette aleine kan verte nytta argument for val av lokasjon.

1. Samandrag

Når det gjeld framtidig aktivitetsnivå knytt til drift og vedlikehald vert Tussatun vurdert til det beste alternativet, dette hovudsakleg på bakgrunn av geografi og anleggsmengde som skal vedlikehaldast. Mørenett har i indre ein større andel av luftlinjer med stor geografisk spreiding som er arbeidskrevjande å drifte og fornye.

Etter etableringa av Eiksundsambandet kan ein i stor grad sjå beredskapssituasjonen i sør som nøytral ved val av hovedlokasjon. Dersom tunnelen er stengd for trafikk, kan dette handterast med fergetransport mot dei aktuelle områda der ulempene vil være like store både i ytre og indre. Det er gjennomført kartlegging av områda med tanke på geografi, befolkningsmengde, anleggsmengde og KILE. Konsekvensen for leveringstryggleiken vert også vurdert som rimeleg nøytral mellom lokasjonane.

I ein normalsituasjon er kundane i liten grad i kontakt med Mørenett. Det meste av samhandling går elektronisk, og dette vil auke ytterlegare i tida framover. Kundane vil få ei betre servicegrad ved samlokalisering, dette grunna samling av kompetanse. Mellom lokasjonane vil dette være nøytralt.

Mørenett er i god framdrift på reisa vidare mot eit endå meir reindyrka og nøytralt nettselskap i tråd med regulator og politiske miljø sine føringar. I Ålesund har vi flytta over i eigne lokaler med avstand til Tafjord som eigar. Ved ei samlokalisering i Dragsund vil vi også skape avstand til Tussa som eigar. Ved ei seksjonering på Tussatun vil vi kunne oppnå deler av dette, men Dragsund til vere det beste alternativet for Mørenett sett ut frå omsynet til nøytralitet. Dette er likevel ikkje tilstrekkeleg som argument for val av lokasjon aleine.

I samband med etableringa av Mørenett vart det gjennomført ei funksjonsfordeling mellom Ålesund og Ørsta. Ut frå dagleg drift i Mørenett er dette i dag rimeleg nøytralt, tilsette er der det er behov for at dei skal vere. Ut frå eit eigarperspektiv ser vi likevel at dette kan være ei sak med politisk interesse.

Mørenett har i dag Tafjord Kraft og Tussa Kraft som eigarar. For arbeidsgruppa har det også vore viktig å fokusere på løysing som er balansert over for eigarsida. Mørenett eig bygningsmassa i Dragsund, og vår vurdering er at ei eventuell avhending vil være krevjande i dagens marknad. Dette vert understøtta av informasjon innhenta frå relevante aktørar innan eigedomsbransjen. Ei samlokalisering på Tussatun vil kunne være ein fordel for ein av eigarane, til dømes ved sal av eigedomsmasse og samarbeide rundt drift og vedlikehald av seksjonert eigedom. Samstundes vil dette kunne være til ulempe for andre eigaren både med tanke på risiko rundt avhending av bygg samt argumentet rundt nøytralitet og avstand til eigar.

Ut frå ei samla vurdering er arbeidsgruppa einstemmig samd om følgjande tilråding:

1. Dragsund vert tilrådd som ny hovudlokasjon i sør. Dette på grunn av økonomisk risiko knytta til avhending av basebygg i Dragsund. Denne løysinga har også fordelar for Mørenett med tanke på nøytralitet og armlengdes avstand til eigarselskapa
2. Dersom økonomisk risiko vert eliminert eller akseptert frå eigarsida, samt at nøytralitet vert ivareteke, rår vi til Tussatun som ny hovudlokasjon. Denne løysinga gir Mørenett ein fordel knytt til drift-og vedlikehald av kraftnettet samt omsynet til fleirtalet av dei tilsette. Dette føreset at Mørenett sine etablerings-og driftskostnadar på Tussatun vert som vist i rapporten.
3. Arbeidsgruppa rår til at saka vert avklart i løpet av april 2017 med mål om gjennomført samlokalisering 1.1.2018.

2.1 Bakgrunn og målsetting

- bakgrunn

Bakgrunn

Mørenett har i gjennomført strategiarbeid fastsett mål om vurdering av basestruktur og konkret mål om reduksjon av lagerverdiar. Med bakgrunn i dette er det gjennomført bygningsmessig tilpassing og samlokalisering av Mørenett sin aktivitet i Ålesundsområdet på Høgvoll (med unntak av Driftsentral). I Valldal er tidligare base/lagerbygg solgt og Mørenett sin aktivitet er no etablert i nedskalert base / lagerlokasjon. I dette området er også lagerbygg i Eidsdal solgt. I området sør er det gjort endringar i Hornindal. Montørbasen er også her redusert til eit minimumsnivå og tidligare basebygg er solgt. Samordning av lagerfunksjonar og vurdering av lagerført forbruksmateriell og beredskapsmateriell er gjennomført. Vidare vurdering av nye samarbeidsløysingar med grossist for lager og logistikkfunksjonar skal vurderast i eige utviklingsprosjekt.

Behovet for antal fullt utrusta montørbasar er vurdert. Eiksundsambandet og Kvivsvegen har skapt kort reisetid mellom montørbasane i sør. Med dette som grunnlag er det konkludert med at Hornindal skal vidareførast med redusert løysing og fullt underlagt samlokalisert hovedbase i sør. Vurdering av montørbasen på Fiskå inngår ikkje i mandatet for dette prosjektet. Tussatun og Dragsund skal samlokaliserast til ein hovedbase for Mørenett sitt sørlige område.

Saka vart lagt fram for styret i Mørenett i sak 54/16

2.2 Bakgrunn og målsetting

- målsetting

Mål:

Målet for dette prosjektet er å utarbeide eit beslutningsgrunnlag der det vert vurdert og konkludert med kva for ein av dagens lokasjonar, Tussatun og Dragsund, som vil vere det beste valet for Mørenett av samlokalisert hovedbase i sør.



2.2 Bakgrunn og målsetting

- leveransar og gjennomføring

Det skal utarbeidast eit vedtaksgrunnlag der følgande er belyst:

Leveransar	Frist
1. Skildring av dagens lokasjonar på Tussatun og Dragsund	2.feb'17
2. Plassbehov, fasiliteter, evt behov for bygningsmessige tilpassingar <ul style="list-style-type: none"> ○ Avklare plassbehov for funksjonar og fasiliteter (herunder minimumsfunksjon som til dømes, tørk av klede, matrom, lagring av tyngre utstyr og bilar,beredskapslager osv for området som ikkje blir valt som hovedbase) og kapasitet, evt bygningsmessige tilpassingar ved samlokalisering på Tussatun / Dragsund. Vurdere forhold knytt til flytteprosess til Tussatun / Dragsund 	2.feb'17
3. Effektivitet- og kompetanse konsekvensar / gevinstar ved samlokalisering <ul style="list-style-type: none"> ○ Samlokalisering vil ha positiv gevinst innan samhandling, lager, logistikk m.m. Kan det påvisast at ein av lokasjonane Tussatun / Dragsund gir større gevinst innan desse områda enn den andre 	2.feb'17
4. Økonomiske konsekvensar <ul style="list-style-type: none"> ○ Avklare økonomiske konsekvensar for val av Tussatun eller Dragsund som samlokalisert base. Herunder skal også inntekts-kostnadmessig konsekvensar knytta mot å eige bygningsmasse på valt lokasjon i forhold til leige og flyttekostnader vurderast 	2.feb'17
5. Beredskapsomsyn,forsyningssikkerhet og drift av nettet <ul style="list-style-type: none"> ○ Vurderingar knytt til drift av nettet. Kan det påvisast at ein av lokasjonane Tussatun / Dragsund gir større gevinst enn den andre i forhold til nettutstrekning, kundeantal med tanke på køyreavstandar, responstid og beredskapsomsyn og omsynet til forsyningssikkerhet 	16.feb'17
6. Konsekvensar for kundar <ul style="list-style-type: none"> ○ Kan samlokalisering gi uheldige konsekvens for kundar, og er denne konsekvensen ulik ved val av Tussatun eller Dragsund som samlokalisert lokasjon 	16.feb'17
7. Konsekvensar for tilsette <ul style="list-style-type: none"> ○ Omtale reisemessig konsekvens for dei som får endra oppmøteplass. Utarbeide oppdatert oversikt over kor mange som får ny oppmøteplass ved samlokalisering på Tussatun / Dragsund. Vurdere forhold knytt til kompetanse og rekruttring til MN, kultur/identitetsbygging samt betydning for MN av å samle kompetansmiljø. 	16.feb'17
8. Miljøvurdering <ul style="list-style-type: none"> ○ Vil samlokalisering på Tussatun / Dragsund gi ulik miljøkonsekvens på grunn av ulikt reiseomfang for oppmøte på arbeid og ulike reiseavstandar i arbeidstida 	16.feb'17
9. Framtidsutvikling i regionen <ul style="list-style-type: none"> ○ Kan det påvisast at nokon av lokasjonane Tussatun / Dragsund er betre enn den andre i forhold til vidare strukturutvikling i regionen og framtidsutvikling for Mørenett. Høve for skalerbarhet (inkl exit). 	24.feb'17
10. Nøytralitet <ul style="list-style-type: none"> ○ Mørenett er på veg mot å bli eit reindyrka og nøytralt Nettselskap. Samlokalisering på Dragsund vil gi tydelig skille frå eigarselskapa. Samlokalisering og evt erverv av areal på Tussatun vil gi tettare integrering mot ein av eigarane. Dette kan gje fordelar for f.eks samarbeid om fellestenester, men nøytralitetsmessig vil samlokalisering på Dragsund gi tydeligare effekt. Prosjektet skal vurdere betydninga av desse faktorane 	24.feb'17
11. Politiske interesser <ul style="list-style-type: none"> ○ Vil flytting og samlokalisering på Tussatun eller Dragsund møte politisk engagement og mogelege hindringar. Ved etablering av Mørenett vart det gjennomført fordeling av funksjonar. Forretningskontor og entreprenørdivisjon vart lagt til Ørsta. Samlokalisering i Dragsund vil krevje vedtektsendring. Det er registrert politisk merksemd knytta til samlokaliseringa både frå Herøy, Ørsta og Volda. Prosjektet skal belyse desse faktorane. 	24.feb'17
12. Tilråing med naudsynte beslutningar og prosess for gjennomføring <ul style="list-style-type: none"> ○ Ei samla tilråing med det beste valet for Mørenett av samlokalisert hovedbase i sør. Tidplan for gjennomføring. 	2.mar'17


2.2 Bakgrunn og målsetting

- prosjektgruppa

Prosjektgruppa har bestått av følgende personar:

Rolle	Navn	Eining
Prosjekteigar	Arve Hovdenak	Integrasjonsleder
Prosjektleder	Arve Hovdenak	Integrasjonsleder
Prosjektdeltakar	Rune Kiperberg	Adm.dir
Prosjektdeltakar	Runar Tandstad	Divisjonsdirektør Entreprenør
Prosjektdeltakar	Bjørnar Dahle	Tillitsvald EI&IT
Prosjektdeltakar	Per Anton Kilsti	Tillitsvald Nito
Prosjektdeltakar	Stig Kyrkjeide	Tillitsvald Tekna
Facilitator og produksjon	Lars Ansteensen	Point Consulting AS

2.3 Overordna mål og ambisjoner for Mørenett



2.3 Overordna mål og ambisjoner for Mørenett

- Visjon og verdier



Vi samler krafta på Møre

Verdier:

Nytenkande


Ærlig

Robust

2.3 Overordna mål og ambisjoner for Mørenett - Ambisjoner

Eiere: Høyere avkastning og forutsigbart utbytte

- Mørenett skal i benchmarkingmodellen til NVE vere målt som 100% effektiv innan 2020. Påviste synergjar skal takast ut innan 2018
- Gjennom realisering av synergier og økt effektivitet kan eierne forvente over 24 MNOK pr. år i høyere avkastning fra 2019
- Mørenett skal være godt posisjonert for en videre strukturell utvikling i regionen



- Mørenett vil gi kundene økt forsyningsikkerhet og leveranse kvalitet gjennom styrkede fagmiljøer og en mer robust beredskap
- Gjennomføring av synergiltak og videre effektivisering i Mørenett vil komme kundene til gode gjennom redusert nettleie
- Kundene skal ikke oppleve mer enn 2 strøbrudd per år, og ikke lenger avbruddstid enn 90 minutt per kunde per år

Ansatte: Sterkere fagmiljø og mer attraktive arbeidsplasser

- En samling av fagmiljøene i Mørenett vil styrke attraktive lokale og regionale kompetanse-arbeidsplasser på lang sikt
- Et styrket fagmiljø gir Mørenett større fleksibilitet og kapasitet til å møte de store utfordringene som bransjen ser i de kommende årene, både innen drift/vedlikehold og store nødvendige investeringer i nettet
- Mørenett ønsker å trekke til seg, utvikle og ta vare på sine ansatte. Vi skal:
 - aktivt styrke lærlinge- og traineeordninger
 - satse på fag og ledelse som utviklingsveier
 - ha positiv utvikling på årlig utvalgte mål for medarbeitertilfredshet
 - ha høy grad av nærvær
 - korttids sykefravær skal være under 1.4 %
- HMS er viktig for Mørenett – sikkerhet kommer alltid først! Vår målsetning er:
 - Nullvisjon på alvorlige skader
 - HMS-rutiner som er praktiske og lett tilgjengelige for alle
 - Omtanke for hverandre og for arbeidsmiljøet
 - Tydelig ansvar for eget og andres arbeid

Ledelse og styring

- Selskapets ledelse skal utvikle effektive strategier for måloppnåelse på de tre målområdene og effektivt styrets vedtatte planer
- Mørenett skal ha en ledelse som sikrer at system, rutiner og prosedyrer danner trygge rammer for fleksibilitet og desentral beslutningsmyndighet i daglig arbeid.
- Det skal være «Kort veg frå montør og ingeniør til direktør, og andre vegen». Det betyr
 - At ledere skal være tilgjengelige og synlige både gjennom fysisk tilstedeværelse og aktiv bruk av samhandlingsteknologi
 - At ledere skal være aktive og støtte ansatte i arbeidet med å realisere selskapets mål og endringsprosesser
 - At ledere og medarbeidere skal vise ansvarlighet og tenke "én bedrift"

3.1 Skildring av dagens lokasjoner på Tussatun og Dragsund

Tussatun og Dragsund er godt tilrettelagde baselokasjoner, tilpassa Mørenett si verksemd i sør. Begge lokasjonane har godt tilrettelagt funksjonalitet med lager, verkstad, garasje, garderobeforhold, kontor og kantine. Funksjonsmessig kan Tussatun og Dragsund i likestillast.



- 70 tilsette har i Tussatun som som baselokasjon. Av desse er 30 montørar og 40 ingeniør- og kontormedarbeidarar
- 20 tilsette har Dragsund som sin baselokasjon. Av desse er 10 montørar og 10 ingeniør- og kontormedarbeidarar

3.1 Skildring av dagens lokasjonar på Tussatun og Dragsund - Tussatun

I dag har 70 personar Tussatun som sin kontor/baselokasjon.

I dekningsområdet under Tussatun er det om lag 13 000 nettkundar fordelt på geografisk areal på 1540 kvadratkilometer

Mørenett leiger areal og fasilitetar for verksemda som er tilknytt dette området og Tussa Energi AS er huseigar.

Mørenett leiger til saman 50 kontorplassar, 1550 m² garasje, verkstad og lagerareal og 170 m² garderobe med tilrettelagt tørkerom på Tussatun.

Garderobar:

- Herregarderobe for 70 personar
- Grovgarderobe herrar for 50 personar
- Damegarderobe for 30 personar
- Grovgarderobe damer for 7 personar
- Felles tørkerom for 33 personar

Total kapasitet på Tussatun har dei seinare åra vore godt utnytta, men det vil vere mogleg å få tilgang til noko ekstra kapasitet utover det Mørenett leiger i dag.

3.1 Skildring av dagens lokasjoner på Tussatun og Dragsund

- Dragsund

I dag har 20 personer Dragsund som sin kontor/baselokasjon.

I dekningsområdet under Dragsund er det om lag 14 000 nettkunder fordelt på geografisk areal på 390 kvadratkilometer

Mørenett er huseigar og i tillegg til Mørenett si verksemd vert deler av arealet leigd ut til Tussa 24 og til Elsikkerhet Møre.

Det er til saman 54 kontorplassar, 2948 m² garasje, verkstad og lagerareal og 96 m² garderobe med tilrettelagt tørkerom på Dragsund.

Garderobar:

- Herregarderobe for 30 personer
- Damegarderobe: for 8 personer
- Felles grovgarderobe for 30 personer
- Felles tørkerom for 30 personer

Det kan tilretteleggast for totalt ca 56 kontorplassar på Dragsund utan særlege bygningsmessige tiltak. Med bruk av ope kontorlandskap kan dette aukast opp mot 77 kontorarbeidsplassar. Det kan enkelt leggast til rette for gjestearbeidsplassar i lokalane til dagens kundesenter (ca.130 m²)

3.2 Plassbehov, fasiliteter, evt behov for bygningsmessige tilpassingar

Vurdering av plassbehov ved samlokalisering av aktivitet i Dragsund og Tussatun:

Plassbehov for samlokalisert hovudbase Tussatun / Dragsund		
	Samlokalisert som i dag	Samlokalisert etter verksemdsoverdraging til BKK Enotek
Kontorarbeidsplassar	46	35
Gjestearbeidsplassar	3	4
Kortorplass for montører og lærlingar	5*	4*
Montører tilknytta baselokasjon	35	18
Lærlingar tilknytta baselokasjon	6	6
Sum tilsette tilknytta baselokasjon i sør	90	63

* Inngår i tal under montører / lærlingar tilknytta baselokasjon

- Både Dragsund og Tussatun kan huse Mørenett sør. For optimal utnytting vil det vere større tilretteleggingsbehov på Tussatun enn i Dragsund. Det visast til pkt. 3.4 kor dei økonomiske vurderingane kring dette er vurdert.
- **Lager**
Lager kan organiserast innanfor det som er tilgjengelig av plass i dag, både med val av Tussatun og Dragsund som samlokalisert base
- **Garasje og verkstadareal**
Begge lokasjonane vil ha tilstrekkelig tilgjengeleg areal for garasje og verkstad under føresetnad av direkte oppmøte utan at dette medfører større investeringar eller kostnader for tilrettelegging.
- **Montører**
Det vil vere tilstrekkelig garderozbekapasitet både på Tussatun og Dragsund. Garderozbekapasitet på Dragsund kan også utvidast med enkle tiltak.

For å tilrettelegge fasiliteter for montørane skal alle montører skal ha sine individuelle garderobefasilitetar her. Ulike møter, samlingar osv samt alle kontorfunksjonar skal leggst til ny lokasjon. Det vert etablert ein redusert lokasjon2 med vask/lomp/spisefunksjonalitet på motsatt side av Eiksundsambandet i forhold til hovedlokasjon. Behovet for plukkmateriell og beredskapsutstyr på denne lokasjonen skal utgreiast nærare. Vi skal også utgreie framtidig behov for distribuerte lager/containerløyisingar for å understøtte direkte oppmøte.
- **Kontorarbeidsplassar**
Det er behov for ca 40 kortorplassar etter verksemdsoverdraging til BKK Enotek . Dette betyr at det er tilstrekkeleg med kortorplass både på Tussatun og Dragsund.

Etter verksemdsoverdraging til BKK EnoTek vil samla kortorplassbehov vere lavare enn antalet kontor som Mørenett disponerer på Tussatun i dag. Ved ei slik løysing må arealdisponeringa vurderast og evt finnast løysing som gjer at Mørenett dekker sine kontorbehov med lagare arealleige enn det som blir gjort i dag. Det føresett at Tussa24 flyttar ut av lokala men det vil vere mogeleg å legge til rette for at Tussa24 fortsatt kan leige på Dragsund.

3.3 Effektivitet- og kompetanse konsekvensar / gevinstar ved samlokalisering i sør

- Ved ei samlokalisering er det viktig å legge til rette for at valt lokasjon er hovedlokasjonen i sør. Lukkast vi ikkje med dette vil det gje større utfordringar med tanke på kultur- og miljøbygging, noko som vil være avgjerande for å bygge ein effektiv organisasjon. I dette ligg det mellom anna at alle montørar skal ha sine individuelle garderobefasilitetar her. Ulike møter, samlingar osv samt alle kontorfunksjonar skal leggjast til ny lokasjon. Forutsetninga for å lukkast med dette er direkte oppmøte som arbeidsform. Skal dette være realistisk må vi etablere ein redusert lokasjon² med vask/lomp/spisefunksjonalitet på motsatt side av Eiksundsambandet i forhold til hovedlokasjon. Behovet for plukkmateriell og beredskapsutstyr på denne lokasjonen skal utgreiast nærare. Vi skal også utgreie framtidig behov for distribuerte lager/containerløysingar for å understøtte direkte oppmøte. Det er nedsett eit eige prosjekt for å vurdere og tilrå framtidig logistikk-løysing.
- Erfaringane frå samlokaliseringa på Høgvoll er reduserte kostnader, betre samhandling og effektivitet, og eit styrka kompetansmiljø for Mørenett. Erfaringane kan oppsummerast som følger:
 - Redusert leiekostnad og effektiv utnytting av disponibelt areal
 - Betre samhandling og økt effektivitet
 - Bidrege til å styrke kulturen i selskapet på ein positiv måte.
 - Enklare å halde fokus på nettverksemda og Mørenett sine behov
 - Nøytralitet mot marknadsselskap. Enklare å sette grense mellom MN sitt behov og behov frå marked/produksjon
 - At dei ulike kompetansmiljøa sit samla på ein lokasjon gjer det enklare å sikre at kundar får lik oppfølging uavhengig av kven/kor dei henvender seg
 - Enklare og meir naturleg kontakt mellom Prosjektlear/ Ressursstyring/Arbeidsleiar/Lager
 - Enklare å følgje opp målsetting om auka bruk av direkte oppmøte
 - Enklare å følgje opp målsetting om at oppdrag for neste arbeidsdag skal tildelast før kl 12
 - Enklare å følgje opp målsetting om meir pakking av jobbar frå lager
 - Tettare kontakt mellom operative og administrative funksjonar
 - Enklare og meir naturleg kontakt mellom HR/økonomi/innkjøp og medarbeidarane i MN
 - Enklare å sette trykk på oppfølging, fakturering og avslutning av prosjekt
 - Enklare å holde trykk på videreutvikling av fagsystem

3.3 Effektivitet- og kompetanse konsekvensar / gevinstar ved samlokalisering i sør

- Samling av fagmiljøa i vil vere i tråd med Mørenett sine mål om attraktive lokale og regionale kompetanse-arbeidsplasser på kort og lang sikt.
- Samhandling mot Høgvoll vil også vere enklare og meir effektivt med samhandling mellom to lokasjonar i forhold til mellom dagens tre lokasjonar.
- Samling av fagmiljøa i sør vil gje styrka samhandling, kompetanse, fleksibilitet og kapasitet. Dette vil styrke Mørenett for å møte store utfordringar dei komande åra, både innan drift/vedlikehald og store naudsynte investeringar i nettet.
- Samlokalisering i sør vil gi økonomisk gevinst i størrelsesorden gjennom redusert ressursbruk for lagerstyring, redusert kapitalbinding, redusert kostnad til arealbruk og effektivitetsgevinst gjennom betre samhandling og ressursutnytting.
 - Redusert ressursbruk 2 årsverk 1,5 mill kr
 - Redusert kapitalbinding knytta til lager (5 mill kr) med årlig gevinst 0,25 mill kr
 - Redusert arealbruk til lager 0,75 mill kr
 - Øvrig effektivitetsgevinst gjennom betre samhandling og koordinering og kultur kjem i tillegg til desse reine økonomiske kostnadsreduksjonane. Med føresetnad om 5 % effektivitetsgevinst på personalressursar gir dette brutto 2,3 mill kr pr år
 - Sum samlokaliseringsgevinst kan dermed uttrykkast som samla kostnadsreduksjon på 4,8 mill kr pr år
- Ein samling av Mørenett si verksemd i sør vil gi auka effektivitet i selskapet. Arbeidsgruppa sine vurderingar er at effektivitetsgevinsten på grunn av samlokalisering er lokasjonsnøytral. Vurdering av om ein av lokasjonane Tussatun eller Dragsund gir større effektivitetsgevinst enn den andre vil bli omtalt i kapittel 3.4

3.4 Økonomiske konsekvensar - kostnader i dag

Faktagrunnlag kostnader i dag:

Dragsund

	Bokført verdi	Driftskostnader
Adm.bygg	13 560 000	1 607 000
Montørbase	15 468 000	1 337 000
Sum	29 028 000	2 944 000

Av driftskostnadene på kr 2 944 000,- utgjør avskrivningane kr 1 285 000,-.

Mørenett har i tillegg leigeinntekter i Dragsund (Tussa-24 og Elsikkerhet Møre) på kroner 1 640 000,-

Tussatun

På Tussatun er Mørenett rein leigetakar og møter ei husleige på kr 4 593 000,-.

	Dragsund kk	Tussatun kk
Årlege kostnader (drifts-og kapitalkostnader)	2.944	4.593

3.4 Økonomiske konsekvensar

- kostnader ved samlokalisering

- I alternativa ovanfor har vi berre simulert konsekvensen av kjende kostnadsparameter for Mørenett. Det er ikkje tatt omsyn til endringar i kostnadsgrunnlaget. Bakgrunnen for dette er mellom anna:
 - I Dragsund vil vi ha kapasitet til å samle alle tilsette. Hypotesen er at dette kan vi gjere innanfor eksisterande areal utan å gjere bygningsmessige tiltak med tilhøyrande kostnader. På Tussatun vil vi også ha kapasitet til å samle alle tilsette.
 - Etter verksemdsoverdraging til EnoTek vil samla tal Mørenett-tilsette på Tussatun vil faktisk vere lågare enn talet i dag. Dette føreset at EnoTek finn eigne lokalitetar utanfor Tussatun, noko dei har gitt signal om. Her bør difor snarare vere ei nedside i husleigekostnaden.
- Kostnader til å gjennomføre samlokalisering (flyttekostnader mm) bør vere rimeleg like i begge alternativa.
- Det er vanskeleg å gi gode estimat på eventuell ulikskap i reisetid og reisekostnad i dei to alternativa. God praktisering av direkte oppmøte på oppdrag og ved gjennomføring av synfaringar vil bidra til å jamne ut reisekostnaden og gjere val av lokasjon meir nøytralt.
- Samlokalisering både på Tussatun og i Dragsund vil gje slike vinstar, og vi vurderer dei til å vere rimeleg like.
- Med eit noko forenkla utgangspunkt ser vi at Dragsund vil gje eit årleg driftsresultat som er 1,9 mill. kroner høgare enn i Tussatun-alternativet. Legg vi til grunn ein årleg kontantstraum på kr 1 900 000,- (basert på auka driftsresultat med dagens DEA-modell) neddiskontert over 25 år med ei rente på 3 % vil dette gje ein noverdi på 34 mill. kroner før skatt. Ei av hovudårsakene til dette er at dagens reguleringsmodell gjer det meir lønsamt for Mørenett å eige kontra å leige.
- Alternativt vil ein kunne kompensere for ein del av denne skilnaden dersom ein ved ei samlokalisering på Tussatun nyttar frigitt kapital ved sal i Dragsund til å kjøpe ein seksjon tilpassa Mørenett sitt behov på Tussatun.

3.4 Økonomiske konsekvensar

- kostnader ved samlokalisering

Tabellen under syner økonomisk oversikt over alternativa for samlokasjon. Det vert understreka at dagens løysing "Status quo" er ikkje eit alternativ men denne er tatt med for å vise dei økonomiske skilnadane.

Alternativa med samlokalisering på Tussatun er sett opp med føresetnad om sal av anlegget i Dragsund. Eige alternativet på Tussatun er sett opp med føresetnad om kjøp og tilpassing av deler av anlegget på Tussatun. Investering for kjøp og tilpassing innafor ramme på 28 mill kroner.

Flyttekostnadar er venta å bli like uavhengig av om det blir flytting og samlokalisering på Tussatun eller Dragsund. Det vil bli noko høgare tilretteleggingskostnad ved samlokalisering på Tussatun. I kostnadsoppsettet er dette omsyntatt i leigekostnad for leigealternativet, og i kapitalgrunnlag i eige alternativet

Alle tall i mill.kr pr.år	Status quo (som i dag) Tussatun og Dragsund	Samlokasjon Tussatun		Samlokasjon Dragsund
	Leige og eige	Leige	Eige	Eige
Leigeinntekter	- 1,64	0	- 0,46	- 0,2
Leigekostnadar	4,59	3,5*	0,75*	0
Driftskostnadar	1,659	0	1,25*	1,659
Kapitalkostnadar	1,285	0	1,12*	1,285
Sum netto årlege kostnadar til lokasjonar	5,894	3,5*	2,66*	2,74
Samlokaliseringvinst	0	- 4,8	- 4,8	- 4,8
Endring i driftsresultat	0	2,2**	4,4**	4,5**

* - Tala er basert på estimert kostnadsfordeling frå Tussa Energi pr. 6.mars 2017

** - Årsaka til at endring i driftsresultat ikkje endrar seg tilsvarande med samlokaliseringvinst er NVE sin praksis for inntektsrammeregulering. Nettariffane vil som følge av reduserte kostnadar endre seg marginalt

3.4 Økonomiske konsekvensar - Forklaring til kostnadsoppsett

- Status quo Tussatun og Dragsund (kostnad ved fortsatt drift basert på to lokasjonar)**

– Leigeinntekter frå utleigd areal til Tussa 24 og Elsikkerhet Møre	-1 640 000 kr / år
– Leigekostnad til leigd areal på Tussatun	4 590 000 kr / år
– Drifstkostnad knytta til Dragsund, lys/varme, avgifter, vedlikehald m.m.	1 659 000 kr / år
– Kapitalkostnadar knytta til bokførte verdiar på Dragsund	1 285 000 kr / år
– Sum netto kostnad (i dag)	5 894 000 kr / år

- Kostnad ved samlokalisering på Tussatun, basert på leige av areal**

– Årlig leigekostnad, basert på redusert arealbruk og ny kostnadsfordeling på Tussatun. I dette alternativet er det forutsett tilrettelegging av fleire kontor plassar i bygningsdelen på vestsida av kantina slik at Mørenett samlar alle kontormedarbeidarar i denne delen av anlegget. Etter utskilling av verksemd til BKK Enotek vert det færre Mørenett tilsette på Tussatun enn i dag. I kostnadsfordelinga er det Mørenett sine montørressursar vekta lavare enn kontortilsette i fordeling av fellesareal, møterom o.l.

– **Sum årleg leigekostnad for Tussatun er venta å ligge i området** **3 200 000 – 3 500 000 kr / år**

- Kostnad ved samlokalisering på Tussatun, basert på kjøp av deler av anlegget**

– I alternativet er det forutsett seksjonering og kjøp av den delen av anlegget som Mørenett vert dominerande brukar av. Seksjonering på vestsida av kantina, Mørenett tek over lager, verkstad, garasje plassar, garderober og kontordel i denne delen av anlegget.

– Leigeinntekter frå utleigd areal (verkstad, garasje og garderober)	- 350 000 kr / år
– Leigekostnad til leigd areal på Tussatun (fellesareal, møterom, kantine)	800 000 kr / år
– Drifstkostnad, kostnadsdeling knytta til vaktmester, lys/varme, avgifter, vedlikehald m.m.	1 150 000 kr / år
– Kapitalkostnad basert på kjøp av anlegg og tilrettelegging av kontor plassar i kjøpt anleggsdel (investeringsramme 28 mill kr)	1 120 000 kr / år
– Sum netto kostnad	2 720 000 kr / år

- Kostnad ved samlokalisering på Dragsund**


– Leigeinntekter frå utleigd areal til Elsikkerhet Møre og datarom til Tussa IKT	-200 000 kr / år
– Drifstkostnad, knytta til lys/varme, avgifter, vedlikehald m.m.	1 659 000 kr / år
– Kapitalkostnad	1 285 000 kr / år
– Sum netto kostnad	2 740 000 kr / år

- Det er forventa at ei samlokalisering gir årleg kostnadsreduksjon. Dette kjem i form av redusert ressursbruk til lagerstyring 1, 5 mill kr/år, redusert kapitalbinding på grunn av redusert verdi på lager 0,25 mill kr, redusert arealbruk 0,75 mill kr / år. I tillegg til dette er det rekna med effektivitetsgevinst gjennom betre samhandling og koordinering og kultur. Med føresetnad om 5 % effektivitetsgevinst på personalressursar gir dette brutto 2,3 mill kr pr år. **Dette summert resulterer i kostnadsreduksjon på grunn av samlokalisering på 4,8 mill kr / år**

3.5 Beredskapsomsyn, forsyningssikkerhet og drift av nettet

- Det er viktig for Mørenett sin del å velge den lokasjonen som best legg til rette for god beredskap, forsyningssikkerhet og drift av nettet.
Etter etableringa av Eiksundsambandet kan ein i stor grad sjå beredskapssituasjonen i sør som nøytral i val av hovedlokasjon føresett at tunnelen er open for trafikk.

- I situasjonar der tunnelen er stengd vil ein ved hovudbase på Dragsund verte avskore frå å sende beredskapsressursar til Ørsta/Volda området (indre) og dermed svekke forsyningssikkerheten i dette området. Alternativt må beredskapsressursar hentast inn frå Ålesund over fergesambandet Solavågen – Festøy med påfølgjande responstid, eller frå andre selskap gjennom beredskapsavtalar frå sør (E39) med påfølgjande responstid og kostnader.
- I situasjonar der tunnelen er stengd vil ein ved hovudbase på Tussatun verte avskore frå å sende beredskapsressursar til ytre området og dermed svekke forsyningssikkerheten i dette området. Ein har moglegheit til å frakte ressursar frå Ålesund over fergesambandet Hareid-Sulesund med påfølgjande responstid og kostnader.
- Kommunikasjon mellom Tussatun og Dragsund er sjølv sagt også mogleg med bruk av fergesambanda Festøy – solavågen og Sulesund - Hareid





- Det vert arbeidt aktivt med å planlegge alternativ fergefri E39 trasè mellom Volda og Ålesund, dette er no føreslege organisert som eit av 4 nasjonale statleg styrte prosjekt grunna regional viktighet. Dette vil på sikt redusere reiselid mellom Ålesund og Søre Sunnmøre, og Mørenett kan i større grad sjå ressursar i nord på Høyvoll i samanheng med beredskap i sør og styrke leveringssikkerheten til kundane.
- Ved ei framtidig realisering av Hafast vil drift og beredskap i området under Dragsund vere enklare å handtere frå Ålesund. Dette vil styrke val av Tussatun som lokasjon på lang sikt.
- Det vert og arbeid med Rovdefjordsambandet. Godkjend kommunedelplan er på plass og det arbeidast med reguleringsplan og finansieringsplan. Etablering av Rovdefjordbrua vil gje Mørenett moglegheiter til å frakte ressursar mellom Dragsund og Fiskå (Vanylven forsyningsområde).
- Det er pr i dag ikkje vedteke gjennomføring og tidfesting av realisering av desse sambanda.

3.5 Beredskapsomsyn, forsyningsikkerhet og drift av nettet

- Innbyggartalet er større på ytre søre Sunnmøre enn i Ørsta/Volda. Samstundes er arealet i Ørsta/Volda vesentleg større enn på ytre søre Sunnmøre.
- I indre er arealet krevjande med tanke på fjord og fjell, i ytre er det krevjande med kyst, vind og erfaringsmessig meir lyn. Næringslivet i ytre har større breidde medan ein i indre har sjukehus og høgskulemiljø.


Faktatal kring nettleveransar som er dekt under Tussatun og Dragsund i dag:



I tillegg kjem Vanylven med 2.245 nettkundar. Sum tal innbyggjarar i sør er 46.059 og tal nettkundar er 29.243

3.5 Beredskapsomsyn, forsyningssikkerhet og drift av nettet

- Anleggsmengde i sør er illustrert i figuren under:




- Det er ei samla sett større anleggsmengde under Tussatun enn Dragsund og spesielt meir høgspent luftledning/linjer under Tussatun
- Det er meir ressurskrevande omfang innan drift og vedlikehald av nettanlegg under Tussatun enn Dragsund

- Tal feil i nettet og KILE-kostnadar er vist i figuren under:



KILE-kostnadar for alle feiltyper 2014 - 2016




KILE = Kvalitetsjusterte inntektsramer ved ikkje levert energi

- Det er fleire feil i nettet under Tussatun enn under Dragsund
- Det er høgare KILE-kostnadar under Dragsund enn under Tussatun. Høgare grad av busetting- og industri-konsentrasjon gir høgare forsyningstetthet og større KILE-kostnadar under Dragsund


3.5 Beredskapsomsyn, forsyningsikkerhet og drift av nettet

- Nøkkeltall for anleggsmengde og utstrekning av forsyningsområde er vist i figuren under:







- Det er høgare tetthet anleggsmengde pr km² under Dragsund enn Tussatun.

- Anleggsmengde pr.kunde er vist i figuren under:



- Det er eit meir utstrakt luftnett under Tussatun enn Dragsund. Luftnett (linjer) krev meir ressursar til drift-og vedlikehald enn kablar




3.5 Beredskapsomsyn, forsyningssikkerhet og drift av nettet - KILE-kostnader (alle feiltyper) Ørsta, Volda, Hornindal og Eid



3.5 Beredskapsomsyn, forsyningsikkerhet og drift av nettet - KILE-kostnader (alle feiltyper) Hareid, Herøy, Ulstein og Sande



3.5 Beredskapsomsyn, forsyningsikkerhet og drift av nettet - KILE-kostnader (lyn/tordenvær) Ørsta, Volda, Hornindal og Eid



3.5 Beredskapsomsyn, forsyningssikkerhet og drift av nettet - KILE-kostnader (lyn/tordenvær) Hareid, Herøy, Ulstein og Sande



3.5 Beredskapsomsyn, forsyningssikkerhet og drift av nettet

- Statnett har nyleg etablert ei ny 420kV linje gjennom Ørsta og med transformering 420 / 132 kV og forbindelse til Haugen transformatorstasjon. Forsyningssikkerheten og beredskapen til Ørsta/Volda området er med dette langt betre på overordna forsyningsnivå (sentral/regional nett nivå). utfordringane på distribusjonsnettet (22kV og til kundane) er dei same som tidligare og fram i tid med utstrakt luftnett og store avstandar med til dels vanskeleg tilkomst.
- Det vil kreve fleire ressursar til driftsoppdrag og vedlikehaldsoppgåver i området under Tussatun enn under Dragsund på grunn av høg anleggsmengde samt at det geografiske forsyningsområde under Tussatun er fire gonger større enn under Dragsund. Tilgjengelegheit og avstand til anlegg samt større andel av luftledningar som er meir utsett enn kabelanlegg vert vurdert som ressursdrivande faktorar. Ei samlokalisering på Tussatun blir av same grunn vurdert til å gi lågast reisetid og logistikkostnadar ved gjennomføring av drift og vedlikehaldsoppdrag. Oversikta på dei føregåande sidene over feil, avbrudd og KILE-kostnadar dei seinare åra viser høgt tal feil under Tussatun, men klart høgare KILE kostnad under Dragsund. Høgare KILE kostnad under Dragsund kan indikere grunnlag for Dragsund som samlokasjon. Med KILE kostnad som føring for investeringstiltak i nettet framover, kan kostnadsdifferansen mellom områda jamnast ut over tid.
- Hovuddelen av dei tilsette i Mørenett bur i Ørsta/Volda og regionen under Tussatun. I beredskap samanheng er responstid ved feilsituasjonar etter arbeidsgruppa sine vurderingar tilnærma like godt ivaretatt i områda under Tussatun og Dragsund. Dette ut frå at deltakarar i vaktordningane i utgangspunktet bur i det aktuelle vaktområdet.
- BKK Enotek er beslutta lokalisert til Ørsta/Volda området. Mørenett kan sjå dette i samanheng med beredskap og utføring av oppgåver i nettet i området under Tussatun.



- Val av lokasjon med omsyn til beredskap og forsyningssikkerhet er nøytral mellom lokasjonane.
- Tussatun kan ut frå fordeling av anleggsmasse, geografisk utstrekning og framtidig aktivitetsnivå knytt til drift, vedlikehald vere beste alternativet for Mørenett

3.6 Konsekvensar for kundane

- Kundane er i liten grad i direkte kontakt med Mørenett. Kundane nyttar Mørenett si internettside og nettbaserte grensesnitt for informasjon og sjølvbetjente tenester. Det vert også arbeidd vidare med ytterligere tilrettelegging av automatiserte tenester på Mørenett sine internettsider. Kundane kontaktar kundetenester (Tafjord Marked og Tussa24) for fakturaspørsmål, avrekning (målarstand og forbruk) innfordring, leverandørbytte osv. Kundane kontaktar Mørenett direkte ved nytilknytningar og ombyggingar og i praksis skjer dette gjennom installatør.

Kunde	Tenester	Konsekvens Samlok. Tussatun	Konsekvens Samlok. Dragsund
Privatkundar	<ul style="list-style-type: none"> • Einskild nytilknytningar • Einskild ombyggingar • Avrekning og målar 	<ul style="list-style-type: none"> • Betre tenester til kundane grunna samla kompetanse • Inntil 25 min lenger reisetid 	<ul style="list-style-type: none"> • Betre tenester til kundane grunna samla kompetanse • Inntil 25 min lenger reisetid
Næringskundar	<ul style="list-style-type: none"> • Einskild og større omfang av nytilknytningar 	<ul style="list-style-type: none"> • Betre tenester grunna samla kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> • Betre tenester til kundane grunna samla kompetanse
Installatørar og Byggherre	<ul style="list-style-type: none"> • Einskild og større omfang av ombyggingar 	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen vesentlege negative konsekvensar 	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen vesentlege negative konsekvensar



- Kundane vil få betre tenester ved samlokasjon
- Val av lokasjon med omsyn til konsekvensar for kundane er nøytralt mellom lokasjonane.

3.7 Konsekvensar for dei tilsette

Omsyn til dei tilsette:

- Konsekvensar for Mørenett
 - Det vil vere vesentleg færre tilsette som får auka reiseavstand til oppmøtestad ved samlokalisering på Tussatun enn i Dragsund. For Mørenett vil samlokalisering på Tussatun verte den minst krevande prosessen å gjennomføre.
 - Prosessen kring samlokalisering gjer at Mørenett kan forvente at medarbeidartilfredsheit på kort sikt går noko ned. Dette vil vere påverka av sum tal medarbeidarar som må byte baselokasjon. Ut frå erfaringane med samlokaliseringa på Høgvoll, og erfaringar frå andre selskap som har gjennomført tilsvarande prosessar, kan ein forvente at medarbeidartilfredsheita vert god etter at innkøyring av ny lokasjon er gjennomført.
 - Ut frå eit rekrutteringsperspektiv vil val av lokasjon vere nøytralt.
 - Ressurssituasjonen i Dragsund er meir utsatt på kort sikt dersom tilsette der sluttar i Mørenett.
 - For å behalde dagens ressursar og kompetanse kan auka reisetid ha betydning. Tussatun vil ut frå dette vere det beste lokasjonsvalet.
 - Individuelle konsekvensar for dei tilsette
 - Køyreavstand mellom Dragsund og Tussatun er 27 km og køyretid ca 25 minutt. Dette er reisetider som i dagens arbeidsmarknad ikkje er å betrakte som vesentleg eller viktige argument i val av lokasjon.
 - Ulempa ved å byte basestasjon kan likevel opplevast som stor for den enkelte medarbeidaren som får auka reisebelastning. Dette utgjør ei auka køyretid på inntil 50 min pr dag for dei som får ny baselokasjon. På individnivå er belastninga og konsekvensen den same ved val av basestasjon. I sum vil ulempa verte størst ved val av Dragsund då dette medfører auka ulempe for eit større tal tilsette
 - Samlokalisering på Tussatun etter utskilling til BKK Enotek fører til at ca 13 (derav inntil 5 montørar) Mørenett tilsette får ny oppmøteplas
 - Samlokalisering på Dragsund etter utskilling til BKK Enotek fører til at ca 50 (derav inntil 18 montørar) Mørenett tilsette får ny oppmøteplass
- Ulempa for den einskilde tilsette som byter lokasjon vil verte den same
 - I sum vil ulempa verte størst ved val av Dragsund då dette medfører auka ulempe for eit større tal tilsette
 - Tussatun er det beste alternativet for Mørenett med omsyn til fleirtal av dei tilsette
 - Omsyn til dei tilsette mellom alternativa er ikkje så stor at dette kan nyttast åleine som argument for val av samlokasjon

3.8 Miljøvurdering

- Det er ingen kollektivtilbod på strekninga mellom Tussatun og Dragsund som vil kunne stette transportbehova til dei tilsette på ein høveleg måte. Køyning med eigen bil eller samkøyning er den einaste reelle mogelegheit for transport til/frå basestasjonen. Dette kan gje auka trafikk-og miljøbelastning og auka CO₂ avtrykk.
- Det vil vere ca 50 tilsette som får auka reiseavstand til oppmøtestad ved samlokalisering på Dragsund
- Det vil vere ca 13 tilsette som får auka reiseavstand til oppmøtestad ved samlokalisering på Tussatun
- Auka transportveg vil eksponere dei av våre tilsette dette gjeld for auka trafikkrisiko.
- Ut frå eit klima-, miljø- og sikkerheitsperspektiv kan forholdet til redusert reiseavstand vere eit argument som stetter samlokalisering på Tussatun.
- Negativ påverknad på miljøet som konsekvens av samlokalisering vil verte redusert med auka grad av direkte oppmøte som arbeidsform, og god planlegging ved synfaringsarbeid.

- 
- Tussatun er det beste alternativet for Mørenett med omsyn til miljøhensyn
 - Miljøkonsekvensane mellom alternativa er ikkje så stor at dette kan verta nytta åleine som argument for val av samlokasjon

3.9 Framtidsutvikling i regionen

- Det vert arbeidd aktivt med å planlegge alternativ fergefri E39 trasè mellom Volda og Ålesund, dette er no føreslege organisert som eit av 4 nasjonale statleg styrte prosjekt grunna regional viktighet. Dette vil på sikt redusere reisetid mellom Ålesund og Søre Sunnmøre, og for Mørenett sin del er det viktig å velge den lokasjonen som best legger til rette for betra samhandling og god beredskap i Mørenett. Vår vurdering er at dette vil være nøytralt mellom lokasjonane.
- Med utgangspunkt i dei regionale energiutgreiingane våre ser vi at indre og ytre Søre Sunnmøre i stor grad utfyller kvarandre som bu- og arbeidsmarknadsregion. Ørsta/Volda-regionen er den fjerde tyngste befolkningsregionen i fylket etter Ålesund, Molde og Kristiansund. Ytre Søre Sunnmøre er prega av meir spreidde kommunesentra men likevel med relativt korte avstandar og samla sett større befolkning enn indre region. Ørsta/Volda regionen er prega av mange stabile, offentlege arbeidsplassar medan Ytre Søre Sunnmøre er prega av eit meir dynamisk men konjunkturuttsett næringsliv. Vår vurdering er at val av lokasjon er nøytralt i forhold til nærings- og befolkningsutvikling i sør der vi må sjå Søre Sunnmøre under eitt.
- Vidare strukturutvikling innan vår bransje i regionen vurderer vi som nøytral i forhold til val av lokasjon i sør. Nettverksemda i dei tidlegare mindre everka er allereie samla i Mørenett. Når andre nettselskap som er tilgrensande mot vår region sluttar seg til Mørenett, vil dette være nøytralt. I den grad vi kan peike på noko, vil Tussatun ha kortare reiseavstand til tilgrensande selskap i aust og sør utan at dette har vesentleg betydning.
- Mørenett har valt oppbygging og organisering av selskapet som er skalerbar og legg til rette for vidare strukturutvikling i regionen. Utan at det kan tilleggast konkret verdi så vil truleg Tussatun på grunn av sentral geografisk plassering og nærare nettselskapa mot sør og aust, vere ein meir strategisk framtidretta lokasjon i sør enn Dragsund. Dette er same argumentet har EnoTek lagt til grunn for sitt val av etablering i Ørsta.



Val av lokasjon er nøytralt med omsyn til framtidsutvikling i regionen

3.10 Nøytralitet

- Mørenett er i god framdrift på reisa vidare mot eit endå meir reindyrka og nøytralt nettselskap. Dette støtter NVE sine krav til eit nøytralt og uavhengig nettselskap og gir gode samhandlingsgevinstar og kultureffektar gjennom felles identitet og samhald i selskapet.
- I Ålesund har vi valt å samle Mørenett i eigen lokasjon på Høgvoll som er eigd av Mørenett. Mørenett har positive erfaringar frå samlokaliseringa på Høgvoll i nord. Dette har gitt betre samhandling og økt effektivitet med vinst og dessutan bidrege til å styrke kulturen i selskapet på ein positiv måte.
- For Mørenett vil det vere ein fordel å underbygge selskapet sin profil som eit nøytralt nettselskap med ein armlengs avstand til eigarselskapa og mot leverandørane. Dette vil og støtte Mørenett sin posisjon og vekstmogelegheiter i den vidare strukturutviklinga i regionen.
- Ved ei samlokalisering i Dragsund vil vi vere i eigen lokasjon skilt frå eigarselskapa og leverandørar. Ved ei samlokalisering og eventuelt erverv av areal på Tussatun vil vi vere tettare integrert mot ein av eigarane.
- For drifta av Mørenett vil det kunne gje fordelar å verte samlokalisert med ein av eigarane, til dømes rundt samarbeid om fellestenester. Ut frå eit nøytralitetsperspektiv er ikkje fordelane like openbare. Også eventuelle endringar i framtidig eigarstruktur vil kunne spele inn. Erverv av areal med tilhøyrande samlokalisering og seksjonering på Tussatun vil gje eit klarare skile mellom Mørenett og Tussa og på denne måten redusere denne moglege ulempa.



- Dragsund vil verte det beste alternativet for Mørenett sett ut frå omsyn til nøytralitet
- Omsynet til nøytralitet har ikkje stor nok betydning til at dette kan verta nytta åleine som argument for val av samlokasjon

3.11 Politiske interesser

I samband med etableringa av Mørenett vart det gjennomført ei funksjonsfordeling der driftssentral og netteigardivisjon vart lagt til Ålesund, medan forretningskontor og entreprenørdivisjon vart lagt til Ørsta. Ut frå dagleg drift i Mørenett er dette i dag rimeleg nøytralt, tilsette er der det er behov for at dei skal vere. Ut frå eit eigarperspektiv ser vi likevel at dette er ei sak med politisk interesse.

Arbeidsgruppa er svært bevisst på at vårt fokus er val av den langsiktige løysinga som best stettar nettmonopolet og kundane med tanke på effektiv drift og god leveringstryggleik. Likevel er det viktig å minne om fundamentet for etableringa av Eiksundsambandet. Dette vart vurdert som eit viktig regionalt prosjekt for å bygge Søre Sunnmøre som ein felles bu- og arbeidsregion. Tussa var i si tid også inne med støtte til utgreiingar av prosjektet før utbygging fordi vi allereie då såg at sambandet ville legge til rette for vinstar inn mot ei meir effektiv og robust nettverksemd. Sambandet viser seg i ettertid å være ein suksess og er nedbetalt på rekordtid. Prinsipielt bør difor val av lokasjon være politisk nøytralt så lenge dette stetter målsettinga og effektiv drift og god leveringstryggleik innan for ein felles region i sør

3.12 Samla vurderingar

- Arbeidsgruppa sin overordna oversikt

	Status quo	Tussatun	Dragsund
Plassbehov			
Bygningsmessige tilpasningar			
Effektivitets og kompetansevinster			
Økonomiske konsekvensar		Leige	Eige
Beredskapsomsyn og forsyningssikkerhet			
Drift og vedlikehald av nettet			
Konsekvensar for kundar			
Konsekvensar for tilsette			
Miljøvurdering			
Framtidsutvikling i regionen			
Nøytralitet			

Forklaring til symbola: Negativ Nøytral Positiv

3.12 Samla vurderingar

- Samlokalisering på ein baselokasjon i sør vil gje Mørenett ein samla kostnadsreduksjon på 4,8 mill.kr pr år. Erfaringane frå samlokalisering i nord på Høgvoll er positive med omsyn til auka samhandling og positive effektar for arbeidsmiljø.
- Det vil vere vesentleg fleire tilsette som får auka reiseavstand til oppmøtestad ved samlokalisering i Dragsund (50) enn på Tussatun (13).



Køyreavstand mellom Tussatun og Dragsund er 27 km og køyretid ca 25 min.

Ulempa ved å byte basestasjon kan likevel opplevast som stor for den enkelte medarbeidaren som får auka reisebelastning. Dette utgjør ei auka køyretid på inntil 50 min pr dag for dei som får ny baselokasjon. På individnivå er belastninga og konsekvensen den same ved val av basestasjon. I sum vil ulempa verte størst ved val av Dragsund då dette medfører auka ulempe for eit større tal tilsette

Det er arbeidsgruppa si vurdering at dette er reisetider som i dagens arbeidsmarknad ikkje er å betrakte som vesentleg argument i val av lokasjon.

Ut frå eit rekrutteringsperspektiv vil val av lokasjon vere nøytralt. Samlokalisering og auka reiseavstand for tilsette kan føre til tap av kompetanse på kort sikt. I denne samanheng vil samlokalisering på Tussatun vere det beste valet for samlokalisering.

Proessen kring samlokalisering gjer at Mørenett kan forvente at medarbeidartilfredsheit på kort sikt går noko ned. Dette vil vere påverka av sum tal medarbeidarar som må byte baselokasjon. Dette kan det takast omsyn til gjennom miljøskapande tiltak. Ut frå erfaringane med samlokaliseringa på Høgvoll, og erfaringar frå andre selskap som har gjennomført tilsvarende prosessar, kan ein forventa at medarbeidartilfredsheten vert god etter at innkøying av ny lokasjon er gjennomført.

- Reguleringsmodellen for inntektsramar (NVE) gjer det meir økonomisk fordelaktig for Mørenett å eige lokasjon framfor å leige. Eige-alternativet på Tussatun er difor meir interessant enn å leige på Tussatun.

Mørenett eig basebygget i Dragsund (bokført verdi 29,3 mill.kr) og det vert økonomisk risiko knytta til avhending av dette. Dette er eit viktig moment i arbeidsgruppa sine vurderingar. Dersom økonomisk risiko vert eliminert eller akseptert frå eigarsida vil dette ha betydning for val av baselokasjon i sør.

3.12 Samla vurderingar

- For drifta av Mørenett vil det kunne gje fordelar å verte samlokalisert med ein av eigarane, til dømes rundt samarbeid om fellestenester. For Mørenett vil det vere ein fordel å underbygge selskapet sin profil som eit nøytralt nettselskap med ein armlengs avstand til eigarselskapa og mot leverandørane. Dette vil og støtte Mørenett sin posisjon og vekstmogelegheiter i den vidare strukturutviklinga i regionen. Val av Dragsund stetter omsynet til nøytralitet sterkare enn Tussatun.
- Kundane vil få betre tenester frå Mørenett ved samlokasjon i sør og val av lokasjon med omsyn til konsekvensar for kundane er nøytralt mellom Tussatun og Dragsund.
- Etablering av fergefri vegforbindelser vil bidrege til å styrke forsyningssikkerheten i Mørenett sitt forsyningsområde. Ei realisering av fergefri E39 trasè mellom Volda og Ålesund vil på sikt redusere reisetid mellom Ålesund og Søre Sunnmøre, og Mørenett kan i større grad sjå ressursar i nord på Høgvoll i samanheng med beredskap i sør og styrke leveringssikkerheten til kundane. Ved ei framtidig realisering av Hafast vil drift og beredskap i området under Dragsund vere enklare å handtere frå Ålesund. Vidare vil realisering av Rovdefjordsambandet og bygging av Rovdefjordbrua gje Mørenett moglegheiter til å frakte ressursar mellom Dragsund og Fiskå (Vanylven forsyningsområde). Det er pr i dag ikkje vedteke gjennomføring og tidfesting av realisering av desse sambanda.
- Ut frå omsyn til beredskap og forsyningssikkerhet er val av lokasjon, på kort og lang sikt, nøytral mellom Tussatun og Dragsund.
- Både Tussatun og Dragsund er godt tilrettelagde baselokasjonar og begge er tilpassa Mørenett si verksemd i sør. Det er behov for begrensa bygningsmessige tilpassingar og noko meir på Tussatun enn Dragsund, men desse er av mindre omfang.



4. Tilråing og prosess for gjennomføring

Ut frå ei samla vurdering er arbeidsgruppa einstemmig samd om følgjande tilråing:

1. Dragsund vert tilrådd som ny hovudlokasjon i sør. Dette på grunn av økonomisk risiko knytta til avhending av basebygg i Dragsund. Denne løysinga har også fordelar for Mørenett med tanke på nøytralitet og armlengdes avstand til eigarselskapa
2. Dersom økonomisk risiko vert eliminert eller akseptert frå eigarsida, samt at nøytralitet vert ivareteke, rår vi til Tussatun som ny hovudlokasjon. Denne løysinga gir Mørenett ein fordel knytt til drift-og vedlikehald av kraftnettet samt omsynet til fleirtalet av dei tilsette. Dette forutsett at Mørenett sine etablerings-og driftskostnadar på Tussatun vert som vist i rapporten.
3. Arbeidsgruppa rår til at saka vert avklart i løpet av april 2017 med mål om gjennomført samlokalisering 1.1.2018.

4. Tilråing og prosess for gjennomføring - tidplan

	Tid
Avklaringar i styret og hjå eigarane	mars – april '17
Vedtak om baselokasjon i sør	innan 30.april '17
Informasjon til dei tilsette og førebu planar for bygningsmessige tilpasningar	mai – juni '17
Gjennomføre bygningsmessige tilpasningar og førebu flytting	sept – nov '17
Gjennomføre flytting	nov - des '17
Samlokalisering gjennomført	1.Jan '18

Til registrering



Jørgen Amdam

Ordfører

Direkte 95463942 Mobil 95463942

www.volda.kommune.no

Fra: Rune Kiperberg [mailto:Rune.Kiperberg@Morenett.no]

Sendt: 28. mars 2017 14:28

Til: Stein Aam <stein.aam@orsta.kommune.no>; Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>

Emne: Mørenett - Samlokalisering av Tussatun og Dragsund - Sluttrapport versj 1 17.03.17.pptx

Hei., viser til møte i dag i Ørsta. Sender som avtalt over sluttrapporten vår rundt samlokalisering. Kan dokke hjelpe meg med å få denne distribuert til formannskapsmedlemene? Eg har ikkje oversikt over kven som skal ha den og kva adresse dei har. På førhand takk for hjelpa! Er det ønskjeleg med meir informasjon er det berre å ta kontakt.

Venleg helsing

Bilde

Rune Kiperberg
Adm. Dir.
Mørenett AS

+47 91 18 57 86

rune.kiperberg@morenett.no

Stein Aam

Til: elling.dybdal@tussa.no
Emne: FW: Melding om sak på generalforsamling Tussa AS den 21.april 2017.

Ordfører i Ørsta melder saman med ordfører i Volda følgjande sak til generalforsamlinga:

På bakgrunn av drøfting i Ørsta formannskap, der også ordfører Jørgen Amdam i Volda var tilstades, ber ein om at sak "flytting av MøreNett frå Tussatun til Dragsund" vert gjort greie for.

Ørsta formannskap viser til aksjonæravtalen for Mørenett as punkt 4 om at hovudkontoret skal vere lokalisert i Ørsta kommune. Ørsta formannskap viser også til at ein reknar med ei heilskapleg økonomisk vurdering også for morselskapet før ei eventuell beslutning om flytting vert gjort.

Volda formannskap har Mørenett på sitt sakskart den 18.april.

Helsing

Stein Aam

Ordfører

Fleire mottakarar. Sjå liste

Vår dato: 02.03.2017
Vår ref.: 201605755-9
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Anine Mølmen Andresen
22959846/aman@nve.no

Ny transformator i Volda transformatorstasjon. Orientering om vedtak

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gjeve Mørenett anleggskonsesjon for ein ny 40 MVA transformator i Volda transformatorstasjon, som skal erstatte noverande 20 MVA transformator i stasjonen.

Grunngjevinga for vedtaket er at Straumshamn transformatorstasjon og 66 kV leidningen Straumshamn-Leivdal skal sanerast og den nye transformatoren saman med nytt 22 kV-nett vil sikre forsyninga av området sør for Austefjorden. Tiltaket vil ikkje føra med seg endringar i arealbruken for stasjonen.

Konsesjonsdokumentet og brevet «Oversendelse av tillatelse» som inneheld grunngjeving for tiltaket er tilgjengeleg på NVE sine nettsider www.nve.no/kraftledninger.

Grunna sakas avgrensa omfang, vart søknaden ikkje sendt på offentlig høyring.

Klage

Det er mogeleg å klage på avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga kom fram eller klagaren burde ha skaffa seg kjennskap til avgjerda, jf. forvaltningslova kap. VI. Partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (andre med spesielt nær rettsleg, økonomisk eller faktisk tilknytning til saka og organisasjonar som representerer interesser som vedtaket får verknader for) har rett til å klage på vedtaket. Å gje uttale eller på annan måte verte orientert om saka gjev ikkje i seg sjølv rett til å klage på avgjerda.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Ei klage skal vere skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Den bør innehalde ei grunngjeving og opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett. Etter forvaltningslova vil NVE vurdere klaga og forberede saka før den vert sendt til Olje- og energidepartementet. Vi føretrekk at klager vert sendt til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Siv Sannem Inderberg
seksjonssjef

Anine Mølmen Andresen
førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Grunneigarar/rettshavarar
Istad Nett AS
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statnett SF
Volda kommune

Kopi til:

Mørenett AS

Til Volda kommune

Vedlagt følger dokument **201605755-9 Orientering om løyve - ny transformator i Volda transformatorstasjon** fra **NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat**.



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Politidirektoratet

Deres ref.

Vår ref.
17/1415 - AAS

Dato
28.03.2017

Beslutning om geografiske driftsenheter i Møre og Romsdal politidistrikt

Justis- og beredskapsdepartementet viser til Politidirektoratets brev av 21. februar 2017, der meglingsprotokoll av 17. februar 2017 og beslutningsgrunnlag var vedlagt.

Saken gjelder organisering av geografiske driftsenheter i Møre og Romsdal politidistrikt. Det fremgår av protokollen at partene etter megling ikke kom frem til enighet om politidistriktet skal deles inn i to eller fire geografiske driftsenheter (GDE), og at man ble enige om å bringe saken inn for fagdepartementet som tvisteløser, jf. Hovedavtalen i staten § 24 nr. 3.

Det ble avholdt drøftingsmøte i Justis- og beredskapsdepartementet 6. mars 2017, jf. vedlagte referat. Uenigheten som var gjenstand for drøfting i departementet, var om det skal være to eller fire GDE i Møre og Romsdal politidistrikt. Arbeidsgiver, Parat, Norsk tjenestemannslag, Norges Politilederlag og Norges ingeniør og teknologiorganisasjon mente at politidistriktet burde inndeles i fire GDE, mens Politiets Fellesforbund og Politijuristene mente at distriktet burde inndeles i to GDE.

I drøftingsmøte redegjorde partene godt for sine argumenter, men begge partene fastholdt sine standpunkter.

Som avtalt i drøftingsmøtet har departementet fått oversendt en uttalelse datert 12. februar 2017 fra kommunene på Søre Sunnmøre hvor det fremgår at disse 9 kommunene går inn for fire GDE. I sakens dokumenter ligger også en uttalelse datert 20. januar 2017 fra Romsdal Regionråd bestående av 8 kommuner, hvor de støtter politimesterens ønske om 4 GDE.

Etter en samlet vurdering av saken har Justis- og beredskapsdepartementet besluttet at det skal være fire geografiske driftsenheter i Møre og Romsdal politidistrikt. Departementet forutsetter imidlertid at det foretas en forpliktende evaluering av organisasjonsstrukturen i løpet av 2019.

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo
0030 Oslo

Kontoradresse
Gullhaug Torg 4A
0484 Oslo

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org.nr.: 972 417 831

Politiavdelingen

Saksbehandler
Aase Skjebstad
22245143/90199154
aase.skjebstad@jd.dep.no

Vi ber om at Møre og Romsdal politidistrikt, herunder de tilstedeværende på møtet, snarest mulig blir orientert om dette på hensiktsmessig måte.

Med vennlig hilsen

Thor Arne Aass
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Vedlegg: Referat fra drøftingsmøte 6. mars 2017

Dokumentet er godkjent og sendes uten signatur

Felles arbeidssamling politisk leiing og rådmannen si leiargruppe - Grodås 27. mars 2017

Formannskapet/politiske leiarar: Jørgen Amdam, Fride Sortehaug, Odd Harald Sundal, Anders Straume, Margrethe Bjerkvik, Sølvi Dimmen, Sindre Rotevatn, Roald Espseth, Magnar Sunde, Rebecca Riise Bjerkvik, Hild Våge

Rådmannen si leiargruppe: Inger-Johanne Johnsen, Svein Berg Rusten, Jørgen Vestgarden, Rune Totland, Per Ivar Kongsvik, Asbjørn Moltudal, Berit Lyngstad, Rune Sjurgard

Kommunal samfunnsutvikling i det regionale perspektivet - innleiing ved ordførar Jørgen Amdam

Sjå eigen presentasjon.

Korleis bør kommunen som organisasjon møte morgondagens utfordringar - innleiing ved rådmann Rune Sjurgard

Sjå eigen presentasjon.

Gruppeprosess knytt til dei to innlegga

Kvar står vi og kvar går vi?

Gruppe 1

Skulestrukturen sentralt tema

Korleis kommuniserer kommunen med innbyggjarane i det daglege?

Korleis utnyttar vi ressursane?

Bør sjå Volda og Ørsta i samanheng sjølv om vi er i gang med ei kommunesamanslåing. Volda og Ørsta er tvillingar der "Ørsta er gut og Volda er ei jente."

Politisk tydelegheit overfor administrasjonen og overfor eigne innbyggjarar. Gjeld også overfor investorar. Tore å ta upopulære val for å få meir ut av ressursane. Gi administrasjonen tydeleggjere prioriteringar, kva ein politisk ynskjer.

Sentrum - periferi. Korleis byggje eit tydeleg sentrum ,og korleis kommunisere dette ut til innbyggjarane. Kvar set vi demninga rundt oss?

Viktig å mobilisere det politiske miljøet til å tenkje heilskapleg og ikkje drive enkeltsakpolitikk.

Må bli politisk samde, og så må ein verte tydeleg.

Gruppe 2

Skulestruktur sentralt tema. Korleis løyse dette i høve til skuleskyss.

Utfordring i helse- og omsorgstenestene med tenester til eldre på bygdene.

Vurdere å byggje bustader på bygdene når Studentsamskipnaden skal byggje studentbustader.

Paradokset - korleis demme opp nedgangen i folketalet på bygdene contra rasjonelle og effektive tenester.

Korleis leggje til rette for næringsutvikling på bygdene - td eksklusiv turisme, satse smalt/nisjer i staden for vidt og breidt.

"Skuleskip som kunne gå frå bygd til bygd"

Gruppe 3

Tilflyttarar flyttar til "heile pakken". Viktig for bygdene at dei har sentrum.

Spørsmål er om ein kan gjere noko med reduksjon i folketalet på bygdene, td attraktive tomter, gjere noko med kommunikasjonane, flytte ut kommunale kontor.

Når det gjeld skule og barnehagar så må ein bruke ressursane på ein fornuftig måte.

Drøfta korleis få eit sterkare og betre sentrum. Bygdene vert meir avhengig av sentrum når det gjeld service og arbeidsplassar. Vert kvaliteten i Volda sentrum dårlegare, så må ein reise til Ålesund.

Svært mange av huseigarane (næringsbygg) i Volda sentrum har lite kapital. Kan det vere aktuelt å samarbeide med bankane om eit utviklingsfond for å kunne ruste opp mv. Ev nisjesatsingar innan helsetenester. Behov for å sjå nærare på bustadbygging i sentrum. For å få eit meir levande sentrum, så må fleire bu der. Kvar kan det byggjast høgare hus. Viktig å få sentrumsprosjektet meir på skinner og få framdrift.

Behov for å få politisk semje.

Generell diskusjon:

Bør ha ei runde på dei sterke sentraliseringskreftene og korleis ein kan gjere noko med dei.

Kommunikasjonar - gode vegar og lett å kome fram er ein føresetnad for å kunne ha desentralisert busetting.

Kvifor ha ein restriktiv arealpolitikk når store delar går ut av produksjon i landbruket. Bør gjere ei sortering av areal.

Viktig å plante inn haldningar om å få folk til å bu på bygda. T.d Tennfjordområdet i Haram kommune som har utvikla seg med ca 1000 innbyggjarar på ca 20 år. Det er eit område som ligg mellom Brattvåg og Ålesund.

Veit vi faktisk kva folk vil? Bør vi ha ei brukarundersøking for å finne ut kva folk vektlegg for å busette seg på bygda.

Bør stimulere til å bruke animasjonsnivået i Volda, td til å få fram status og årsaks-samanhengar i kommunen gjennom visualisering.

Kommunen som barnehageeigar og skuleeigar - Innleiing ved oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik

Sjå eigen presentasjon.

Gruppeprosess - kommunen som barnehage- og skuleeigar

Kva skal vektleggjast og kva inneber dette av prioriteringar?

Korleis skal Volda kommune kunne skape eit felles overordna innhald der foreldre og føresette kan møte Voldabarnehagen og Voldaskulen?

Med utgangspunkt i at Volda kommune vert utfordra på å auke produktiviteten i både skule og barnehage. Samtidig er det forventingar til at god ressursutnytting skal kunne gi eit kvalitativt godt tilbod og eit likeverdig tilbod i dei insttusjonane som skal drivast. Kva vil vere ein framtidretta skulestruktur i Volda kommune? (I økonomiplanen er det lagt opp til at ungdomstrinnet skal samlast ved Volda ungdomsskule, men kva med barnesteget?)

I økonomiplanen er det lagt opp til å erstatte dei kommunale barnehagane med ein ny barnehage i Volda sentrum. Kva moglegheiter gir dette for å skape eit betre tilbod, og kva kan vere ulemper med ei slik samla løysing?

Gruppe 3

Fordelar med ein kommunal barnehage i Volda sentrum:

Ny bygningsmasse

- Fordel å investere teknologisk og bygningsmessig i barnehagane

Ulemper med ein kommunal barnehage i Volda sentrum

- Engeset barnehage vil ikkje vere der lenger, men ikkje nok barn til å fylle opp i dei barnehagane vil tilbyr

- Ein må tenkje nytt korleis ein skal løyse det trafikkmessige utfordringane med fleire som skal køyre til ein større barnehage

